

bokselskap.no, Oslo 2018

Olav Duun: *Storbrylloppe*

Teksten i bokselskap.no følger 2. opplag, 1920 (Kristiania/Olaf Norlis forlag).

Digitaliseringen er basert på fil mottatt fra Nasjonalbiblioteket (nb.no)

ISBN: 978-82-8319-426-5 (digital, bokselskap.no), 978-82-8319-427-2 (epub),

978-82-8319-428-9 (mobi)

Teksten er lastet ned fra bokselskap.no

Olav Duun

Storbrylloppe

bokselskap.no

Oslo 2018

[Svart-år](#)

[Børen bles](#)

[Tidna går](#)

[Det stundar til helg](#)

[Brylloppe](#)

[Etter brylloppe](#)

SVART-ÅR

I.

[5] Det lysna av dagen. Fjella fekk han først, det var som gleda tok dem, sea kvikna det til og lysna over både lande og vågen; svarte oddar og skjer kom fram og synte seg med stein og tangbed; glasrutene tok til og skjein oppi grenda. Det var ein fin haustmorgon.

Landvinden friskna til og strekte segla, og notbåtane kjente etter det, og gjekk, dei vart heimhuga som hesten og drog spellbåten med seg. Lettbåtane heldt seg under sørlande, i svartstilla, dei rodde visst med lodd enda. – Det kunde dei no gjerne, sa dei på Håbergbåten, men dei for sin part seglde beinast inn til brygga i Vågen, for her var vaska for sild i vågane i haust, det kunde ei blind kjerring sjå. No hadde dei ligge ute og lystra etter henne eit par månar og vel så det, kvar ei folkvêrs-natt, og aldri ein spord å sjå; no kunde det vera nok. Det var tredje åre no at her var svart. Her i sommar stengte dei ein topp med småsild – så ursmå, ban, at ho klædde nota. Korles var det, dreiv ikkje han Kristen Folden på Håberg på og kjørte småsild ^[6] *enno*, til frau? – Ja ha, vi gjødde da opp Håbergjorda, sa ein av notsettarane, han låg og hustra og småfraus på nothaugen. – Det vart no sommarfortenesta vår, sanna dei med. – Nå-å, vi har no røytt opp nøtene våre attåt, trøsta ein annan ein. – Han stakk fingerkoppene i maske for maske på stornota og sprengte sund, og fleire gjorde det same: Jau, ho var da søt nok, ein kunde ikkje seie anna.

No rann sola, og småbåra blenkte som sølvfisk all vågen innerter.

Men det var eit under lel, kom ein på, at det vart denne her nota som vart utsett for småsilda, at det ikkje like snart vart nybruke? – Ja, at ikkje Håbergen tok nybruke sitt og røytt opp! For her eig han da berre fjerdeparten i lag med oss. – Men det var no ikkje hans Kristen si skyld, at de ikkje hadde vett nok til å kjøre småsild sjøl, sa båtseglaren, ein firkanta liten ungdom. – Den som berre hadde tida til det, sa det trøytt og seigt. – Nei, du veit: gardbrukarane har aldri tid, til å stelle garen.

Dei tagde, og gjeispa. Dei hadde hørt denne lekse før, av fiskarane, og av husmannskrokane med i det siste. Ein to-tre stakk ut åra og hjelpte på farten, for skarsnåen var kald no i solrunna.

Det dåma sursøtt av brunne høy innant lande, det lukta mogen åker stund og anna, og lyng og myr, god lukt alt saman for den som har ligge uti vågagape og hustra og er saltsliten i kjeften av den evindelige sjøen.

^[7] Jau, han hadde rett, sa Jørgen Skare, eldste husmannen under Håberg; jorda, ho vart no den vissaste å ta etter, i lengda. Ein såg ho her dei trefire god-

åra. Folk sopa inn pengar mest dei vann: dei har gått som dogg for sol. Når du sluttar med sjøen, er du som skarven når han flyg åt berge; du er like tom. – Dei stemte i med, alle og ein, at det hadde han ein stor rett i ja, sjøen var berre fark, og eit hundarbeid attåt, dei kom til å slutte med han nokon kvar.

Men elles da, så var det ikkje anna enn larv og lus her i lande, sa ein av ungdommane, og rettno hivde han og fór. – *Det* var ho det rettaste ja, for den som var laus og ledig. Det var Amerika dei meinte på. Der kunde ein *leva* – det var ruskut kor rik han hadde vorte, han Jens Håberg, han fór dit kor ein tjugetreti år sea; og no skulde han vera ventandes heim?

Ikkje for det, han var da rik nok, han Kristen, gå og legg deg, ban! Her hadde han rava inn valdslotten frammed heile lande i fleire somrar, enten det så var med retten hell ikkje, og tent grovelig med bruke attåt; og garen i stand på karavis; og så denne armods søringen, som måtte sele han nybruke for spottpris – slik er det, når Vårherre hjelper folk. – Kjerringa har no hjelpt han Kristen da, meinte Jørgen. – Ho Åsel? Ho er da både snild og ærlig nok? – Ja, seier eg anna da? Nei, eg aktar meg for munnen min. Ho er så visst gudfryktig nok. Og det må vel stø han Kristen, meinte eg. – Rart at det skulde [8] bli slik gudsfrykt og stell på Håberg; det var ikkje for mykje av det slage i hans Anders si tid, – ja, han sit ho der enda han, det er så; men i den tida da han liksom var *til*, meinte eg. – Det var no for mykje det igjen; det går ikkje på den måten heller; som rimelig kan vera. Men dei sa det var ho Åsel som fekk Gjartru og mannen hennar frå Vågen; så at valdslotten fall til Håberg; og ho som plaga han til å føre sak imot Skarsvågkarane og fekk deling med dem òg. Slik vil dei ha det til; eg veit ikkje eg. – Nei sjå, du veit no aldri noko, du Jørgen. Du veit vel ikkje det heller du, at no vil han sele dette bruke? – Kven til da? – Til han Arnesen, Munderingsguten, mannen hennar Gjartru. Så seier dei ja.

Jaså, han skulde klå han òg no. Dei smått murra og smått lo. – Ja ja. Det var no han Kristen som hjelpte dem til Segelsund, ein kunde ikkje anna seie. Har visst skrive på tungt nok for dem. – Det vreid han seg vel ifrå, han Kristen, trudde dei. Og ho Åsel, ho kunde inga råd for det; gudskjelov.

Ja ja, sa ein av Karmennene. Lat den eine klå den andre. Han Arnesen har vel ikkje noko med å bli storkar, han meir enn vi. Faren var ein garmannstrave og

ikkje det slag meir. – Nei, du veit. Og her må ho vel han Kristen få fingrane i klemma da, og komma seg i *omstendighet*; visst han seler nøtene for god vare, – og *det* gjer han vel.

[9] Så kom dei på det, at det var rart han Kristen ikkje vilde vera notmann i år. Det var greinlig som han lukta svartåre føreåt. «Du hi ikkj tia te det,» sa ho Åsel.

Så, no var dei innmed brygga. Og der var Håberg-gubben sjøl oppi fjæra med vognene sine, stod og lesste på småsild så det lukta langan lei. Han hadde «drege åt» i gårkveld, for notlerva heldt ikkje lenger, og hadde ein heil vål på stranda. Han kjørte heim og la *kompost*, han kalla, det skulde vera ei ful oppfinning.

Han kom nedtil, da småbåtane hadde komme, kremta seg opp og vilde snakke med karane.

Sonen, han Peder, var notbas etter faren. – Det var ein lang, grann ungdom i tjugeåra, like høg som faren mest, men ikkje så knokut og hard, og andlete var fint og vakkert, men det var så tungt som det skulde vera nedlesst med alderdom og motgang. Han ser ikkje på faren, og seier ikkje eit ord, legg berre hendene på ryggen og stanar. Han ser utover på notbåtane. Båtane til nybruke ligg tomme bortpå vågen, store fine listerbåtar, med gavl og rull i atterenden, etter nyaste skikken; gammalbåtane små og svarte innmed lande, dei ser ut som dei har tent si tid og vil slutte. Så ser han tvert ned, glømmer både seg sjøl og andre.

Det var det, sa Kristen, og han snakka lågt, at her var komme slik sprengtidn ifrå Nordland, silda gjorde landgang så det var grove spell; [10] og prisen var *stor*. Kor mange var dei som slo seg med, om nybruke skulde i veg?

Dei spurte i staden for å svara, og anna hadde han knapt venta. Han gav seg tida og fortalte. Han hadde vore i Valvære i går og hørt seg for; hadde råkt han Kasten sjøl; så det var da *sant*. Telegram! nikka han ut over dem, og det var nagle som drog. Kven som skulde vera notmann? Han klødde seg i nakken og såg som snarast bort på Peder; men *han* stod stod berre der han stod. – Det bli vel ei råd. Vi får no vel han Kal Juvika, han Kal Jensa; eg var der og tinga jakta til lossement; så slær vi kanskje i hop deira bruk og vårt; så bli det eit som er å gå i veg med.

Han Kal hyra vel, men enn han sjøl da? Eller han Peder?

Ein fekk no sjå. Det vart alltid eit stell på det. Og dei fekk tenke på dette her; han måtte ha full grein til i kveld; det fekk gå fort for seg. Og så måtte dei skjefte opp denne stornota på berge her, for ho var ikkje meir hell så laglig tør innunder, visst.

Dei gav seg til med det. Og når ikkje Peder var i nærheita, sa dei ord om anna, at dette her høvde godt, visst no skulde selast, for no kom søtaste enden av nota nedunder.

Og nordlandsturen og det – det var no så si sak. Gammalkarane vilde helst vera fri; og husmennene hadde både pliktarbeid og anna. Ungdommen var heller ikkje så huga, just, sjøen ^[11] baud dem imot; det kallast ikkje nothund for ingen ting. Og i haust vart det storbryllopp på Segelsund, fekk ein komma i hug, dei var fleire som venta seg ei bløyte da. Fagergåsa, dotra hennar Gjartru, skulde giftast med sonen til dyrlægen; det vart full helg.

«Der ligg søtkaka vår,» sa Jørgen Skare og breidde pressenningen over nota; så såg han opp på Peder, og spurte om han vart med nordover.

Peder snudde seg halvt ifrå han og gjeispa. – Veit ikkje eg. Trur aldri det nei.

– – – Faren spurte om det same, da dei var i heimvegen, og han fekk same svare. – Du gjer som du vil, veit du, sa Kristen.

Peder drog opp ein utidug liten hånflir, og geispa att.

«Du kan reis sjøl,» sa han.

Kristen tagde, og jaga på hestane. For same kor vant han var med det der frå han Peder, så gjekk det som ei rasp over han.

II.

Åsel spurte ikkje Peder om han skulde ta bruke, ho spurte Kristen.

Det vart visst ikkje til det nei, trudde han. – Får inga grein på han, eg; berre eit bøkklutⁿ¹ svar, som eg plar få.

Nei nei, sa Åsel. Han var no visst ikkje så sterk heller, etter denne lungestyngen i fjor; [12] og større huga på sjøen hadde han aldri vore. Og her var nok å gjera heime. – Du slit deg ut, sa ho og såg oppetter Kristen. Du heng snart ikkje i skinne lenger. Drengen bli det ingen ting med, og ikkje er husmennene likare. Du har gått som ein slave alt sea du kom hit til Håberg. Skal du ut alt? Du får da vel kvile etter maten lel, som anna folk?

Ho såg etter han, smilte lite grand da ho hørte murringa hans i døra. Ho sat med hendene stilt i kors, da han snudde og kom inn att etter pipa. Andlete hennar var lyst og ope, men ikkje til å lesa i; det stod ei rolig makt ut ifrå det, som fekk ein til å ta åt seg auga, og det gjorde Kristen. Han hadde aldri fått til kva det var ho såg på ein. Han stod og småmurra med han stoppa i pipa, det var vise hans. Åsel snudde han helst ryggen til, når ho sat slik som no.

Men det var det ja, sa han da han var i døra att: Skulde han Arnesen komma hit med han var nedmed sjøen, så fekk ho berre sende han nedover.

Kom *han* hit? I dag?

Nei, han visste ikkje. Men ikkje umulig nei. Han hadde eit lite erend.

Kristen hadde tenkt seg ut no, for ålvor, men Åsel snudde han i døra, liksom ho hadde eit band i han; det kom både høgt og hardt:

«Han snakka frampå om å kjøp gammelbrukje, her om syndan med kjerkja.»

Gammalbruke? Men var det så likt det var [13] kjøpande da? Ho stirde på Kristen mest som ho bad for seg: «Æg syntes dem forteld det e opp-rotti, æg?»

Så vart vel prisen deretter da. Han såg opp, og ein kunde mest tru han smilte: – Du har ho stått for og hjelpt dem til Segelsund. Eg får hjelpe dem til notbruk; så dei kjem seg i gang. Han Arnesen, han vil ikkje ligge i dauvatne.

Nei, det hadde han rett i. Stort skulde det vera, og større enn stort. – Og gjorde vi gale i det at vi hjelpte dem dit, så veit da Vårherre at eg bed han om tilgiving! Ho sat litt og togg seg på leppa. – «For æg veit ikkj æg, Kresten, ka som va rett hell ikkj. Den der gongjen.»

«Ja slett ikkj æ.»

Men hadde dei noko å kjøpe for da, trudde han? – Det fekk dei no høre.

Pengane på borde, visste ho, for dei andre eigarmennene si skyld. Arnesen hadde visst tent litt sør i Bjønnør med den litle notfilla si. – Vi får hjelpe dem det vi er godtil; så har vi da gjort *det*. Åsel reiste seg, og no hadde uroa brennt seg igjennom alle draga i andlete, no først kunde ein sjå kor smalt og fint det var.

«Æg hi vøri så il' ut fer det der i lang tid. Dem klyv så formasteli høgt.»

Kristen murra, at høgste stråe vil no gjerne småmauren oppå, og det fekk ein ikkje legge på seg; så sette han på seg huva og vilde komma seg ut, endelig ein gong, for Åsel, stakar, ho ^[14] vart verre og verre så hårsår og ille ute for all ting, det høla henne reint ut innvendig, og kva var det godt for?

Da kjem Marjane, den yngste av smågjentene, springande inn med anda i halsen og forteler, at no er her frammandfolk i garen, ho moster og han mostermann frå Segelsund, dei *er* her, utfor stubrua!

Kristen ser fort på Åsel og ho på han. Så lettner ho litt over åsyna, liksom ho har set at Kristen han går ikkje lenger enn han skal og *må*.

Hm! seier han, og går ut og skal ta imot, Åsel etter, og kastar av seg gammalforklæe med ho går; ho ser seg att i døra, om stua er til å be folk inn i. Jau, dei kan komma, i gudsnamn.

Arnesen står just og hjelper Gjartru utor kjerra. Det bli stor helsing og stas; det er halvåre og vel så det sea dei var her.

Gjartru såg yngre ut enn søstra, enda ho var ikkje så lite før av seg, og vakker var ho mest som med ho var gjenta. – Ho er no ikkje i hattstand lel, tenkte Åsel: men elles både kåpe og stell som den likaste storkarsmadammen. Gjartru kom beint på søstra, lo og fortalte og snakka henne ned: Ho måtte sjå hit, når Arnesen kjørte likevel, det var jamenn rart å treffe Åsel, – og enn slikt finvêr dal

Åsel byd dem velkommen, og får dem med seg inn. Ho og Gjartru går føre, dei to andre kjem etter, og drengen sørgar for hesten.

Arnesen var ikkje mindre ung og vakker ^[15] enn Gjartru, ein kunde ta han for 30 år berre, og enda var han vel så 40. ⁿ² Han hadde vore kongenskar, kunde ein sjå, han hadde vore sjersant til og med, og hadde tvinna bartar, og ein liten skjeggstupp på nedreleppa. Han var liten imot Kristen, men han gav ikkje etter for

det. – Han bukkar trygt og fint, i det same han stig inn føre Kristen, han er tå dem som kan.

Jau, han hadde komme for å høre om det der som Kristen visste.

Kristen slo ikkje større etter det enda. Dei fekk no komma til gars først, og sjå dei fekk sitte; og så var det skikken å by langferdingar skjenk. – Du er vel ikkje ute og hentar varme? sa Åsel.

Gjartru var uti kammerse og helsa på faren, og Arnesen kom etter.

Anders var blind som han hadde vore, og heldt seg i hie han kalla, ja, og frisk det var han, takk som spurte. Om han vart lei av å sitte her? Å jau, medkvart så; men det går no å sitte òg, sa kjerringa, ho reid på tremærra. Elles var det ikkje stort han sa, og heller ikkje hadde dei stort usnakka med han; det var liksom så for lenge sea sist. Han var noko fåen og bleik, og hadde falle utor utrulig, men så var han no over 70 òg.

Da frammandfolke hadde vore ved borde, sa Åsel til Gjartru, at no trudde ho dei to gjekk åt andre stua. – For det karane har seg imillom, det forstår vi oss visst mindre på, sa ho.

[16] Ho hadde bytta på seg ein nyare kjole, ein fin, brun, heimevevd ein, og hadde sletta til håre litt. Peder var innom og helsa på «frammondan», gjekk berre gjennom stua og synte han ikkje var redd dem. Han var ålvorsam som gamlingen i kammerse, men såg for resten ut som han gjekk og beit i ein liten kaldflir. – No har alt ho mor komme seg, sa han med seg sjøl; no er ho i jamhøgd med Gjartru, og rettno er ho over henne. Og han far, stakar, med nasen fram, så dei kan snyte han alt dei vil. Men ei dyr snyting, forstår seg, for dem som gjer det. Skjel meg ikkje.

Gjartru hadde fått i Arnesen, den tid ho var i Valvære og var «husjomfru». Han var der på bua og på brygga etter som det hōvde. Åsel hadde vore imot at Gjartru fór dit, det såg ut som skire jålskapen for henne, og ho var imot at ho tok Arnesen, for det var ein sprett og ein ingenting, ein heimlausing, og når to ungar kjem og forteler dei er så glad i einannan, da må ein flire. Gartru vart harm, og Åsel slikt slag, og det åt om seg med åra, for dei syntes så smått dei tok til og kjente einannan. Arnesen og Gjartru prøvde seg mange stader, og kjøpte sistpå

Vågen her under Håberg; men det gjekk skjeis for dem der òg. Så hadde Håbergfolke hjelpt dem til Segelsund og hadde tatt Vågen att, og åre etter tok Kristen inn 1000 dalar i valdslott dernede. – Likevel meinte søsterne, at når dei berre fekk snakke skikkelig med kvartanna, så skulde det jamnast ut. Men for kvar gongen hadde det [17] gjerne komme ein ny kile imillom dem. Gamledagane vilde ikkje komma att.

Gjartru måtte snakke for dem båe i dag. Det var dette brylloppe som låg over henne, der var tusen ting å tenke på, for eit skikkelig bryllopp skulde Mina ha, dei hadde ikkje fleire enn henne å gifte bort, og det var ikkje meininga ho skulde skjemmast for dyrlægen sine, – ja, for det var fint folk i dem, ikkje sant?

Åsel la litt på hovude, der ho sat, og såg bort i andre veggen: Dei er meir enn det. Dei er *bra* folk.

Gjartru lo: Ja, det er sant, du er imot alt som er fint du. Du vil vi skal ligge der vi ligg. Som han far gjerne sa.

Han Arthur, sa Åsel, det var endelig ein som hadde lært det rette. Å drive ein gar.

Ja, men Åsel gjorde ikkje å tru han skulde bli nokon gråbonde for det om han hadde gått landbruksskolen. – No kjøper han seg ein storgar og legg i veg med ein slik skole sjøl, kva seier du om det? Og det her i bygda, hm? Enno er ikkje Håberg-folke borte.

Ja visst, ja visst. Men Åsel sat som ho lya etter eitkvart anna, innanfrå andre stua. Så seier ho, best det er: Men skal de virkelig rå til notbruk no da?

Ja, ho smikkar han til. Trudde du det var berre Håbergfolke som skulde tene seg rik på den tingen? Du kjenner ikkje Arnesen, du, det [18] har du aldri gjort, men eg er glad vi kom oss laus ifrå Vågen her og kom dit han høvde. At vi fann framtida vår.

«Hm! hm!» sat Åsel og mumla. «Som æg tenkt det ja. Som æg tenkt det!»

Men her skulde ho høre nytt, sa Gjartru. Visste ho kva dei fortalte? Om han Peder her?

Åsel såg tørt og visst på henne.

At han heldt på og forlova seg! Jau, det var tydelig sant, og kunde ho gisse på?

Åsel hadde hørt som ei meining om at han – – ja, borti Juvika, ho Kjerstina –

Nei da, nei da! høgre opp mor! Med ho Andrea til dyrlægen. – Vi kjem til å bli i slekt på ny rekning, skal du sjå. Ja da. Han har no vore der i *to* nætter, det folk veit om, og ein slepp ikkje inn der, san, utan det er ålvor i ferda. Kva?

Når var han der?

Ja, han var der no siste laurdagskvelden, vilde ho vita det.

«Det e løgn! For den kvelden veit æg han va heim.»

Gjartru såg forundra på henne: Men kunde han vente å få nokon likare enn ho Andrea da?

Likare? Åsel halda seg attover i stolen og såg på søstra, med ein liten smil oppetter eine kinne. – Det er no så med oss da, Gjartru, og det gjer du vel i å komma i hug, at det er ikkje all verda tilmåta åt oss. Du kjenner det du òg, når du vil. At det *heng over oss*.

[19] Gjartru vart raud, og reiste seg. – Nei nei, ho Andrea høvde kanskje ikkje til garkone heller.

Åsel sat litt og tenkte, med auga i golve. Så ser ho opp. – Ho Andrea er ikkje den som set nasen for høgt til vêrs. Og det trur eg no da, at til Juvika burde han ikkje fara etter gifta si. Men ikkje så at *eg* legg meg borti det.

Dei fekk heller sjå inn åt kallane sine, sa Gjartru, og Åsel kom og vart med. Men i gangen tek ho handa til Gjartru, ho er ikkje godfor anna:

«Læt ikkj verden ta dæg, Gjartru – læt oss ikkj klyv fer høgt!»

Gjartru smilte berre, som ungdommen til alderdommen.

– – – Arnesen stod just og vilde ut etter Gjartru, og Kristen nikka og var enig, at det var kanskje rettast ja å høre kva ho meinte. Men da rettar Arnesen på seg: han gav seg sytten om kvinnfolka! Her var pengane, ta imot og tel etter, – kontant er kontant, seier vi forretningsfolk. Og låne kan stå ja, og så tar vi og skriv *kjøbekontrakt*.

Han gjer seg ein sving over golve, og Gjartru bli hengande etter han med

auga; han er så høgt ovanom dei andre. – Det er trøysamt når folk handlar, sa ho til Åsel – Veit ikkje eg, sa Åsel. Handel og det – er eg ingen hund på. Det smakar hestebyting og kortspel tå det.

Men skulde dei ikkje sjå på stasen før dei handla? Kristen løfta auga oppetter Arnesen.

[20] Ja visst, Arnesen hadde ikkje anna tenkt, og så bar det nedover til sjøen med dem.

Kvinnfolka kom seg ikkje i snakk meir. Gjartru snakka om brylloppe, og Åsel hørte ikkje etter. – Den som visste kva som var rettast! sukka ho eit par gonger.

Karane kom att, og Arnesen skreiv kontrakten og las han opp. Kristen tok oppatt kvar setning og kjente på han. Jau, det var fint, det der. Og så var ein fri krangel etterpå.

Det vart seinkvelden før dei fór.

III.

Åsel snudde seg til Kristen, ei stund etter att dei hadde fare. Men det var så liten mon i om *han* måtte sjå opp på henne; auga hans seig berre inn i hovude, vart borte i blå skodd.

«Du trur ikkj' han kjøft fer dyrt no da?»

Kristen rista på hovude. Så vakna han til og tenkte på det: Trur det skulde bli så tålig rett kjøp ja. Kunde ikkje ha selt billigare, stort, om det hadde vore mitt eige bruk.

Åsel lettna: Nei, det var det, at det var ikkje vårt berre. For eg er så rædd dei er veike, nøtene, eg har hørt i det. Og det er farlig, slikt. For oss, Kristen. Eg kunde ikkje seie det med ho Gjartru; for det var å skade dei andre eigarane, og dei sit smått i det.

Kristen rota i vestlomma og fann fram ei gammal skrå, og så drog han på smilen: Det bli [21] no mest det same kva slag nøter *han* får i. Han røyter opp dem, kor som er. Men ein dyktig kar, eg vil ikkje anna seie.

«Det mein du ikkj, Kristen!» Raudleten flaga over dei tynne kinna hennar og seig bort att. – Nei, det er berre ho Gjartru som bles han ut. Ho har blåse til ein heil stormann av han; berre det ikkje går på raus med dem snart. Og med oss òg – eg er så rædd. Åsel har snudd seg halvt ifrå han og står og mumlar med seg sjøl. – Det er vi som skulde ha tankane både for dem og oss. Folk veit ikkje det sit ein og vaktar over dem; dei veit ikkje kor smal vegen er. Vi er ikkje under loven, står det einstads. Jau, *vi* er under loven. Og Gjartru ho eig ikkje tanke for det.

«Det hi no gått bra hiten-te, Åsel.»

«Ja, med Guds hjølp så.»

«*Det* forstår sæ ...»

– – – Det same sa folk i bygda. Vårherre hadde vore dem ein god mann. Dei sa det gjerne slik, at Åsel ho sikta, og Kristen han skaut, og lukka sat med dem som bekk. Det var ikkje til å skjønna seg på. Med han Anders grasserte, var det eit anna mål; han var no *Anders* han; men dei to her, kvifor skulde dei få slikt tjuvtak på verda støtt, dei meir hell anna folk? Motgang hadde dei havt, det var så. Eine veikjungen deira var dauvstumm, ei sorg og eit kors, og halvvore som eit fingerpek; og for eit par år sea døde eldste dotra i tæring, for det at mora [22] nekta henne å ta den ho vilde, vart det sagt. Men folk fekk ikkje anna til, enn at dei på Håberg slapp billig. Det monna fram støtt. – Om det så var Peder, som hadde vore ein trollunge og ein galning, så tok han at og folkast til ho etter kvart. Han var så nask etter gjentene; dei hadde venta å få spørre både eitt og anna; men no såg det ut som han seglde seg sjøl i hamn, og Åsel kunde takke Vårherre att. Han var god med henne.

– – – Åsel måtte sjå lenge etter Peder den kvelden, før ho fekk han på tomannshand, og enda var det verste att: å komma i snakk med han. Det var år og dag sea ho hadde snakka med han, ja, ho kunde knapt minnast når sist var. Javisst svara han, men det var liksom ikkje på det ein spurte om; og ofte kom orda så gaputte og villkåte at det kunde skræme ein, og enda såg han ut så tungsint at ein helst måtte gi han fred.

Han sat utpå bakken og røykte, da ho kom; han sat ofte der i mørkre om kveldane. Ho prøvde både eitt og mangt ho kunde ta til med, men det stod som i

stein, og det litle ho fekk sagt, snakka ho seg berre lenger ifrå han med, – så bar det ikkje bedre til enn at ho snåva i veg og spurte beint ut: Var det sant han fór hoss dyrlægen og fria? Folk fortalte det? At han hadde vore der ja?

Han tar verkeleg pipa utor munnen og ser på mora.

Åsel kunde sjå det i mørkre kor vakker han var over brunene og auga. Ikkje for under dei [23] låg etter han, gjentene, og kalla han vakker guten. Det fór som ein frost gjennom henne, korles det kunde ha gått om ikkje Vårherre hadde vore.

«Ja, æ fria og fria bygda rundt, og ja får æ, kor æ attåt kjem, fi fanken! Men for resten e æ no undskyltd dender gongjen.»

Ho ser på han, ho legg all si makt i det, og det går med han som med alle dei andre, at han må sjå henne i auga som snarast, og så ned att.

«Du va no heim, natta te laudags? Og natta te syndags ò?»

«Ja da, ja da. Men ikkj natta te måndags. Men æ va ikkj *der*, san.»

«Du e no din eigen herre, veit du. – – Men enn'n Ola da, morbrorin din? Visst han –»

Peder røykte. Han hadde svara det han skulde for i kveld.

Ola Håberg var klokkar i bygda her. Han var slik meister til å synge. Han hadde vore forlova med Laura, eldste dotra til dyrlægen, og ho var død for 3 år sea. Ingen kunde sjå at Ola sørga større over henne, det var ingen som venta det heller, av han, og no fortalte dei han var i god gang med Andrea, søstra; no er det henne han syng for, sa dei, og ho som heng med og spellar. Dei vart like slug på han støtt, og gav ikkje stort for han, han var spellmann så det halve kunde ha vore nok. Men kven annan enn han skulde Andrea ta, her i bygda?

[24] Åsel hadde tenkt det same, og ønska det òg. Det var først i kveld det såg ansles ut. Herre gud rett, skulde ikkje ho Andrea bli anna enn klokkarmadam.

Det var djup og still kveld, ein av dei første haustkveldane; ingen måne og ikkje stjerner, kornstauren stod i mørkre bortetter åkrane og puska med aks og strå, lauvskogen drypstill omkring. Kveldskingla skjena som dauvstumm fugl over tak og tre, utyske-vengene fram over hovude liksom ho vilde kjenne seg for, hit, dit, utan ein lyd. Hestane gjekk nedpå håa og gnog; det låg slik lodden og

varm ein tone kring dem i mørkre; det kjentes halvvore som ein atterlyd frå tusen andre kveldar, det var sjølve gammeltida som låg her og dorma.

Så nær Peder hadde ikkje Åsel vore før, syntes ho. Å nei, san, det hadde vore langt i millom folke her på Håberg, alle åra; og så jamn ein strid, her hadde vore ørk og aldri helg, live hadde tatt råa tå ein. Same kva som kom i tanken, så ranns det bort att.

Ho sat og såg attgjenom tida, og ho tenkte høgt før ho vardest. – No når det tagna med verste duren kring oss, lel. Heretter kan det komma for ein så mangt. Både av det som er gjort, og det som skal bli. Eg veit mangein gong ikkje om det, før det er gjort. Både det som er vist og det som er gale. Han far din, han går så stødig i veg. Kjem aldri for han at ein kan trø i mist, at ein kan gå seg borti gæliheita. [25] Eg var den som skulde vita bedre. Eg som veit det. Men som sagt, ein ser det når det er for seint. Og så har ein no sitt og sine å tenke på – eg *måtte* sette litt gjøt i han Kristen somtid; så ikkje dei andre skulde eta oss levandes opp. Som både med Vågen og valdslotten; og med kirkeflyttinga og det. Dei snakkar om pengane, folk, at vi fekk sele tomt til kirka. Kirka måtte hit, ho. Ho kom sjøl å kalle. – Gjorde eg gale med kvart, så var det for det gode meint. Men, som han far sa: vi er *under loven*. Den som visste kva han meinte med det, enda!

Kva for noko? Peder spurte brått, med pipa utor munnen.

Åsel såg opprådd på han. – Nei, eg veit ikkje eg. Det var berre noko han sa ein Gong.

«Det va du sjøl som sa det, mor.»

«Ja, *sei* du det?» Ho sat still ei stund. – Eg fekk vel som ein støkk i meg, den gongen ulukka kom over han far. Før, da kunde eg sette meg for og vente. Det som skulde hende, det kom. Gjekk aldri verre nei. Sea har det vore ansles å kjenne på. – – Men det er somme folk, Peder, som det følger berre godt med. Ein veit det, straks dei snakkar, straks ein ser dem. Som ho Andrea. Nei, eg meiner ikkje det at ho var den rette her, etter meg. Det vilde vera synd òg, mest. Men ho har det gode med seg. Det vil henne vel. Ho, ho hører til på andre sida. Ho er ikkje under same tunge handa som vi. Men som sagt, det er for høgt opp til henne ja.

[26] «Men dem e søt som honningkak', nøten han far seld i dag.» Peder kaldflirte med seg sjøl, banka utor pipa og reiste seg. Måle hans skar i kveldstillå som ljå i gras, lenge etter orda var sagt.

«Du sei no ikkj det, Peder? He?»

«Nei, gu om æ det ska gjera, nei. Men plukk-rottin e dem. Og løkk på reisa. Tvi fan, ho e søt heile vala!»ⁿ³

«Nei, men Peder! – – Ja ja ja, herre gud.»

Han gjekk sin veg bortgjenom mørkre, og Åsel stultra av inn. Kor var dei andre borna, tru? Først var det Marta ho måtte sjå etter, ho som var dauvstumm, for ho var sjølrådig så det var ei nød, og den ein minst vilde vera av med like vel. Gudskjelov, ho var inni kammerse hoss'n morfar, i lag med Marjane, litleveikja. Dei kraup inn der gjernast, når det var mørkt. Elen hadde gått på lofte og lagt seg. Henne var det aldri farlig med. Når det berre hadde vore litt meir *om* henne, såla – kvifor åtte ho ikkje det som kunde kallast mot på live?

Det kvilte i natt og fred, heile huse no snart. Det gav slik trygd, når ho hørte huse i kring seg, kveldstider. Der budde liksom ein god ånd i det, eller kva ho skulde kalle det; det kunde ikkje gå verre enn Vårherre vilde det. – Og nøtene, dem var no han Arnesen sjøl nedover og såg på.

[27] Og der kvitte det på kirka. Åsel såg dit mest kvar kveld før ho la seg. Litt kaldhustre var ho, i mørkre slik; det tok urimelig med tid før ein fekk henne til kjending og venn.

Peder såg òg kirka, der han gjekk. Han tok seg ein tur millóm kornstauren på Langåkeren før han gjekk og sette inn hestane. Kvelden var ei god tid å gå i. Og det der *var* inga kirke, i grunnen, han kunde gå her svartaste nattens tid og sjå henne beint inn i andlete. Og hadde han treft ho Andrea her, slik han gjorde den kvelden før, så skulde ho ikkje ha sloppe så billig ifrå det. Der borte var det dei sat ja; og hadde han tatt i kring henne for ålvor, så sjøl veit –

«Fer veikjan borti gåran, dem e æ snart lei tå,» sa han. «Inga trøyheit ti dem. Finns ikkj ting så trøysam som det som e ulovlig; og for resten finns det ingen ting som e trøysamt, – det va i gammeldaga, det.»

IV.

Da Arnesen og Gjartru kjørte heim om kvelden, møtte dei Ola Håberg, klokkaren. Han snudde, og vart med og «sat på» eit stykke. Vegen var flat og god innover myra. Ola budde på Vollan, ein gar som ligg midtvegs millom Håberg og Segelsund, men eit stykke frå kjørevegen.

[28] Ho skjønna no kor *han* hadde tenkt seg, sa Gjartru. – Sei meg heller kva du ikkje skjønna, sa han. For eg skulde bort til dyrlægen, ja, du har rett i det. Men eg skulde ikkje anna enn sjå gjennom noko notepapir, der fór du skikkelig vill. – Men eg skal seie deg ein ting, eg, Ola. At du skal passe på, så dei ikkje ét av agne for deg. Beint ut snakka: Han Peder er i vage no, og han er ikkje å spella med, veit du vel. Har du ikkj forstått nokon ting du? – Nei, Ola hadde ingen ting merka. – Ja, han hadde no vore der *ei* natt, og kanskje to, og dei hadde sitte ei heil natt attom kirkeplankane og forlova seg. Så no fekk han akte seg at han ikkje vart for sein. – Eg *er* for sein eg. Han Ola Forsein, veit du vel. – Du skulde no ikkje gjera dem på Håberg den gleda lel, å bli for sein den her gongen. – Nei, eg skal vera så båg som eg er mann for. Ditt skal vera mitt, her i verda. Elles er det ingen smak i det.

Ola vart med dem heilt heim. Han var mørkrædd og torde ikkje heim att, sa han.

Det var mest midnatt da dei kom til Segelsund, men der var lys i vindauga både oppe og nede. Dei undrast kva det kunde vera som stod på no.

Ein drykkjen mann reiste seg bortmed stabursveggen og kom snåvande; han smått song og smått banntes, men vilde ingenmann vondt. Bortmed brunnen var det visst òg noko levande, hesten vikte til sides og snøste, så Arnesen måtte opp [29] med sveipa. – Fan til leven støtt! murra han. – Huff, Johan Martin, du skal ikkje bannast slik i mørkret bad Gjartru. Arnesen smelte med sveipa, at drengen skulde komma og ta hesten, og dei kom to mann sterk, med løkt enda.

Da dei var på stubrua, kom Mina farande imot dem med lampa i handa og to av tausene i hælane på seg:

At dei virkelig *kom* heim ein gong da! Dei kunde ikkje tru kor ho hadde venta

på dem! og kor hadde dei halde til heile tida? Ho var bleik og opp-øst, gådde knapt at Ola var der. Og no vart det ei forteling på henne, korles det hadde vore i kveld: Den eine etter den andre kom her og drakk seg full, stygt folk alt i hop, husmenn og nothund og kva det no var, – han Sefanias Bruraskare hadde komme heilt inn til henne og vore *opstanasi*, så ho måtte ta i han for å få han ut att! – Inn her! Gjartru vart harm så ho stegla. – Men du skulde aldri *ta* i dem, Mina, du skulde berre sjå på dem, til dei kraup. – Trur du ikkje eg gjorde det da, mamma? Men når det ikkje nytta så! Og så bar det i hop med dem uti garen her, så blode rann, og så måtte eg ut, eg måtte skape meg ryss åt dem, og enda var det armelig nok dei lystra – du skal ta dem for deg i morgo, pappa! – Du kan vera stø på dem får sitt, sa Gjartru. Arnesen murra berre.

Men det verste var no nedi borstua lel! fór Mina i veg, og no grøste ho all igjenom, og auga [30] vart store og stive i henne. – Ja for dei hadde regjert slik der, med kortspell og bannskap, at han Gammel-Erik sjøl kom og skræmte dem på dør, og no sit han dernede og spellar kort, dei han sjå han kven som vil – eg vil herifrå, mamma!

«E du gælin du, e'n fram no igjen?»

«Ja, vi så 'n all i hop i en blå låga, med rau topphuv og med honn og stell – –»

«Du skuld mest ha tikji bibeln åt 'n, og vettskræmt'n,» sa Ola.

«Tøv!» sa Gjartru. «Vi opplyst folk trur ikkj på slikt lenger».

«Og 'n Johan-Arn Finnvikja tok øksa, han, og la av in, og da forsvandt 'n, men så var 'n der straks igjen, vi hørt'n romstert der, og korta dem daska i borde – han bli verre og verre for kver tid, her i gården! Og no har tjenestfolka rømt derifrå og på lofta her, dem tør ikke ligg der mer, det tør ingen dit mer!»

«Spør mæ du,» sa Ola.

«Du får ikke *lov!*» ropte både mor og dotter. – Og elles så var det berre tøv alt i hop, sa Gartru. Folk misunner oss, det er det. Og spøker gjer det i alle bedrefolks hus, det hører til. Åsel kan tru på slikt, og alle av det slage; ho skal bli glad, når ho får høre det.

Mina sat bleik og still på stolen sin, med karane var i skape og fekk seg ein

liten kjørar-dram. – Vi *må* herifrå, sa ho endelig. Vi skulde flytte til byen, mamma, minst! – ban, sa Gjartru. Det var no så det. Men lite grand ^[31] skal vi vel ha gjort i bygda òg, vi kan vel ikkje laupe beint ifrå henne. Det skal dei no få sjå først, både på Håberg og andre-stads, at vi har vore her.

Det sa han Arthur og! Mina vart glad som barne: Ei ny bygd, seier han, og det synes eg er vakkert. Vi skal arbeide henne fram, seier han, så bli her ei anna tid for folk, når dei har jorda å halde seg til, så bli her ikkje svartår meir og anna elendigheit, – han har det så stort og vakkert for seg, ein kunde springe på varmen for han!

Ja, sa Gjartru, det var vel ikkje meininga ein skulde bli sittande og surne i kvar si stue, som ho Åsel gjer. Kva seier du, Ola? Eitkvart må ein da vel ha å streve for, så ein ikkje sig ned i myra? Det er vel opp vi skal? og ikkje ned?

Jau, det var sant og visst. Den som berre vart med. At ein ikkje vart for sein.

Mina såg mest hatsk på han: – «Huff, *du!* Ingen vet kor du holder til – *dæ* kund ingen bli glad i!»

«No bruka du uverja på *mæ*,» sa han stilt. «Og det kan æ alltid tegji *dæ*; så va du da ikkj Fagergåsa den stunda.»

Men kva var for resten ein gar? dreiv Gjartru på. Er det ikkje heile bygda vi skal tenke på? Kva er i grunnen Håberg, sei meg det?

Nå, for somme var det vel ikkje så lite, reint, – Ola såg på skrå oppetter vegg. – Men no vil eg legge meg. Eg vil sjå ned i borstua, åt han som er der.

^[32] Det vart til det at dei måtte la han få viljen sin. Dei vart med nedover alle tre, og reidde opp til han i kammerse, i råsstreng-senga.

«Du klarer det ikke!» sa Mina da dei skulde gå. «Da er du ingen – bonde!»

«Det va just det æ villa sjå. Klara æ det, Mina, da – da bli vi skyldfolk frå ander kanten du og æ – lik vel.»

«E det sant?»

Ho lyste i auga no, og brunene og munnen og kvart drage i andlete synte seg så vakkert det var. Dei hadde ikkje git henne namne for ingenting. Mein du det da?»

«Ja, Mina, for ein gongs skyld snakka æ alvor. Det e leng sia sist.»

– – – Men det var først da dei hadde gått og huse let seg att etter dem, at han virkelig *visste* det var ålvor. Blanke iskalde dagen med ålvor framfor han, og elles berre skodda og draumen. Det var slike påfunn dei lo til, folk av hans slag, og han kunde gjerne le med; men ifrå det kom han ikkje. Det var ein frammand som tok i han og blåheldt han: No, Ola, er du her. No endelig har du fått som eit lite handfeste i sjølve live, du får halde i. He? For Gud er ikkje til, det veit du, og den andre mannen han er ikkje til, det veit du. Du har visst det lenge. – men eg kan no vel vera rædd dem for det, veit eg? For å sjå dem i ausyna? – Men klarar du det her, da er du ingen bonde. Sa Fagergåsa. Og det veit du før. Men ein mann. ^[33] Ein mann ja, og da går du ikkje av vegen for nokon ting meir – og ikkje for *henne* heller nei. Da bli du for stutt, Peder Håberg! Eit lite loddkast slik, det var det som måtte til; det er jamgodt med sveipa over halvdaue gampen det.

Men slik måtte han ha ligge ein gong før, ein gong for lenge lenge sea, tanken reint susa attlenges gjennom tida på leiting: det måtte ha hendt ein gong, umulig anna! Og no låg han her. Ein rundbygd og raudlett ein; ein bytting av gamle Juvik-slekta. Og Andrea låg heime og sov for lenge sea og visste ingenting om dette her; og så kom det kanskje ein friar til henne. For henne var det han låg her. Kvifor skulde ein ikkje gjera seg til nar for henne?

Men *var* han virkelig sveitt alt? Ja; handa vart blaut når han strauk henne over panna. Men vart det ikkje verre, så skulde det gå. Mørkrædd, større, hadde han aldri vore.

Det vart verre. Det vart for tungt. Det var synd og skamm, men han las fadervåre over seg; han kunde ha gjort verre ting. Men dermed hadde han tapt. Her var ingen ting å ligge etter, og no kom rædsla att, ho krevde fadervåre enda ein gong, – ho hadde sju andlet.

Så var han på vegen ut. Han var så kald, han trudde ikkje han levde. Urande lite grand til no, så gjekk det sundt eitkvart i han, så rauk det sundt heile stelle, – han var eit egg som fór imot veggen. Ja, han var på vegen ut no, ^[34] ut gjennom kammerse og ut gjennom borstua, der var ingen ende på den vegen. Kjellar for kjellar med berre døden og usynlige ting. – Eg ser dykk *mest!*

Slik var vegen for dei stakarane som hadde gjort åt med seg. No veit du *det*, Ola. No veit du det.

Andrea ja; da hadde det vore godt om ein hadde henne å halde i handa. Men på den vegen vart ein åleine. Det visste dei vel, gammalkarane, og derfor let dei det vera. Og han som hadde trudd det var berre å gå ifrå leiken med ein liten flir.
– Men du, Laura, du – –

Nattlufta ute tok ikring han som ei mor. – Men ho kjenner meg ikkje, gjeispa han, og så skingla han i veg sørretter og heim, med store gule stjerner over seg, og fjellpyntane rundt omkring.

Han prøvde å blistre litt, da han var sørpå myrane.

«Nei, det va berre det, at det e så godt, å *vetta* at ein e for veik. Ein vaksin ein – – men han prøvd det aldri! Folk trøng ikkj å *vetta* slikt om sæ sjøl.»

Og her var myra, rundt omkring han og alt mørkre bortgjenom. Han stana, liksom han stod og kjente på henne. Austavinden kom no, over fjorden og over haugane, småsprang over tuvetoppene og byskja, meir og meir vaken – *sju-ih!* sa han, og så var han ikkje der meir.

«Og det va ikkj det at du taft, Ola. Det ^[35] va det at du *prøvd*. Han Peder, han gjer ikkj det.»

Det var for resten ikkje berre eitt, det var mange ting. Andrea, ho visste det vel. Elles hadde ho ikkje slept han Peder inn. Og så var han Ola fri mann som han hadde vore, ein fliropp og ein fåne til kar, men fri mann.

Austavinden sa det same.

BØREN BLES

I

^[36] Det var ein lystig landvind, dagen etter, sol og vind over alle åkrane, og folk låg i det og skar. Ingen vilde bli sist, dei «jaga haren» frå gar til gar, og ein

kunde rett som det var høre dei ropa bortpå ein åker, – da fór han derifrå og til grannen, om *der* skulde vera ein åkersnipp uskoren å gjøemme seg i. Kornstaur voks det i vêre alle åkrane bortetter, gul og god i solskine, og vinden bles på han og vilde han vel.

Vinden han vilde alle vel, slik syntes Ola det var, det var børen for notfolke og børen for landmannen med. Det susa herlig oppi lauvlia og utover fjorden, ein fekk hug til å la han ta seg. Ola gjorde det, han let vinden ta seg vestover; han gjekk til dyrlægen, enda det var ikkje dit han vilde.

Dyrlægen sat åleine heime.

Dyrlæge Ween var ein liten breivaksen mann i 60-åra. Han hadde svart, snauklipt skjegg, som grodde oppunder auga mest. Andlete var friskt og sterkt, og auga var blå og strie, men litt for store. Han var sunnant ifrå, og garmannsson. [37] Han hadde vore enkemann lenge, og no hadde han berre to born att, Andrea og Arthur.

Ola såg straks at han hadde tatt seg ein nubb til kaffe. Han var slik, dyrlægen, at sat han heime om kveldane, så sat han ikkje tør; folk kunde alt sjå det på nasen.

«Hu er på kvinneforeninga,» sa han, før Ola kom så langt han hadde sett seg. Slik beint fram var han støtt, og aldri ein smil etter. – Jaså, sa Ola berre. Det hadde heller ikkje komme for han at han skulde treffe henne; men han merka han vart litt lenger i andlete. – Og Arthur er på farten støtt, heldt den andre fram. Han skal sjå på gar til denne skolen sin. Stor gar og stort stell, ja da! Han vil gjera vel imot bygda; han vil ta henne på nakken og gå med henne.

Det var visst ikkje det dummaste det, sa Ola. Dumt, kanskje, men ein god ting for den som held på med det.

«Øh! Øh! Nu sa du det je satt og tenkte på, fy pokker! At du skal rakke dig tel med å vera tånkelæser da gutt! Osså tar du annenmanns tanker i munnen etterpå – du er verre enn hunden!»

Dyrlægen var spritande raud, som han støtt vart når han sa noko, og auga stod og stakk imot Ola, han syntes dei var som to horn å gå imot. – For det var

just det som var kunsten, heldt dyrlægen ved, at ein måtte ikkje bli sittande som *han* sat, eller bli gåande som Ola; så ein ikkje hadde minste grand å halde i. Verda [38] kastar deg av nakken da, ho er lypsk, gamla. Same kor truskyldig ein ting ein ståkar med, det er da alltid som eit handtak for ein mannakrok. Litt brennvin og litt musikk, eit grand kortspell natt og anna: det kan ein kalle enkemannsliv. Og du syng, og spellar, og ligg utover nættene og les – he? Så gutungen skal du ikkje flire åt!

Han tala lenge, slik han gjorde somtid, når han var på *det* føre; og Ola sat som han hørte på og tenkte etter. Men den andre merka godt han gjorde ikkje det. – Jaså, sat han og sa, langt borte og med seg sjøl. Dyrlægen slakna etter kvart. Han heldt auga med Ola heile tida, – No sat han der og heldt i haka si og stirde beint fram, kva var det han såg? Rundlett var han, og ikkje bleik, kunde ikkje bli det kor gjerne han vilde, men han såg ut som ein utsliten ein. Jagu var det portrette av Laura han sat og glana på.

Henne ja! Dyrlægen strauk seg hastig over andlete. Javisst. Hadde det enda vore Andrea, ho som levde. Han sa det, best det var: No er det 3 år i haust sea Laura døde.

Ola tok åt seg auga, såg opp og ned over den andre: – Ja?

«Og Andrea er på kvinneforeninga, som sagt.»

«Det va visst ho æ skuld ha snakka med,» mumla Ola.

«Ja kanskje ... Men du skulde ta tel med jorda, gutt. Ta tel der som andre sluttar. Så blei det annen sveis på dig, hva?»

[39] Det tok tid før Ola svara. Han sat og fingra med den eine tingen etter den andre. – Nei, sa han. Eg vil ikkje det. For eg er storkar eg. Liksom du. – Ingen spøk no; det bit ikkje på meg. – Det er ikkje spøk det. Det er aldri spøk å vera det ein ikkje er. – Du ligg og rotar og les, eg veit det. – Nei. Det er slutt med det. Både med å lesa og med å tenke. Ikkje for det, hovude heldt, det. Men ikkje sjæla. Ho var ikkje til det bruke.

«Asj! Det er far din du sitter og snakker etter nu. Slik sitter han og skrømmer kjærringene. Du skulde vel vera en mannsalder yngre, jussom? Inte?»

«Æ snudd om, leng før æ kom dit'n far e.» Ola såg no fast og ålvorsamt på dyrlægen. – Der snudde dei visst, nokon kvar, la han til. Eit menneske som ser seg sjøl, er ein uting. Ein kan bli mjo i knea av litt mindre. Jorda, seier du? Ho vil ikkje vita av meg. Vil ikkje vita av meg; *det* må du da vel forstå. Ein vantruen ein, som ikkje er skapt til å vera vantruen. Ein halvstoring. Og ein spellmann! Nei. Men det var sant! – han rømte med seg og såg på klokka – det var noko musikk vi skulde rote igjennom ja. Men det vart ikkje det, sa vi.

Hadde ikkje Andrea sagt ifrå at ho skulde på kvinneforeninga da?

Det hadde ho gjerne gjort; og så hadde han glømt det. – Jaså, ho er der ho?

[40] «Om du bare gjorde såpass at du gifta dig, gutt!»

Dyrlægen sette spørsmålet beint i syna på han, så han ikkje fekk blunk for seg. Ola såg han hadde det andlete no, at han sa *alt*; – da var han det uhugligaste menneske han visste. Ola kvitna nedetter kinna. Men han såg hatsk på dyrlægen, og måle raspa og skar, slik det gjer for fulle folk somtid:

«Æ song åt mæ *ei* ein gong. Æ vil ikkje søng åt mæ *ei* te!»

Dermed reiste han seg og vilde gå. Men no bad dyrlægen at han skulde bli, bad verkeleg, så der sat ein angst i måle; *så* einslig sat han her.

«Jau, no går æ!»

Men Ola vart staande. Han hadde alt gått syntes han, vinden tok han og bar han ut i lause lufta, fanns ikkje fotfeste meir.

«Æ e 'veiet og funden for lett.' Av mæ sjøl, forstår du. Fyk som eit fjun i vinden.» Han stod litt, liksom han lya etter eitkvart. Så heldt han fram i same gråe bitande tonen: Eg har lese om eit slag krabbe som ét opp sjøsnilen, hølar ut skale hans og tek det på seg til hus. Riv du han ut, ei tid etter, så kreperer han, å, han bed så tynnt for seg når du tek i han, strid imot mest han vinn. Og eg vil ikkje ut av skale mitt; det er for seint.

«Det der har je hørt ført. Bare tull – kom ikke her og syng for mig, gutt. Dere er non rare kroppar, dere Håbergfolka; så nær som Åsel [41] da. Dikter sig tel å væra både det og det, – og du til å væra en stakar og en einstøing, en jælk i live, men ædelmodig så det renner av dig, – ja tel helvede for resten!»

Ola la øre til klangen i måle hans, lya på sjølve songen i det, for han var så djup og god, – slik syng stokken når ein slår på han; slik syng det i den som er ein mann.

«Når du berre ikkj ha rett!» sukka han.

«Rett? Står du og er hund midt oppi ansikte på mig nu? Du har da vel *tenner*?
For resten –»

Dyrlægen tok pipa utor munnen og såg på henne. – For resten, sa han enda eit par gonger. Om ei stund ser han opp på Ola, med andre auga liksom:

«Er det virkelig så skjitt med dig da? Enda som en trøst. Instinkt, kan hende.»

«Høyr ikkj ette mæ!» seier Ola og ler. «Søstern min e løkkeli folk det. Løkkeli all dem som renni hue imot veggjen; kanskje så våga æ mitt, æ ò.»

No hørtes der steg utom nova, dei kom fort og lett. Dei to ser enno ein gong på einannan.

«Du går ikke?» seier dyrlægen. «Du gjør da vel ikke det?»

«Jau, i kveld. Men æ kjem att. *Trur* æ da.»

«Hu synger, hu.»

Ola nikkar; han står enno og held i dørtrykkerten. Andrea kom småsyngande inngjenom gangen.

II.

[42] Kvinneforeninga på Ramset hadde gått sin seige gong, og Andrea var glad da dei endelig var ferdig og skulde gå. Ikkje for det, det var hugnad når dei song, det var slik ei frammand makt i det, frå hjarte liksom; og kaffeen var god nok, og mangt av det dei snakka om var arti å høre på, ho kunde ikkje nekte for det, ein kunde bli blå forhuga på å høre meir om det som gjekk for seg i bygda; for ho visste elles ingen ting om det. Men det sleit så på henne, og urolig gjorde det henne rett som det var: før ein visste orde av, var dei tett innpå ein, som fingrar i mørkre, og så kjentes det som der var ei myr under ein, som saug og saug, vilde ha ein ned. Hadde det ikkje vore for hedningkrokane, hadde ho knapt komme

der. Og i kveld skulde ho ha vore heime.

Dei handtokst så trufast, da dei baud farvel, heldt liksom fast både i handa på ein og i auga, og i det var ikkje Åsel Håberg likare enn dei andre. Ho hadde for resten sitte og sett på henne heile tida mest; først Andrea såg opp, låg dei to auga over henne og såg.

Og dei sa det seg imillom, da dei var i vegen heim, at Andrea kunde ein knapt sleppe, det var slike gode auga i henne, som i barne; og så vakre da, enda dei var svarte å kalle, ho var vakker alt med seg. Og vart ho klokkarmadam, ^[43] sa dei med Åsel, så vart det ei å gå i veg med. – Ja, vakker kunde ein no ikkje kalle henne, sa Åsel, vanta mykje på det; men eit fint lite ting, og god å sjå på, som sagt.

Andrea vart i lag med Kjersti Rønningen i heimvegen, fosterdotra hans Petter. Andrea likte henne, for ho var så einslig og still millom dei andre. I kveld gjekk ho for resten og snakka, frå det eine til det andre, slik det fall seg. Så smiler ho og ser på Andrea, best ho går: – Og så du òg, som skal flytte til Håberg! Jaså, du veit ikkje det? Nei, det er vel så. Men eg og bygda, vi veit det, – kva er det vi ikkje veit, trur du? Jau, folk hadde alt gifta henne i hop med han Peder, og sagt amen til, og amen sa enda ho Åsel sjøl. Såg du ikkje kor ho saumfór deg i dag da? Trur du ho gjer det med kven det skal vera? Ho er ikkje *tå di bonnom* nei.

Andrea ler, ein trillande kvikk liten lått imot vinden: Kva hadde dei koka i hop for slag no da? Kva hadde dei havt å sette i hop det av?

Nå, dei hadde no ikkje fare så lite i lag, på sisten her.

Vi? Andrea måtte tenke seg om. No saktna litt i farten. – Vi sat på reina attom kirkeplankane ein kvelden; det er heile stasen. Kanskje eg dansa nokre snurar med han i sommar, sankthansnatta, det teller eg ikkje. Eg har ikkje set på han ein gong.

Tenkte det mest! sa Kjersti. Tenkte det mest ja. Men eg legg meg ikkje borti det. Det ^[44] er trøysamt når dei mislyg seg. Eg tenkte det kunde hende seg, like vel. For det har no vore slik tilmåta, for det vissaste, at det som godt var, det skulde til Håberg. Eg seier ikkje noko om det, no lenger. *Eg* – – kom der no ikkje da. Og ein vakker gut er han, veit du, og ein bra kar attåt, alt det eg veit.

Andrea bles, som ein unghest til kjøretye, kom det for Kjersti:

«Jeg vil ikke ha non *vakker*gut!»

Det svara ikkje Kjersti noko på, og Andrea tok i att: Ho hadde berre snakka med han ein einaste gong, og det var her i haust den kvelden. Det var det, at det var så rart å høre *han snakka*. For det gjorde han virkelig. Om mange ting. Vi vart sittande så lenge. Vi sat bortpå reina der.

Ho gjekk og tagde litt. – Det er så rart for meg å vera ute uloves slik. – Uloves? – Ja. Slik kom det for meg. Slik kjem det for meg støtt. Eg har liksom aldri lov til å vera ute som andre ungdommar, sea ho Laura døde. Vi har no musikken heime, og –

– og han Ola, sa Kjersti. – Ja, kvifor ikkje? Ein kunde no vel ikkje halde ut reint åleine heller. Men veit *han* det der, tru? Det dei forteler? – Det gjer han vel. Han veit gjerne alt han.

Da dei var nedfor kirkeplankane, sa Andrea at ho vilde gå beinvegen over kirkegaren, så såg ho på greftene til mora og søstra med det ^[45] same. – Så møtte ho klokkaren, erta Kjersti. – Neida, han er ikkje der. *Han* treffer eg for resten kvar kveld mest. Kanskje så sit han heime no. Vi skulde sjå gjennom nokre notar. Med kvart så spellar vi, og med kvart så spellar vi kort.

Ja ja, ho fekk ha takk for lage da, sa Kjersti. – Og no har eg vore så bra ei sladderkjerring som nokon, det går den vegen det skal med oss. Akt deg for bygda, Andrea, ho tek deg! Kjersti lo.

Andrea hadde den låtten i øyra lenge etter. Han var både vond og god. No var ho gudskjelov åleine lel.

Ho stana litt på reina, og så var ho innom på kirkegaren i halvmørkre, ho herda seg til det, men ho var i snaraste lage. Da ho er bortpå vegen austom Håberg, tek ho att Arthur. – Er det du berre! seier ho. – Det var da det. – Og du renner omkring og prekar for folk, bli du ikkje lei det?

Arthur vart aldri forarga på henne, han kom berre på glid og så snakka han henne flat om alt han hadde for seg, om jordbruk og hagebruk og om politikk enda til. – Lei det? sa han. Det er mest som ein hører klokkaren sjøl. Andrea beit

seg i leppa. Ho heldt med Arthur i allting, og vilde ha hjelpt han om ho kunde, – han var i grunnen den einaste mannen ho visste om, som var slik han skulde vera. Men i kveld hørte hoⁿ⁴ ikkje på han. Ho hadde berre [46] som ein ank i seg for denne brennhugen hans, ho syntes det halve kunde ha vore alt nok, og kva nytta det her i bygda? Ho skynda på gong for gong, at dei fekk sjå og komma seg heim. – Kva var det som hasta no da? – Nei, ingen ting. Men straks etter var ho føre han att; dei kom ingen veg!

Når berre dette bryllopps-ståke var over! sukka han.

Fy da! Ein skulde ikkje seie slikt om sitt eige bryllopp. Det var ikkje ein slik ting.

Nei nei, men det var no berre hefte og tull da. Når to var forlikte, så kunde det vera nok.

Ho måtte le, så gale det var:

«Jeg kan tilgi dig at du reiser ifrå mig, Arthur, jeg kan tilgi dig Fagergåsa for den saks skyld, men –»

«Å ja, stakkar, *ho* skal vel få lasse sitt å dra, vent no bare.»

Arthur gjekk om stallen, slik han støtt gjorde no sea han fekk heim denne hestungen. Andrea skyndte seg inn.

Ola gjekk og sette seg, da ho kom.

«*Er* du her likevel? Trodde det mest osså. Godkveld, pappa. Nu har dere hatt dere «en mild en», ikke sant?»

«Gu om vi har, du. Vi har sitti her og tørka, heile tia, og kvesst klørne på kverandre. Klokkaren er rangsøvd i kveld.»

Vilde han ikkje ha nokon ting? spurte ho Ola. – Nei takk, han stod just og skulde gå. [47] – Gå? Ho såg fort på han, det kom så djupt frå dei store mørke auga; han syntes andlete dirra. – Du kom ikkje i gårkveld? – Nei, det bar austover med meg. – Skal vi ikkje spella kort heller da?

«Nei, ikkj i kveld. Ikkj i kveld nei. Æ e trøytt som en gammel kall.»

Ho såg enno på han eit par gonger. Så sette ho seg til pianoe, sat og fingra så

smått bortetter det. Så vart ho sittande still.

No var Ola bortmed døra att. Dyrlægen såg opp frå avisa si, og dei tok liksom eit siste tak med auga.

«Ja ja, du får fara da, te pokkers,» sa dyrlægen.

«Ber vel den vegjen ja.»

Andrea snudde seg og fór hastig med auga over Ola, og så bort på faren. Ho opna munnen og vilde seie eitkvart, men let det vera.

Det var stilt i stua da han hadde gått, – han stod der liksom ved døra enno. Berre Arthur snakka om kor seige folk var her i grenda, dei sat som stein i leira. Dyrlægen sat og såg i blade og kaldblistra. – Ikkje lenge etter vart han henta ut til ein klein hest, over fjorden.

Dei sat toeina og tagde ei lang stund. Arthur hadde funne fram ei bok, og Andrea sauminga si. Vinden gjekk som fossen uti mørkre. – Kva det er du ler til? sa Arthur best det var. – Til ingenting. Men eg må le. Til folk. For dei er konstige, alle i hop! Ho lo høgt no, og med ein frammand liten tone attåt. Så tverslutta ho.

[48] Arthur såg på henne, og las att. – Eg syntes han Ola var så rar, eg? sa han da det hadde vore litt. – Han? Det er han da vel støtt. Kan nokon bli klok på han da?

Gong for gong såg han opp på henne. Ho var så ulik seg i kveld, ho sat da ikkje slik og einstirde borti femte veggen.

«Jeg mener du er reint bleik jeg?» sa han til slutt.

«Jeg? Tøv! Men jeg er rasende på 'n, er jeg!» Ho slengte saumen ifrå seg, gjorde med eine foten liksom ho vilde spenne etter han. «Jeg hater han, gjør jeg – han tror både – både ett og andet om mig, han spør ikke en gang!» Tårane stod henne i auga.

«Det er arbeide som mangler dig, spæe og grev eller eit stort fjøs. Du skulde ta 'n Ola du, tullhøna.»

«Ta han? når han ikke vil ha mig! og jeg slettes ikke han! Og for resten vil jeg ikke være tullhøne for dere alle sammen, hvorfor skal dere være over mig bestandig og peke for mig, hit! dit! Jeg tåler det ikke lenger! Og han da, som tror

Ho sprang på loftet i full gråt.

III.

Peder Håberg kom opp frå sjøen ved denne tida. Vinden hadde spakna litt no etter sola gjekk ned, men enda var han frisk og grei, han ruska ^[49] i kornstauren og kosta lia så det var ein lyst. No hadde dei greid inn nøtene og skipa inn pøre sitt, det var berre litt småveies som skulde inn, så var dei faraferdig. Peder gjekk som han vêra imot vinden. Det var hunden til bør dei fekk. Og her låg garen og sov med jorder og hus, og slik hadde han ligge og godna seg mannsaldrar attgjennom tida. Og folk trøa ut og inn. Bygda låg og mosevaks. Her skal du leva og her skal du døy, dei er einig om den tingen, mumla han. Det er det dei kallar framtida.

Han gjekk seg på faren, som just kom om nova. Dei stana bae to.

«Det bli så æ tek brukje, trur æ,» Peder snudde litt på seg og spytta.

Det var mest som han slo til faren med det, så kvast kom det, og så hard var han i måle.

«Ja ja, jaja,» sa Kristen.

«Så får'n Kal smør sæ ti å vara underbas som i fjor.»

Når Peder hadde sagt det, så vart det slik, og Kristen stod elles og likte seg. Stort *om* han Peder hadde det ikkje vore, enda han var sjølrådig for to, men kanskje det tok som ein vending no? Og på sjøen var han ein heil strøypar når han berre vilde, og heime jamgod med ingenting.

Da Peder hadde vore innom og fått seg mat, gjekk han på loftet. Men han bytta berre på ^[50] seg ei likare trøye, og så bar det ut med han att. Dei kunde høre han dei som vilde. Han var borti bekken og vaska av fingrane sine, fór enda over andlete med det same, for det var stint av salt og sjøeiter, tørka av seg med lommetørklæe, og så bar det bortetter vegen med han.

Bruke ja! No slo han Peder seg laus – eg er vel ikkje så trongbrysta som eg ser

ut for! bles han. Javisst, han kjente da det, at kvar tingen her så vakte han på han i kveld, kor var det han hadde tenkt seg? Bli med og sjå etter, det ber den vegen ingen trur, kvifor skulde eg ikkje prøve den òg ein gong?

Himmelen var som ein djup sjø over ein, og djupt nedanfrå botnen der glinnra det små stjerneauga opp. Ikkje ei sjæl var ute i natt, Peder visste aldri han hadde gått så åleine nokon gong; men slik skulde det just vera, det var inga kvardagsnatt, og ingen vanlig veg, – denne gongen kunde ein ikkje kaste krok og snu når ein vilde.

Peder hadde det med det at han fraus innvortes ofte, både på sjø og land; men i kveld var han varm og god, vinden var berre som ei kviskring i kring han, som skynda på. Der var reina, der han sat med Andrea den kvelden, og no skulde han på lofte til henne. Han kom uventande, det kunde visst få ein stein til å snu seg, men kvifor skulde han ikkje snu seg?

[51] Vegen gjekk gjennom myrdalar og småbjørkskog, framom ein totre plassar og over ein liten haug. Så hadde han vollen frametter, og inn døra og opp troppa. No først kom han i hug at døra kunde ha vore attlæst, for det hadde han hørt ho pla vera. – Ser du der, Peder! han smilte med seg sjøl i mørkre. – Denne vegen, sa det inni han, her må ho vera, for der ligg han Arthur, det hører du da vel. Han opna døra stilt, – å eg har opna dei som er verre enn deg, ban, – så.

Der hørte han henne borti senga, det snudde seg og heldt anda, og du blide tanke kor fint her lukta, same rare dåmen som av klæane hennar den kvelden. No var ho bra rædd, hørte han, det fór ikkje ufreskje her kvar natta. Så, no sat han på senggavlen, og heldt i handa hennar, – aldri hadde han hørt eit menneske så rædd!

«Søv du ikkj hell?» sa han.

Ho strævde før ho fekk opp måle: Men i all verda – – var det *han* da? – Ja, det var det vel. Skulde det ha vore ein annan ein kanskje? – Men var han galen da? at han kom *hit*? Midt på natta? – Ja ha. Mindre galen var han ikkje nei, i kveld. «I kveld, hell så alder!» sa han.

Men dermed var det eitkvart som slo klikk for han, orda vilde ikkje komma; dei låg ferdig her heile haugen av dem i sta, og no var han berre Peder att og stod

fast for dem.

[52] «Men enn far hadde vært hjemme – og midt på natten da, hvad skal det si?»

Det hjelpte. Ikkje så at han sa noko, men no var han meister for tingen att. Han hørte klokka hennar på kommoden. Han trudde han hørte hjarte hennar òg. Og enno heldt han handa hennar, – der tok ho henne for resten til seg.

«Heh!» sa han. «Æ veit ikkj korles det e fatt, men no sett æ her på senggaveln din, e det ikkj som eit liti æventyr? Som eit stort eit, rettar sagt?»

Andrea var så forfæld, ho var stiv enda, åtte liksom ikkje mål å snakke med; men det *var* eit eventyr, ho visste ikkje å finne att seg meir. Slik fór dei og gjekk på lofte til dei andre gjentene, ho hadde hørt om det; ho hadde berre ikkje drømt at nokon skulde våge seg hit.

Kom det ikkje for henne at han *kom* da, nokon gong? spurte han.

Nei! Da hadde ho stengt døra med sju lås! – orda kom liksom ho grøste dem fram.

Javel, men da hadde han bryte seg inn! Men at ikkje ytterdøra var stengt da?

Var ho ikkje det? Da hadde Arthur glømt det, det var han som sist gjekk og la seg.

«Dauin må vel ei årsak ha. Det va eit godt *tegn*, lel. Og no hi du mæ her, Andrea, og no tendi æ ti løse!» han reiv alt i ei stikke og tendte lyse på nattborde; for jamenn hadde ho både bord og lys attmed seg. Ho la ålbogen over [53] auga, men den tok han vekk. – «Jamenn mein æ du hi gråti ò? He?»

Ho hivde seg om med andlete mot veggen, for det var sant som han sa, og no døde ho av skamm her ho låg.

Han sat still ei lang stund. Så sløkte han lyse. Så tok han i henne og snudde henne fram att, liksom han vilde sjå henne i mørkre. No hadde han handa attom nakken på henne, og slik sat han og heldt i henne lenge, uendes lenge. Ho vart visst meir og meir rædd, for så urolig eit hjarte hadde han ikkje kjent i menneske før, ho kunde ikkje skikkelig puste ein gong.

«Æ ska ikkj gjera dæ noko,» trøsta han. «Æ ska ikkj ta ti dæ ein gong; du e no

inga bondveikj, må du komma i haug.»

«Kan du ikkj gå da!» Ho sa det ein totre gonger.

«Nei. For det kan æ ikkj, altså. I kveld, hell så alder. Og alder, det var ein gong fer liti.» No skalv ho som lauvblade i armen hans. Han bøyde seg ned over henne, han vart skjelven og rar, han med: «Dæ hell så ingen, Andrea!»

Ho tagde, og han sa det ein gong til.

«Ja men – – ja men – – osså slik hast da, Peder – – kan du ikke – –»

Ho gret no, og han slepte henne.

«No hell så alder!» Han var brenntør i måle, og det susa i hovude hans som både vengslag og båreklask.

«Du sir det så rart, Peder?»

[54] «Som æ kan sei det. Fer no ska æ på Nordlandstur, og da står det på dæ om æ ska komma att meir.»

«Har du vært glad i mig lenge da?»

«Nei da, neida! Jau, for resten – – men det spring vi over. Du ska svara no. Ja hell nei!»

Ho sette seg i senga, og han tagde og venta. Tålmodig og tung, han var som natta og mørkre å bitast med, slik kom det for henne; eit underlig menneske, og her hadde dei vorte for veike same kven det var. Og ingen ein i bygda visste noko om han, og slett ikkje kunde ein spørre han kven han var for ein.

«Finns ingen jeg kjender så lite som dig,» – det kom som eit lite andpust frå henne.

«Hiten-te – hi æ vøri berre ein – ein – nei, ingen ting. Men dag ette denher dag – du ska få sjå, Andrea! Du ska få sjå.»

No som den kvelden før rann gleda som kalde bekken gjennom henne, når ho hørte han snakka, – for kven annan hadde han umaka seg med å snakke til?

«Men det forstår sæ, æ vil ikkj gå i vei'n for'n morbror ikkj.»

«Han?» Andrea svelgde tungt. «Han!»

«Ja, ka du sei da? E det han, som – –?»

«I Guds navn da, Peder!» Ho tok handa hans. «For han, han har nu sangen sin og bøkerne sine han – jeg vil ikke *se'n* mer!»

Ho heldt hardt i handa hans. Det var stilt ei god stund.

[55] «Ja ja, Andrea, så e du veikja mi no herette da? Så får æ gå da? Hm?»

Ho tøyde seg fram og tendte lyse. Handa hennar skalv, så ho knapt fekk det til. Ho kom tett inn til han med ho gjorde det, og da fekk han att mote sitt og tok omkring henne. – No tok han live av henne, fór det gjennom henne, og hadde ho havt mål å rope med, så hadde ho ropa. Men han slepte henne, straks han kjente kor forfæld ho var.

«Stakkars liti ting,» mumla han. «Nei, æ ska vara skikkelig; æ ska te å vara folk no herette.»

Ho roa seg til litt med kvart. Ho låg og leika seg med handa hans. Det var så stor og god ein neve, så hard og grov at det var rart å ta i, og slike tjukke trælar inni lóven, dem var det ein fysna å fingre med. Hendene hennar dei vart sa kvite og fine attmed hans.

Han knytte neven og synte henne, lest som han vilde slå; det vart ein vålig dask:

«No kan dem komma no. No kan dem *komma!* Og i overmorrå, tili, reisi vi nordover!»

Ikkje lenge etter var han på gonga. Han gjekk utan ein kyss. Den tingen kunde vera til sea, syntes han. Og for henne vart han enda større og farligare ved det; ho hadde hørt om dei gamle juvikingane. – Ho mintes ho hadde kyst Ola ein gong, det var så bleik ein draum.

[56] Peder hørte berre susinga av stormen, han låg visst oppi lia og sov no. Kvar ei stjerne var ute og skjein. Dei blinka så purkefult etter han over fjellranda. Ja ha, dei kunde så seie.

IV.

Åsel kom og spurte han, morgonen etter, om det var så han skulde bli med bruke nordover. – Det var det. – Ja ja. Ho vart ståande og sjå ned. – Du står og undres på, ser eg, kor eg var i natt. Han hadde snudd seg tvert til henne. – Ja? – Ja sjå, det visste du ikkje. For resten da så var eg no i veg og forlova meg. – Du fjasar no? – Spør etter. Du ser så på meg. Fort, synes du? Eg var no ingen drølar da. Men eg kan godt gjera det om att, visst du vil. – Er du galen du – eg? Eg som – –

Han gjekk ifrå henne. Han skulde til Juvika og greie inn nøtene som var der, og så komma hitover med fartye og båtane i morgo tidlig og hente bruke her i Vågen.

Åsel var på veg til Kristen, men så gav ho seg ikkje om å seie det med han. Ho visste ikkje om ho var glad eller rædd; ho var vel både det eine og det andre. Berre det at Peder kom sjølmint og fortalte det, gav ein klemm for bringa. Og så fort det hadde gått. Og han Ola, korles vart det med han da? For ho hadde tydelig set at Andrea og han hadde vore som [57] forlova folk å kalle. Ho hadde ønska han skulde få henne, det visste ein høgare ein, og ho ønska det enno. Men ho var så uviss; ho var så uviss i all ting no, at det beit i hjarte. Ola hadde fått nysn i dette med Peder og Andrea, ventelig, og heldt seg unna. Ho skulde ha sagt han det var berre sladder og vas, for det hadde det vore hittil. Men her stod ho og hadde ikkje sagt det.

Ho var etter Peder, før han kom seg i veg. – *Skal* du endelig til Juvika da? Det treng du vel ikkje? Ho såg på han som ho vilde sjå tvert igjennom han. Han vart både raud og arg. *Da* visste ho meir enn ho vilde. – Stakars både den eine og den andre! sa ho med seg sjøl.

Elen vart halvveges forskræmt over mora utpå dagen; ho gjekk og snakka med seg sjøl. – Han får tilgi meg! sa ho fleire gonger. – Vi får tru det er han som styrer med *allting*. Vi får tru det er *dem to* det skal vera. Ho var så langt borte med auga. Ein måtte snakke både to og tre gonger til henne før ein fekk svar.

– – – Peder kom til Juvika og fekk dei i gang med nøtene.

Kal Jensa var son der i garen, og på alder med Peder. Dei hadde vore i lag i utferda før. Han hadde fare med farty frå han var halvaksen, men bruke hadde

eldste broren vore bas for, han som sat med garen. Dei hadde ingenting imot at Peder vart bas no, for folk heldt han for ein fuling etter silda, og det gjekk det orde, at det var han og ikkje faren som hadde funne ^[58] silda og styrt kaste, når sant skulde seiast. Det vart seinkvelden før dei var ferdig, og Peder skulde ligge der om natta.

Folke i Juvika heldt fram med å vera to slag. Nokre av dem var høge og lyslette som Håbergfolke, og somme var stuttvorne og breivaksne og hadde mørkt hår. Av dem var Kal. Kjerstina var yngste barne i garen, og einaste dotra som var heime no; ho var av dei høge og lysvorne. Ho var overlag vakker, syntes folk, ho var så raud og kvit i hamleten; ho hadde smilehol i kinna, og smilte gjorde ho dagen lang, og song i alt sitt arbeid mest.

Song gjorde ho no òg; dei kunde høre henne heilt utpå vågen når ho fór over garen; men da Peder kom til gars, tagna ho. Dei andre tenkte sitt om den tingen. Han Peder hadde ligge her lenge med bruke i sommar, merkelig så lenge. Og ein dagen hadde han berga henne, fekk dei vel seie. Ho var nord i Sandvika og lauga seg ein solskinsdagen. Der meinte ho å vera urædd for notkarane, for det var i middagskvila, og det var berre flua og ho som ikkje sov. Men gutlarvane hadde komme over henne lel og hadde ringa inn henne. Sømme kunde ho ikkje, men no måtte ho, og så kom ho seg innunder ein liten berghallar. Der sat ho og visste verken ut eller inn, og dei var åt og skulde ta klæane hennar da Peder kom. Han jaga dem til skogs berre med andlete, for det var raudt og villt som på ein mordar; og så gjekk han utpå og ^[59] såg etter henne. Ho slepte seg i sjøen da, tenkte å drukne seg; han såg mest berre håre hennar som flaut på vatne. – Han hadde snakka ned til henne, at det var berre *han*, og no gjekk han, og dei andre hadde rømt til fjells. Etter den dagen hadde det liksom vore dei to; og Peder lystra etter sild frammed Juviklande veka etter veka, og leita til gars oftare enn mange trudde. Det hadde enda komme brev til henne frå han, seinare i sommar, så mykje visste dei, og Vårherre måtte vita kva som stod i det; for gjenta var liksom ikkje på jorda etter ho hadde lese det.

Peder såg til og vart to-eina med henne som snarast. Ho lyste som sommardagen imot han, heldt visst på og skulde ta rundt omkring han. – Eg kjem på lofte til deg i natt, sa han. Ho skaut brunene høgt opp, lest som ho vart

himmels forundra, men raudletten flaga opp og ned over andlete på henne. – For det var noko eg skulde ha snakka med deg om, Kjerstina. – Ja, eg med deg òg, sa ho. Så vart auga litt store i henne, liksom ho hadde vorte vår eitkvart farlig, – slik var det dei såg opp på han nedanfrå sjøen den dagen, stakk det han. Ho såg på han enno; men litt om senn kom smilehola fram att, og auga vart smale og varme, med ursmåe rukker innunder. – Men eg ligg ikkje åleine der no lenger, kviskra ho. Det kom einkvan, og ho smatt vekk før han fekk seie meir.

Peder våga seg ikkje i veg, før han var stø på at heile huse sov, og enda var det med hjartebank ^[60] og urolig anddrått. For dette var ei ålvorsferd. Dei kunde komma og gå føre, dei som hadde gjort henne tyngre nokon gong. – Tausa og gjætleguten pusta borti kvar si krå, men han tok seg fram tålig visshendt, for han hørte kor den låg som ikkje sov. I sommar, da låg ho på låven som andre ungdommar. Og dette var dåmen av *henne*, han tok så levande og søt i kring ein, – i sommar hadde det vore ei lukkelig tid!

Ho gjorde rom for han i senga, merka han. Det skulde ho ikkje ha vørt. Så viss på det skulde helst ikkje ei jente vera nei. Han sat still på senggavlen, som ein svart skugge over henne. Ho famla seg fram over han, kjente liksom etter om det var han, og strauk flathanda over panna hans. Han var kald der, og sveitt! Ho letta hastig på seg.

«Bli med ut!» kviskra kan.

«Ut?»

«Ja æ må snakk med dæ.»

Ho måtte, det hørte ho straks, og ho kasta på seg klæane og kom. Tennene hakka i munnen på henne, ho fekk slik frost i seg. Dei stal seg ned frå loftet, og så på låven. Han sette seg på ein høyslede, og ho stod still attmed han og venta.

Så svart ei natt hadde dei ikkje vore ute i, nokon av dem. I slikt mørker var det dei fór her og stomla, dei gamle juvikingane; men kva sak var det å vera dem? tenkte Peder.

Han måtte snakke med henne, tok han oppatt. – Og ho med han! ho skaut hjarte opp og ^[61] pusta ut. – Ho skulde ha gjort det for lenge sea, la ho til. Han

hørte ikkje anna enn tomme lyden av måle hennar. Så kjente han at han sat og beit i hop jakslane så det gjorde vondt.

«Det bli ikkj anna rå, Kjerstina: du må lætt mæ få att bræve æ skreiv åt dæ her i sammar.»

Javisst, no fekk ho denne rykken gjennom seg, – alt anna kunde ho vel ha venta seg av han.

«Ja fer det bli ikkj anna rå. Det va berrete kâtheita mi.»

«Æ skjønna det!» sa ho, da det hadde vore litt. «Æ skjønna det.»

«Ja, ikkj sant, du skjønna da *det*, Kjerstina – –»

«Nei nei nei, Peder, ti stil!» Ho hadde hogge i handa hans og heldt. Det var bitande stilt.

«Kom det alder fer dæ da, at æ kund finn på – – å gå ein annan veig?»

«Alder nei.»

«Du trudd du ha mæ i bande, du – det skuld ingen tru om'n Peder Håberg!» Han kremta, og retta på seg, det var liksom børen hadde tak i han att. «Dem skuld ikkj vør å sett han i bås med de ander nei. Dem kjenni'n ikkj – ka dem va fer slag, gammelkaran her? Og no hi æ gjort eit varp. He? Kem med, spør du vel? Med a Andrea, dotra åt sjølve dyrlægen. Det fall sæ slik. Det *høvd* mæ slik, det va det.»

Kjerstina sa ikkje orde, kor lenge han venta, og handi hans hadde ho slept. No fann han i ^[62] henne, det var ei stor sterk hand, rettelig ei bondeveikje-hand. Ja ja, *ho* var ikkje å kaste bort. For ein annan ein.

«Du e ikkj ful på mæ, veit æ?»

«Neida, neida!»

Nå, det hørtes halvvore som ho var det lel; men det skulde ho ikkje vera. Og breve, det gav ho han att, ikkje sant? «Du gjer ikkje anna Kjerstina? Visst æ kjenni dæ rett.»

«Ja, bevars, breve ska du få. Æ ska gå in ette det.»

Litt forandra i måle var ho, men ikkje mykje heller. «Visst' da vel du tok det

vettaugt,» mumla han.

Han stod midt ute på tune, med ho var inn etter det. – Der! sa ho, og han tok imot det utan eit or ò, ripa berre i ei stikke og lyste, om det var rette breve.

«Du kan vara trygg!» sa ho.

«Du får ha takk da, Kjerstina,» – han gjømte breve i indre-lomma. – For heime, sa han og stod og såg ut i vêre, heime der går ho mor og ser ikkje anna enn svarte farligheita for auga, går og bed til Vårherre, og han må vita kva ho er forfæld for. Ho kjenner ikkje meg, san, og det gjer ingen, og det same kan det vera. Ja, du får ha godnatt da, Kjerstina!

Han tok etter henne og fekk armen omkring henne. Han hadde snakka meir enn han orka å gå sin veg med, no kom denne likesæla over han att, kvifor stod ein slik og røla, og kva [63] vart det av alt ein våsa og baska med? Han var innåt andlete hennar, kviskra så vårt og trøytt:

«Du Kjerstina ò! Men du ska gi mæ *ein* kyss lel!»

Ho let han få det, ho la enda handa på aksla hans som snarast.

Så stilte dei seg inn att, steg for steg oppgjenom troppa.

Kal såg på Peder, morgonen etter, og gliste litt: Eg søv no ikkje som stokken eg heller. Og den der troppa ho skulde ha vore retterert, ho gniksar så. Peder svara ikkje, det var ikkje hans vis.

Og så gjekk dei segl og strauk over fjorden. Landvinden hadde vakna med nytt mot, han gav på liksom han vilde stryke ut alt som hadde vore, både på sjø og land.

V.

Ola vakna ved den tida om morgonen. Han kunde ikkje komma på med det same, kva det var som stod på. Så mumlar han: Det er i dag folk reiser til Nordland, var det ikkje så dei sa i går? Dei har ho børen, hører eg. Men det kan vel ikkje vera større å bli så lett og god for? Og det er du, når du vil kjenne etter. Liksom du ikkje veit kva det er. Liksom du var nykommen til verda!

Lauvsusen ute steig og fall, det var som rennande elva å høre på, og vindskyene gjekk [64] høgt oppe i himmelblånaen og spella seg, dei var glade dei hadde komme seg avstad. Ola stod i vindaug og hadde godt av morgonen. Det same hadde myra, kunde han sjå, ho gjorde seg så lyngbrun og mosegrå imot sola, tuva seg og strekte seg så langt sør etter; og små furuholt stod som øyar her og der, svaga i vinden og seglde, det var no deira ferd.

Ola hadde ei gammal ei til å stelle for seg; ho hette Mattea. Ho var ei attgløyme av morfolke hans. Litt kvistut av seg kunde ho vera, men ho stod for både huse og han som ei mor. No stod ho i døra og mumla. Skulde han ikkje klæ på seg i dag? Kva var det for slag han glåmte på no att? – Det er myra mi, moster. Har De set henne? Langt ifrå. Har De set henne når ho er nedfor somtid? Da er eg ein herremann imot henne. Oftast er ho berre brun og god, og tek dagen som han er – har De set når ho snur ryggen til oss? Folk kan ståke med dei vil for henne. Har De set når ho skifter leter? – Myr er vel myr det, seier Mattea, men sjøl veit kva du er for noko. Ho er stygg. – Ja, Vårherre har vore litt knaphendt med henne. Men ho hjelper seg utrulig, gut, og for resten seier ho takk! Ho er vakker nok for lenge sea; som De og eg, moster.

Mattea var der ikkje lenger, ho hadde berga seg åt kjøkene. – Det måtte ho vel ha vorte folk av han òg, kroken, hadde han gifta seg som eit anna kristenmenneske, sukka no.

[65] «Æ gjer som myra, æ,» sa han, «æ snur ryggjen te, og let dem ståk med dem løsta.»

Han lea arg på eine aksla, for no var det ikkje langt ifrå at han snakka med seg sjøl att, og det var han rædd. Den dagen han tok til med det, var han ferdig. Han spurte Mattea om det same, da han slong av ut gjennom kjøkene. – Trur du ikkje gammelmannen har vunne innpå meg da? – Det har han gjort for lenge sea, gu bêre! – Nå, nei, ikkje for lenge sea? Men det er ein vålig ting å snakke med seg sjøl: da må ein til både å spørre og svara da; og det er eg ingen hund på. – Bed Vakkemannen at du får berge det vette du har att! sukka ho. Men slik gjekk det vel, la ho til, når ein gav seg til med *bøkene*; både med bibelen og dei andre, høh! For mykje var for mykje.

Han hadde gått sin veg, hadde enda glømt morgobiten sin, til gammalbesta ropa etter han. Skulde ikkje ha, svara han, og han hørte ho slo att svaldøra med ein arg liten smell: Han var da ikkje ulik seg! Rettno fekk han vera her åleine, det var han så sjølskapt til.

Han vilde sjå på avferda deira, det var det som drog i han. Folk som sette klutane til og fór sin veg, det var det likaste han såg. Han skulde ha vore nedpå Sjøhaugen og hørt på Peder når han kommanderte over bruke, hørt på høvdingen når han slava med folka sine. Peder var som ein fiendsmann imot Ola, han såg isblått ^[66] over hovude på han og snudde seg vekk; men Ola hadde stund og anna at han heldt av han. Det var som ein draum ein hadde havt, om eitkvart stort og rivande som skulde ha vore, sjøl veit kva det var. Han må det bli! pla han gjerne seie, – det var eitkvart ein skulde ha vore sjøl. Det sveid så godt all kroppen inngjenom, når *det* kom for han.

Mesteparten av folke var nedmed sjøen, da Ola kom til Håberg, og han etter.

Han vart litt dått med, for der i fjølden var Andrea òg. – Det var vel det eg skulde hit og sjå etter om, tenkte han. Så var den tingen unnagjort; så var det greit da: dei var forlova. Han såg det på Åsel, ho stod der attmed henne og var som ei mor for henne; hadde ho havt venger, så hadde ho breidd dem over både henne og Peder. *Det* var sjølv Åsel: ei mor med eitkvart under vengen støtt; derfor var ho så vår i auga, så rædd av seg og så modig i same stunda.

Ola var bort og snakka med dem, og med nokon kvar, han hadde slikt snakkarhjarte i dag.

No la dei til segls på Håberg-båtane. – La fokka gå! hørte dei Peder sette i, høgt og hardt så det small i lufta, og Ola såg kor kvinnfolka sokk unna hogge. – Slik skal det seiast på sjøen, sa Ola. Det grønte herlig i kjølvorren etter dem, ein kunde kjenne gjennom all sin kropp kor ein stod her på berge og vart att. – Karmennene i bygda som strauk sin veg, sa Ola. – Svære ting kor lettliga *du* er i dag? sa Åsel. ⁿ⁵ ^[67] – Det er så trygt å bli att. For den som ikkje er anna til.

Dei gjekk opp på haugen alle mann, vilde sjå når seglarane kom utfor oddane og fekk opp Folla. Veggen var berre som ein gjeitestig frå gammaltida, og dei måtte klive så godt dei kunde. Ola merka vel at Andrea var likeglad om å komma

for nær han; men ho stal seg til og såg på han rett som det var. Det var ei lita sky over auga hennar, og noko av det same kring munnen, – slik var ho når ho var glad, kom det for han, og det hadde han aldri set henne før. Så vakker var ho, når ho synte seg for ein.

Så, no var seglarane uti sjølve børen sin. Dei såg snart berre segla og eit skombrott for kvar båten, – det der *bar i veg*.

– – – Ola vart på Håberg utover dagen. Andrea gjekk straks, ho var på gonga før han vardest, og ho såg seg ikkje att. – Der hadde eg no fått lag eit stykke på vegen, sa han og såg på Åsel. – Ja, sa ho og vilde gå sin veg. – Eg råker vel alltid henne, heldt han ved. Men eg har ikkje noko å gjera heime, har ikkje du Åsel noko slag arbeid for meg? Ho såg på han, og så bort i vêre: Nei, ho hadde ikkje det.

Han såg kor han plaga henne med at han var der og var i nærheita med henne; men det var vel derfor han vart der. Tagde han lenger no, da tok han ut sveitten på henne.

Ut imot kveldinga sa han farvel. Han fekk sjå innom hoss dyrlægen, sa han til Åsel. Hm? ^[68] – Ja ja, sa ho. Auga hennar gjekk til han og frå han fleire gonger. – Du er heldig du Ola, som har berre deg sjøl å ta vare på Nei, for resten; det er visst litt for lite det òg. Børa er god om ho er aldri så tung.

Dei sat inne og drakk kaffe hoss dyrlægen, da han kom dit. Og no var han der, enda han slett ikkje hadde tenkt seg innom, og han måtte åt borde i lag med dem.

Dyrlægen lest knapt som han såg han. Men rett som han sat, halda han seg attover i benken og såg på han med halvgjømte auga:

«Du, kommer vel og skal gratulere oss? Ja ha, hu var inte sein», han viste med hovude åt Andrea. «Je har'nte fått tid tel å svelje det ennå je. Hu kom da inn i slekta lel.»

Andrea set auga stort og bert imot Ola, og takkar da han ønsker henne lukka til.

Dyrlægen sit og tygg, og let auga kvile på Ola. Vondskapen småblinkar i dem.

«Du ser ut som eit null forutan strek, som dom sier her. Blei du for sein, Ola?»

«Pappa!» Andrea reiser seg hastig frå borde og går ut. Dyr lægen skyt brunene høgt opp i panna.

Ola vart der utover kvelden. Dei drakk seg ein mild ein, og sea eit par til. Ola sat og såg på dyr lægen. Det var same andlete på han og Andrea; og enda var ho av eit heilt anna slag, – men slik snudde ho seg til ein og snakka, somtid, så ope og daglyst. Han hørte mest ikkje [69] orde av det han sa. Andrea var innom eit par gonger, men så kom ho ikkje att meir. – Ola sat og leita romme rundt med auga. Der borte måtte det vera, den kvelden i halvmørkre; han stod der attmed spelle, og så reiste ho seg, tett attmed han, og så tok ho og kyste han; – det var i fjor. Ola sat lenge og såg dit. Så drikk han ut glase sitt og reiser seg. Han står stiv og ser på den andre.

«Ein einaste gong», seier han. «Ein einaste gong va live *ette* mæ; ei lita kveldstund – huff nei, no e æ full, no val æ gå! For no e æ visst full?»

«Ja, absolut!» Dyr lægen reiser seg, han med. «Det ser inte ut som vi får non kveldsmat?» seier han.

I kveld var dyr lægen med utom døra, og det var lenge sea han umaka seg med det. Han stod berrhua i vinden og såg opp i stjernebragle over dem. Dei var så nære, stjernene, i kveld, ein kunde mest høre dei kviskra.

«Dem hi børen, dem som segli nordover,» seier Ola.

«Ja-a; *dom* har børen. Fortener'n gjør dom au. Bare dom inte får – å er det det heter nå da, skal je si?

«Åbør.»

«Åbør ja. Ovbør. Han ser mig noe tynn ut, den der guttepjokken. Der er visst mer mot der enn makt. Men det blir jo deres sak, og inte vår. Hva?»

[70] Da Ola kom inni engane, der dalbakkane og småbjørkskogen livde for vinden, gjekk han seg på eit menneske som stod midt i vegen for han. Det var Andrea.

Var ho her? – Ja. Men kor hadde han halde til? – Han? Han hadde vore på Håberg i dag. Hoss søster Åsel. Enn eg tok ut sveitten på henne, berre med det at eg *var* der? Og kvifor skulde eg ikkje det? Dette smale andlete med juvikrosene

på, og all denne klårøygde ærligdommen? og så denne smale beine ryggen, har du set den? Han som skal lesse på seg heile ætta. Og så eg da attmed henne, eg som er avskala og hivd til sides, – ja ja, det der forstår du deg ikkje på. – Eg hár aldri forstått meg på deg, eg. Men kor har du *halde til* i det siste? Og ikkje vil du gratulere meg heller? – Det har eg da visst gjort?

Ho stod midt i vegen for han:

«*Det er alt du sier?*»

«Ja?»

Men du skal si mig én ting, Ola: *Trodde* du det dem fortalte? Om mig og –?»

«Æ gjord visst ikkj det du. Æ veit ikkj hell, for resten.»

Dei hadde tatt til og gått.

«Osså den kvelden ifjor, Ola. I stuen hjemme. Var det ingen ting for dig det da?»

«Nei nei nei, Andrea! Lætt os ti-stil – – lætt oss vara folk! Ein dømt ein som æ,» skyndar han seg å seie, – «veit du ikkj se bli ^[71] tili blind? Og at æ hi drømt det, all mi tid, at æ fekk berre byttinga te bonn; det hi æ forteld dæ, Andrea!»

«Og slikt går du og forteller? Ja *da* så.» Ho kasta ikkje med nakken, men det fór ei ny makt gjennom henne, ho heldt på å gå ifrå han framgjenom stormen.

«Kund du ikkje forstå det da, Andrea, at det va smått med mæ? At du ha fått sjå det når det var for seint? Og det meint æ å spara dæ for.»

«Ja takk! Jeg hører det nu. At jeg gjorde rett. Det var bare det jeg – ja, godnatt da!»

Så. No var det overstått. No er du fri mann, Ola. Og same kor du laug, så snakka du no sant lel. Ja visst, gjekk han og sa, no snakkar du med deg sjøl så mykje du vil; det kjem ut på eitt heretter. Det her er live, og det skal vera beiskt. «Og ædelmodig så det renner av dig», hermte han og song. Det står no fast lel det, at du har berga henne frå å gå seg ned i myra. Slik må det visst rime seg for ho Åsel og, når ho er ute og gjer allting på det likaste.

Og børen han bles, for dei som hadde han *med* seg. Ola hadde han imot seg

innetter moane.

TIDNA GÅR

I.

[72] Da dei var ferdig til avferd med Segelsundbruke, slo det feil med lossementfartye. Arnesen fór i veg og leigde ein fembøring med flakedekk, den måtte hyre, meinte han. Karane murra, at med slikt taterlosji la dei ikkje på Nordlands-tur, ho denne årsens tida. Han banna med seg sjøl, men trøsta seg med at der alltid var eit fartyskrov å få leige eller kjøpe.

Gjartru beit seg i leppa og tenkte på det. Slikt la ho seg ikkje bort, sa ho, men det var ein ting som kom for henne, og det var at folk fekk lystre, no som før, og var det dei eller han som rusta ut bruke? – Vi er her for å gjera vel imot dem, eg veit det, men da må vi vel halde i hempa på dem?

Det forstod seg, sa Arnesen. Men eit farty kunde no vera arti å ha, ikkje sant?

Gjartru ser oppetter han, han står der bein og modig framfor henne, eine handa innpå barmen, knippar i fingrane med den andre; ho ser opp i andlete på han, slik ho plar gjera, til auga bli [73] hengande der i moblå lukke; – der var ikkje alder til i dei auga.

«Du *skuld* ha havt dæ eit farty, Johan Martin. Det e skipper du e, og ikkjnoko minder nei. Og bli det ska du ò, med tid og stund. Du kann no ikkj reis ut lel denher gongjen.»

Arnesen såg ned. – Du veit, det finns ikkje mann i heile notlage til å segle fartye nordover.

«Ja men e du gælin du – no når brølloppe står for døra!»

Ja, han visste ikkje han. Kom an på om han ikkje måtte i veg lel. – Ikkje snakk tøv no, guten min, sa ho blidt, og tok til med arbeide sitt att. Ho hørte dette var noko han hadde brunne med lenge.

Arnesen gjekk ut; men han gav seg litt meir tid i døra enn elles.

Utpå dagen kom han drivande inn og fortalte, at no visste han det: Han skulde nordover og kjøpe sild! For Kasten i Valvære hadde fare i veg med båe jaktene sine, der gjekk den tidna at han hadde fått *telegram*, og Kasten Landre var ein som ikkje fór i ugjort vêr, han og fortênaste, det var som fuglen og silda det, han vêra henne, det måtte vel *han vita*, – og Bjørlandsjakta var til sals! Notkarane fekk fara i veg med det lossemente dei hadde, det hadde han sagt dem her i sta, og dei måtte *lystre*. No skulde han Kasten i Valvære få konkurrent, spøkte det for. «Ja, slik en no *det*, Gjartru!»

[74] Gjartru smiler, men ho er litt utålmodig. – Det skal han få ja. Men først brylloppe, som sagt.

«Brylloppe? Det får hâlade vente, nu svor både'n Johan Martin og jeg. For det er skipper jeg er, nu vet du vet!»

«Ikkj å snakk tull no!»

«Tull?»

«Ja, æ sa rett rikti det ja. Fer den gleda ska ikkj dem på Håberg ha, at brølloppe må utsettast.»

Arnesen var blåraud i andlete før Gjartru sansa seg, stod tett oppunder auga på henne og var ikkje å kjenne att: ho vart så forundra at munnen opna seg.

«Ka det e no da?» sa ho endelig.

«Hvad det ær? Kjerring!»

«Nei men hysjt da, Johan Martin!»

«Nei så fan smetti mæ, no e det slutt med hysjtinga, så mye du veit det, be mæ ikkj hysjt oftare, – *vâr* dæ, sei æ! Æ e herre mitt hus. Ja!»

Gjartru var mållaus. Ikkje kunde ho tru øyra sine, og ikkje auga heller. No tok det han att.

«Jeg sier det ja!» han slo vilt ut med handa, «jeg går ikke her og er hund og idiot for dere – hva fan har jeg med Håberg og søstra di å gjera!»

Mina hadde komme i døra og stod på dørstokken med munnen halvopen og

armane halvt ^[75] opp i vêre. – Pappa! fekk ho endelig til å seie. Andlete hennar skjein kvitt imot faren, dette her bar visst til dunder, men trudde dei – –! han spente til stolen framfor seg så han fauk i veggen, og så visste han ikkje meir. Han raga av ut, med eit tjukt murr av bannskap etter seg.

Gjartru hadde komme seg att, og var alt på veg etter han. Heile andlete loga rasande raudt, og munnen hakka. Mina hengte seg fast i henne, ho fekk ikkje ut og gjera oppstyr i garen, *ho* skulde vel snakke med han, ho! Gjartru gav seg, og seig ned på ein stol. Det kom over henne med gråt og skjelving, så Mina hadde nok med å halde i henne. Ho prøvde å trøste mora så godt ho var godtil. – Han er ikkje å bry seg om, mamma, han er ikkje det slag å bry seg om – pyh! *han?* Eg vil ikkje seie meg heller, berre sinnel

Gjartru måtte til sengs. Da ho kom opp, eit par timers tid etter, tok ho til og hørte det Mina hadde sagt.

«Du veit ikkj ka du sei, stakkar. Trur du han e ein bansongji, du?»

Nei, det trudde ikkje Mina, langt av den vegen, det var berre som all snarast det hadde komme for henne. Nei, men han vart vel snart blid att, og noko bortreise med han vart det ikkje. «Når du snakker med'n,» la ho til.

Gjartru rista på hovude. – Å nei, da kjente ho ikkje far sin rett. Ho skulde heller tie still.

^[76] «Fer *han* – det e det æ hi vissta all min dag, at han e ikkje å spella med nei.»

Ho levna til noko om senn, og på slutten var det liksom ho hadde lyse lukka framfor seg. Ho famla litt trehendt med arbeide sitt, stund og anna, det var noko lenty ho la i ei korg og skulde på rulla med; no retta ho på ryggen og bles det hånlig ifrå seg, det var ikkje Mina ho sa det med:

«Trur dokk verkeli æ fór i veig i blinda og tok'n da! Nei, skuld æ no gift mæ, så mått det vara med ein vaksin ein.»

Arnesen kom inn att. Han var litt tynnare no, men han steig hardt i golve, og augebrunene knytte seg kvast i hop. – Han måtte ha mat straks! kommanderte han. Gjartru la ifrå seg arbeide og skyndte seg åt kjøkene, såg berre så vidt på

han fra dørstokken, og ikkje lenge etter var maten ferdig. Spøre han kor han tenkte seg måtte Mina gjera. Til Bjørland. Og så fór han avstad, sjøvegen, med to mann i skyss.

Gjartru gjekk som ho drømte. – Skulde mest ha vore på Håberg, sa ho, ho kom ut i stua der Mina sat og sauma. – På Håberg no att? – Nei, eg veit ikkje. Men det er mangt eg skulde ha snakka med ho Åsel om. Ho Åsel ja, det er rart å tenke på henne.

Mina skjønna ikkje stort av det, og Gjartru sa ikkje meir før neste gong ho kom inn. – Ho Åsel, stakkar, som ikkje fekk anna enn han Kristen. Ho må no vel snart sjå det no, at ho har mista [77] overtake. Elles så er det no ikkje dem han Arnesen siktar etter; vi *minns* dem ikkje lenger. Men han Kasten i Valvære, han kjem til å få ein konkurrent. For det vart ikkje som ho Åsel meinte nei, her ei tid, at ho skulde taumkjøre både oss og bygda. Ho meiner det så vel, stakar; finns ikkje vondt der; – eg skulde virkelig ha snakka med henne.

Mina ser opp og er forundra: – Seier du no *det*? At det ikkje finns vondt i henne?

Ja, og anna hadde aldri Gjartru sagt. – Det er berre det, ser du, at Håberg skal vera bygda. Ho ser ikkje det, ho, at tida og bygda og allting held på og snur seg ifrå henne, og snur seg etter oss. Vi er bygda snart, og det fell henne litt tungt; som ventande kan vera.

Ho gjekk ut att, og da ho er i dagligstua, hører ho kjerrehjul som gnaurar utpå garen. Det fór så mange her, men denne gongen ser Gjartru ut, og der held Åsel Håberg på og stig utor kjerra!

Gartru kom mest springande ut. Åsel var rolig som ho pla vera, og litt stiv imot søstra. Der var eitkvart i auga hennar som sa, at ho var ikkje ute og kjørte etter kaffe.

«Æ mått snakk med dæ Gjartru,» sa ho da ho hadde sett seg. – Men kanskje det er for seint alt, la ho til; – eg forstår meg så lite på slikt.

Kva var det no da? For visst det var det at Peder og Andrea var forlova, så vilde ho ønske [78] dem til lukke, vilde ho! «Du gjord eit varp der, Åsel!»

Åsel smilte og såg fram for seg: Nei *det!* Ho løyste litt på hovudtørklæe, for det var så ulaglig stort og tjukt, det var tjukkaste silketørklæe i bygda. No ser ho opp på Gjartru, ho er så lysblå og vaki i auga, ho er som dagen. – Kor du har han Arnesen? – Han? Han fer no vidt, han. Han er visst avstad og kjøper seg eit farty eller kva det er.

«Æg villa varsku dokk om nøten han kjøft. Dem e rottin, æg veit det no.»

«Æ mein du e gælin æ? Dem'n Arnesen – dem'n Kresten seid oss?»

«Han Peder forteld mæg det. Og enno e det ikkj fer seint. Han Kresten visst ikkj dem va *så* dåli.»

Gjartru hadde fått den fine lysraude letten ho hadde med ho var veikja. Åsel visste at da var ho heit.

«Han Arnesen veit vel ka som ska gjerast med den tingen.»

Det vart det alltid eit stell på, sukka Åsel. Pengane hadde ho med, dei som var betalt. – Og no har eg sagt det, og gudskjelov for det. Gjartru prøvde å ta imot auga til Åsel; men dei var for sterke i dag som ein annan dag.

«Og kund det gå fer sæg i stilla det her, Gjartru, så veit du det va oss kjærte. Fer'n Peder og a Andrea si skyld. Men som du vil med det.»

[79] «Du kann da vetta det!» Gjartru hadde sagt det før ho fekk sukk for seg; og no heldt ho fram den vegen: «Kleinar folk e vi da ikkj på Segelsund. Når folk kjem og be oss.»

Siste orda beit, trudde ho, om det ikkje synte på Åsel.

«Han Peder sa mæg det beint ut.» Åsel la den eine handa oppå den andre skiftesvis; ho hadde slikt visst eit lag med det.

Gjartru heitnar oppetter vangane att. – Han Peder ja. *Han* veit no vel ikkje stort meir om det hell ein annan ein. Arnesen såg vel kva han kjøpte. Og betalte deretter.

«Få'n te å gjera om handelen du, Gjartru; gjer det!»

«Vi får no sjå.»

«Ja ja. Ja ja. Så hi no æ gjort mitt!» Ein kunde sjå kor bœra seig av Åsel.

Åsel drakk kaffe, og dei snakka att og fram, litt tungvint i førstninga, og litt langt ifrå einannan, men kvikkare etter kvart, og dei heldt einannan lenge i handa da dei skiltes.

«Hypp, Svarta! det e grei veig no,» sa Åsel, da ho sat i kjerra.

Gjartru sat oppe og venta på Arnesen til langt over midnattsleite. Ho spurte som ein vitensjuk unge, om det hadde vorte handel av og korles det elles hadde gått. Han var ikkje for snar til å svara; men det var da i lås no. Så fortalte ho om Åsel og erende hennar. Han stelte rolig med pipa. – Men eg sa det eg, til [80] henne, at du såg vel på det du kjøpte, – ja ikkje sant? Han tagde enno litt; så skaut han akslene i vere:

«Tror du virkeli dem narrer *mig* da?»

Nei, Gjartru måtte smile. – Skulde eg det ha trudd, Johan Martin, da måtte eg ha gått og lagt meg og aldri stått opp meir! Så lo ho langt framfor seg: – Eg ser Åsel i kjerra, sit og skumpast hit og dit, heile den lange vegen – stakars krok! må eg seie. Men ho meiner det godt, stakar.

Arnesen tenkte på sitt, med pipa i munnen og papire framfor seg. Men Gjartru var for lukkeleg til å gi han fred. – Er det ikkje bankdag i morgo? sa ho. – Jau. – Da bli eg med. Eg skulde berre ha snakka med frua, skjønner du. Det skal gå *fint*.

II.

Kristen Folden var direktør i banken. Det var ikkje hans dag å møte, denne gongen, men han var tilsagt, for ein av dei andre var sjuk. Arnesen og Gjartru vart litt *med* seg, da dei såg han der, men Gjartru retta seg berre litt i nakken. Gamle bankkasseraren hadde vore underofficer liksom Arnesen, og hadde sitte her som far og styrar for banken sea han kom i stand. Han var banken sjøl, og det vart sagt at det var berre Kristen som kunde vike han litegrand. Slug var han som ein gammal syndar, [81] sa han sjøl, og kjente alle som kom der, ut og inn. – Det er berre kvinnfolka som narrar *meg*, brukte han å seie.

Og i dag var det Gjartru som narra han. Ho bad han til bryllopps. Gjestebod

stod han seg aldri for. Og Arnesen måtte ha pengar, når han skulde kjøpe sild, ikkje sant? Jau, Kristen var einig. – Og pant har han i haugevis å gi oss, han såg på Arnesen. – Ja pant? Dei skulde få både i jakta og Segelsund. Kristen såg på kasseraren, at dette kunde dei vel ikkje avgjera to-eina? Men det var alt avgjort, og Gjartru ønska dem velkommen til brylloppe og kjørte heim med Arnesen og pengane, – det var ei diger *bok* med pengar. – For når vi vil det, vi Håberg-folke, så må det til, sa ho. Arnesen snufsa berre litt oppi nasen og murra, slik han gjorde det all tida før i går.

Ho Gjartru var ikkje dum! lo Kristen. Og eg kunde ikkje slå meg rang, imot skyldfolke mitt, ho visste det òg. For resten: han Arnesen har eg age for. Slike som henger live sitt i ein tråd, somtid – det torde aldri eg. Og går det skjeis med han, så er det vel så laga. – Banken skal vel passe seg, sa den andre. – Ja, og kva anna skal ein stakar gjera, enn å bruke dei råder ein veit? Eg såg aldri eg slapp. – Nei du nei. Du har no vore så pass til klo att; eg spår ho Åsel har havt mang ei tung stund. – Men pante er ikkje så reint verst, bøyde Kristen unna. Så ser han opp på kasseraren og ler: [82] Ho Åsel, sa du. Ja, du har rett. Ho er bra å ha i huse; ho som har anken i seg; eg vart aldri nokon klyppar i den vegen. Det er det, at eg var no ingen Håberg-mann. Eg måtte passe på alle monane. Og det vi har gjort i dag, det kan eg godt fortele henne.

Han gjorde det. Åsel stod og blunka og kjente etter. – Det var inga anna råd, sa ho. – Nei det var det. Og korles det går, så skjer no ikkje det reimar av Håberg da, sa han. Men nøtene er ikkje verre, enn at steller han seg lurt, får han alltid kastarlag med einkvan. No såg han ho vart ille ved. – Det skulde no vera rett da, Kristen. Eg tenker lenger fram enn slik. Og det er hardt ofte. Men det veit eg no da, at du har aldri tenkt deg høgare til vers enn dit du er kommen. Kristen hadde gått, men ho stod og sa det høgt like vel: Du har vore tru over lite. Du har vore tru over garen her. Ser det slik ut for Vårherre som det ser ut for meg, så er det vakkert det. Det seier eg beint.

Det såg ansles ut, mangt, enn det hadde gjort før. Blanke solskinsdagane var det ute, blåna over alle fjella og lauvgull kring alle liane, og eit eventyr var det at Peder skulde få Andrea. Ho vilde ta og gå til henne; ho hadde ikkje fått snakka med henne enno. Men det drog ut før det bar i veg. Det fall seg aldri slik. Sistpå

sa ho det med seg sjøl, at det var mote som vanta. Da tok ho seg for og gjekk likevel. Dyrslægen sjøl gav ho seg mindre om. Det var [83] ein bra mann, tvert igennom, enda dei sa han drakk, men ho åtte ikkje den tingen ho kunde snakke med han om, anna enn om kyrne da, og det vilde ho ikkje, med slik ein storing. For kva skulde ein snakka med slik ein om? Det vart ingen ting det, same kor lenge ein let munnen gå. Og best det var, kunde han bli stangvis og komma med både likt og ulikt, spurte om dei ulagligaste ting. Nei.

Andrea, det var ein annan ting. Men kva var det i grunnen ho vilde snakke med henne om? Ja ja, det fekk ho vel kjenne. Ho vilde no sjå henne.

Og så var ho på vegen; det var ein still kveld med måneskin og skuggar.

Det skulde vera som eit varsel, om ho råkte henne åleine i stua. Da var det som det skulde, alt i hop. Og det *måtte* det vera.

Der hørte ho det spella på pianoe. Da skal du sjå han Ola er der, fór det gjennom henne, og det var ikkje stort om å gjera at ho snudde om og gjekk heim. Ho stana på dørstokken og såg etter han, da ho kom inn, ho kunde ikkje anna få til enn at han var der. Men han var der ikkje.

Andrea reiste seg, litt uviss å sjå til, og kom smilande imot henne, med handa fram; heile andlete smilte. Åsel vart hengande ved den smilen. Så trygg i seg kunde ungdommen vera. Ho såg på henne til gjenta vart både forundra og brydd, og no tok ho båe hendene hennar.

[84] «Æt det skuld gå slik da, Andrea!»

«Det gjorde nu det, sa.»

No først vart Åselⁿ⁶ vår stua omkring seg. Slik var det *her* ja; og kvar tingen så lukkelig på romme sitt; slikt kunde den henge på veggene sine, som var til det. Det var tungt å dra anda her, og det tok si tid før ho kom seg til å sette seg. – Jaså, du er åleine, sa ho eit par gonger.

Så vart det traktment, kaffe og fine ting attåt, og etter kvart letna liksom stua kring Åsel. – Eg måtte berre sjå deg, det var det, sa ho. Eg har gått med ein liten ank i meg i det siste. Vi har vore så *heldige*. Det har gått så – – så merkelig godt? Ingen veit kor det ber av da. Ho såg seg rundt i stua att, og så på Andrea. Ho

snakka halvveges med seg sjøl: Slik skal det vera her ja; og slik skal du vera. Eg vart så glad da eg hørte det. Det bars meg for, at dette hadde ein høgare ein sendt oss; ein som vil oss vel, som han far sa. For han Peder, eg veit så lite om han. Alt anna i kring meg – – veit eg litegrand om ja. Eg ser det er ikkje stort om dei andre borna mine. Og ikkje har vi vore som vi skulde heller, verda var ikkje slik. Men han Peder, som sagt: Eg veit ingen ting. Men sei meg eitt, Andrea!

Andrea må sjå henne beint inn i auga; dei er så opne og ventar så stort og fast.

«Va det noko milla dæg og 'n Ola?»

«Ja, det var det, men.» Andrea skifta hamlet to gonger og no var ho raud att. «Jeg visste [85] Di vilde spørre meg om det der, visste det hele tiden. Men det var næsten ingen ting, og jeg *vil ikke ha'n!* – – og hvorfor er han Peder så tungsint bestandig?»

Åsel smilte, det var liksom ho lya etter ein rar tone. Så rista ho på hovude, med seg sjøl:

«Visst' æg berre det, ban. Visst' æg berre det, Andrea!»

«Vil Di ha meg da? Til matmor på Håberg?»

«He, det e da det æg vil. Men æg må ha allting klårt fer mæg. Ja ja, gudskjelov!»

Som snarast kom det for Andrea, at det var eit utslitt lite menneske ho hadde for seg. Straks Åsel flytta auga på henne att, vart ho sjøl lita og uviss, så armodslig tynn. Åsel tok til å snakke no, om mange ting. Aldri hadde Andrea hørt eit menneske som leita slik etter orda, og fann dem slik; det kunde ikkje vera for ofte ho snakka med nokon.

Håberg er ingen storveges ting no lenger. Det er slutt med den tida. Det er slutt med så mangt no. Ein kan bli så nedtyngd; ein heil gar kan bli nedtyngd. Og da er ein glad ein finn ei hand å ta i. Her flyttar vel ei ny tid til gars på Håberg òg, – jau, eg kjenner det på meg; og ho får i gudsnamn komma. Men ikkje som eg vilde sjå det. Du Andrea, du flyg ikkje vidare enn vengen ber. Og velkommen skal du vera. Og kva det var eg skulde ha sagt eg: Du får gå inni det som det er; og vike han Peder den vegen det trøngs. Du bli med [86] oss og ikkje imot oss, eg

kjenner det på meg, så trygt.

«Ja!» sa Andrea, ho hadde vorte så tør og heit i halsen, det kom som eit lite rop.

«Så får det gå som det vil og kann da.» Ho sat litt og såg framfor seg, snakka visst med seg sjøl. – Men noko storbryllopp bli det ikkje, Andrea, kom det best det var. For eg er ikkje huga på det. Vi skal ikkje være det, he? – Nei da, det gir vi oss ikkje om. – Takk for det, Andrea. For det er berre svartår og ei tung tid no, – eg er ikkje huga på det. Men det er vel gjerne som han far sa, at den som er for gammal til å danse, han *er* for gammal. Han skal du no elles ikkje vera rædd, Andrea; han seier ikkje stort. Men ho Gjartru er på ein galen veg. Berre ikkje Vårherre bli forharma over dårskapen hennar. Men ho får fara sin veg, og vi vår. Håberg skal ikkje vise bygda borti farligheita.

Åsel løfta male no, og Andrea syntes det tok og bar henne med seg:

«Juvikslekta gjord alder det, får vi hus-på. Gjord alder det nei. Ka anna gæli der vart gjort.»

«Gæli? Hvorfor sir Di det?»

Åsel lea litt på hovude, og andlete læste att seg som snarast.

«Nei nei da,» sukka ho stilt, og så reiste ho seg. «Du ska sjå, Andrea. Du ska sjå. Enno ska Håberg bli Håberg, og enno e det høgt oppund ^[87] skya. Æ går heim som eit oppnya menneskj.»

III.

Same dagen fekk Gjartru telegram frå Arnesen, det var enda vekesdagen etter dei fór. Ho hadde aldri fått telegram før. Det var berre nokre ord på ei papirremse, men ho visste korles det gjekk for seg, og la ut om det for Mina, at orda hadde fara etter ein tråd, og dei i byen her hadde skrive dem på papire; ho hadde det frå den tida ho var i Valvære. – Dette her skulde ho Åsel ha visst om! smilte ho. – Ja, men kva *står* der da? sa Mina og prøvde å ta det frå henne. Dei las det samstundes båe to.

«Stormfuld Reise, men ligger nu fortøiet med Kjættinger. Masser av Sild.

Jeg skrider til Kjøb straks. Din J. M. A.»

Det tok litt tid før sjølve meininga i det levna opp for Gjartru, før ho såg henne som ho var. Det var berre makta i orda som beit henne. No endelig såg ho det ja: at det kunde ha gått ansles, dei kunde ha forlist på vegen eller komme for seint, og kor hadde det da vorte av velstande? Men no stod det her, – ser du det der, Mina: Masser av sild – jeg skrider til kjøb, hm? Segeren stod der på papire, så stutt og sterkt framfor auga på henne.

Mina tagde og såg fram for seg; brunene vart berre som eit tynt strek over det unge andlete, [88] og eine munnvika drog seg litt opp; eine auge vart mindre og mindre. Ho såg ut som ho tenkte for dem alle i hop. Så snudde ho seg, like sæl, såg seg som snarast i spegeln, fór med handa over dei brune hårkrullane, og så gjekk ho bort til vindauge og stod der med hendene i sida og nynna ein liten tone. – Peng bli det alltid ei råd for, sa ho da det hadde vore litt. Og så ja, så skal vi til å bruke dem. Best det var, snudde ho seg til mora:

«Vi blir her i bygden allikevel, mamma. Hele tiden; for *alvor*. For no skal han Arthur få den gården han bare vil, – *jeg* ska kjøp 'n, jeg! Ikke si non ting til 'n. Og så bær det *te* med oss.»

«Den dag og den sorg, ban.» Gjartru var for glad, no da ho endelig hadde komme i veg, ho ansa knapt dotra. Ho måtte ut, ho vilde ut å kjøre, for det var det likaste ho visste seg både i sorg og i glede, og helst skulde ho ha vore på Håberg, nei heile bygda rundt! I staden fekk ho ta vegen til Ola, det var så lenge sea ho såg han, tykte ho. – Kvifor skal eg ikkje kjøre? Dei har vel ikkje vondt av at dei ser oss, folk? Vi sit ikkje uti Håbergvågen og gjømmar oss bort no lenger, vi er da *til*.

Det vart vel rettast dei skreiv etter dei varene dei vanta på bua no da? spurte Mina, da mora var påklædd og farferdig. For det heldt på og gjekk reint i stå der, sa Hermansen, dei i kjøpstaden vil visst ikkje ut med meir varer til oss, sa han. – Ja, be 'n skrive, du, be 'n gi dem skikkelig inn. Nei for resten, det høver seg visst ikkje at du legg deg borti det der. – Pytt san! Men du skal vel ha skysskar? – Ja, herregud, set slikt! det må eg, be han Jørgen du – be ei av gjentene be 'n, at han gjer seg ferdig og kjem. Eg skal vel ikkje kjøre bondekjerring bortgjennom bygda. Nei, Åsel – –

Mina smilte lenge etter henne. – Stakars mamma. Ja ja ja, san. Lite grand rare er vi vel alle i hop, for den som ser oss. Men at ho tør la meg vera åleine med Hermansen no. Det skal ho ha takk for. At ho kjenner meg såpass. Ho gjekk på Kontore og snakka med han om varene. Ho såg tørt og hardt på han, så han våga ikkje opp med auga ein gong; det vart så flatt, det grove, vakre anlete hans, – han kom aldri til å ta bort henne meir. Men da ho gjekk framom husjomfrua, var ho oppunder haka på henne med to fingrar: – Du gjer ikkje å gå slik og henge, Mette, du kan ta den slampen da vil, du, og gjømm deg bort. Det er inga ulukke å vera bondeveikje.

– – – Ola sat inne og las da kom. Han ansa ikkje på henne før ho var i døra, og no kom ho brusande beint på han. – Du kjem som du skulde komma med sju somrar, sa han og leita fram stol til henne. – Det gjer eg no òg, det. Sju segl og ein vind – og du sit her som ein annan einstøing. Han beit det av for henne: Har det komme spreng-tidnar nordant, ^[90] kanskje? eller er det pianoe? – Sjå på det her! ho la telegramme på borde for han, halda seg attover i stolen. Ho vakta på andlete hans med han las. Men der var ikkje stort å sjå. «Fortøiet med Kjættinger,» mumla han. «Skrider til Kjøb.» – Ja, no skal du vel til å flire, du, som du plar gjera, kan du aldri vinne deg så pass i vøre at du let det vera?

Ola snudde seg til henne. Han var ålvorlig nok no.

«Sei mæ ein ting, Gjartru: Kjem det alder fer dæ at mann dinn e ein stor tosk te kar? Ja nei, vent no: At han kann kjør heile lasse lukt te Folls, ^[17] mein æ?»

Gjartru skifta hamleten, og var visst nær på å springe beint opp; men i staden gjorde ho berre litt med eine aksla og med munnvikene. – Skal no du til å vera Åsel òg! Har eg havt det så godt da, all tida, at du berre skal spå meg illt?

«Tullsnakk!» Ola var i grov i måle så det svei. Så vart han ståande og sjå på henne. Så ungt eit menneske syntes han ikkje han hadde set. 20 år med motgang og slit hadde gått som ein sommardag over henne, ho tålte 20 til av same slage. – Nei, sa han med seg sjøl, men han sa det høgt, – så rangstelt kan umulig Vårherre vera. Du skal sjå det tar fart no, Gartru, og går oppover.

Ho slakna i andlete, vart mest ukjennelig, og auga hogg kringt og opprådd:

^[91] «Det veit æ det gjer. Det har ikkj vori så fyst, mang gong, men det gjord

ikkj noko. Det va vel inkvan annan som ha fått min part tå løkka, tenkt æ, – osså kom det ho lel da; det som æ ha te gode. Det kan ingen ein ta mote ifrå mæ, Ola!»

«Nei, gudskjelov, du va ikkj Gjartru da. Du va berreste ei kjerring da; som æ og mang ander. Verda er grå tå vanspark og smått folk. Her e svartår støtt. Så dæ, Gjartru – –»

Han stod og snakka til bøkene sine i hylla; men Gjartru syntes sjå det på ryggen hans, at han meinte kvart orde. Det var så uvant for henne. – Det er no ikkje oss sjøl vi strid for, sa ho. Det får du komma i hug. Det er for ho Mina – det er for bygda. Ho Mina ja, er det ikkje rart kor det har gått. Minns du kva eg fortalte deg ein gong? At eg fann han Hermansen og ho attom høihesja ein natta? Eg vart som ein nåe, for eg – – eg kjente att det frå meg sjøl. Men så kom han Arthur, og no *ser* ho ikkje til sides meir; eg har lært henne å sjå opp – det er derfor eg ligg så i det, Ola, det må *bera i veg!*

«Du snakka frampå om å lån non skjellinga tå mæ, her ein gong? han snudde sig halvt til henne.

Gjartru vart storøygd, og stotta: – det kom ho ikkje i hug ho hadde nemnt? Så vart ho raud, og tilstod at det var just halve erende hennar ja, ho var så harmelig i beit for nokre *kontanter!* – [92] Om det høvde for deg, mumla ho. For på bua er det berre borg og borg, så lang veka er, og det får vera som det er, det er vel derfor vi sit med makta, at folk ikkje skal heim uhjelpen; som ho Mina seier.

Ola ruska fram tjuge kroner og flidde henne. Ho vilde ha penn og blekk, ho vilde *kvittere* for dem! Javel, den gleda skulde ho få, attpå; han kom med det ålvorsamt som når han sette lys på altere.

«Du fliri ikkj åt mæ da, Ola? Og ikkj forteli du å Åsel det her heller?»

Orda snara seg kring hjarte på han, slik kjentes det. Slik bad ei gammal mor for seg, somtid. Ein kunde ha gråte, men derfor var han utpå yttste kanten til å le, berga seg berre ved at han stinna panne-huda med all si makt; han hadde vore ute for det same i kirka, vonoms oftare.

«Flir åt dæ? Va æ så fri fer synd, da bar det te himmels med mæ og det kvasst ò!»

Han vart huga på å stryke henne over håre, – det heldt alt på, og vart gråstrimut, såg han.

Ho spurte, om dei ikkje skulde gjera seg ein tur til dyrlæge-garen, no med det same ho var ute og fór og hadde slike tidnar med seg? Ola sa ikkje nei.

– – – Åsel stod just på gonga. – Lat meg ha meg heim, så ho; eg hadde da heimvett før. Men no vart det til det at ho måtte hefte på litt.

[93] Ola såg det vel, kor dei to søsterne stivna til, enda han visste dei vart glad for dei råkttest. – De er så stinne i andlete? smålo han og såg frå den ene til den andre. To aln av same tye, og kan enda ikkje tråklast i hop. Han sat og sa mange ting i kveld. Han var den same skarven han hadde vore, fanns ikkje ålvors ord i han. – Ikkje å høre på *han*, sa Åsel til Andrea.

Ola sat bortmed pianoe, laga til små visestubbar, nokre stølføtte treskotramp oppetter tonane og nedover, og strauk det ut att med eit langt kattskrik. Andrea var bortmed han fleire gonger. Skulde han ikkje ha seg ei langpipe? Men kaffe *skulde* han ha, og her var puta han pla sitte på, for denne stolen var så låg. Og her, her var dette stykke ho hadde snakka om, – synge vilde ho ikkje *be* han om ein gong. Han grøste unna måle hennar, mest som når ho hadde rørt han med håre sitt. Men best det var, hørte han ho sa:

«Kan vi ikke slå det sammen til ett bryllupp da?»

Det vart stilt i stua. Han visste ikkje kor lenge det vara. Sveittedropane tyta fram i panna på han – kvifor sa ingen eit ord meir? Men slik på lag måtte det vel kjennast, når ho tok orde bryllopp i munnen, hadde du anna tenkt da, Ola? Sit du og kaldfrys? Der hørte han Gjartru lel, ho song ut som klokka i stua, at det skulde dei ja, og halde det her, likevel, eit *storbryllopp*! Ikkje sant, Åsel? For det blir [94] noko som spørs det, ska eg seie deg, – ser ikkje du òg det? Slik hadde han far gjort det, det er eg viss på; midt i svartåre.

Åsel hadde sitte og halde eit auga med Andrea og Ola. Nei, der kunde ikkje ha vore stort i millom dem, når ho var omkring han støtt slik, og han aldri merka det. Men det prikka litt i henne: Dei var av eit anna slag, baa to, ho kjente ikkje til dem der. – Slå seg i lag? Ho såg opp. Kunde vel aldri gå an lel? Når odelsguten på Håberg gifta seg, heldt han brylloppe sitt heime. «*Det* trur no æg han far ha

villa, da.»

Ja vel, sa Gjartru, – men same dagen lel, det skulde bli trøyheit! Ho såg alt nye syner for seg.

«Han far,» hermte Ola.«Husguden både på Håberg og Segelsund. Han e som potetesen, han kan brukast te all-slag. Ingen tå oss veit ka *han* ha funni på.»

Åsel gjorde seg ferdig og vilde gå no, og Gjartru baud til å skyssse henne om Håberg, det var ikkje større kroken. Da dei har sagt farvel og sett seg oppi, snur Åsel seg og seier:

«Når æg tenkji mæg om, Andrea, så ska du få det som du vil.» Ho tviheld auga hennar: «Når æg tenkji mæg om. Vi rår oss ho sjøl da.»

Så fór dei. Andrea stod som ho fraus, for det var ein kaldvoren kveld, det rima og fraus på i måneskine all marka bortetter, og skjein ^[95] gjorde det i isnåler og stjerner på kvar ei mosetuve og kvart eit hjulfar. Skuggane av fjella gjømte halve bygda, dei var som tjukke svarte flak. Enno lenge ramla det frå hjula etter dei som fôr.

«For det vilde han far ja,» sa Ola og såg opp. Ho Åsel er feig no, når ho gir etter på det der. Ho er forfæld, stakkar. – Forfæld? – Litt forfæld ja. At Håberg taper i bryllopsvegen imot Segelsund. Tvilar vel for at det gamle held på og bli urlite gammalt likevel. Og tape imot Gjartru er ho ikkje mota på. Den støyten vil ho spara deg for. Ho er litt rædd all igenom. Det fall på hennar part. For einkvan måtte vel bli det i vår slekt òg. Ho er reint utsugd av samvete; ho tør ikkje kaste brøde sitt på vatne no heretter, – ho er mogi for himmerike snart. Men: ho rettar vel på seg no, skal du sjå. Vart her litt krig, så slipa ho opp eitkvart egg-jarne, – det trengs for resten. No har vi snart åre 1880, og her ligg bygda og søv seg i hel. Ja ja, det var no ikkje eg som skulde vekke henne. Det bli ein annan ein det, – hører du ikkje kva eg seier? For eg snakkar godt no. Ein annan ein, seier eg. Og snart!

Hvorfor kom du hit ikveld?»

«Kom hit? Det hi æ undrast på i all kveld. Mått visst kjenn kor det *smaka*.»

«Du ser ut så – så hatsk omkring munnen? Og så er du så blek, er du ikke

frisk?»

[96] Ola stod og lya etter dem som kjørte. No kom ho tett borttil han:

«Har jeg gjort *galt* imot dig, Ola? Du skal svare mig på det!»

«Va det likt! Galt?»

Tankar og kjensler tumla omkvarandre i han, og måneskine vart underlig kvitt og langt unna.

«Det feila visst ikkj mykji på at æ tek live og spring med det no, tek løkka mi og fer som ein annan juviking. Men sjå: det *gjer* æ no ikkj, det e den forskjéln. Hælsena e avhogd på mæ – det va skjit, va det. Ja. Osså denher usmakjen i munn!» mumla han med seg sjøl.

Andrea stod bleik og rolig og såg på han.

«Du har no gitt mæ musikken du. Du har gjort mæ rik,» sa han.

Ho stod og vart glad litt om senn. Meir skulde det ikkje til for henne. Alle saman kunde bli glad. Men retta han ut tunga no, da såg ho vel det var løgn?

«Takk for det, Ola!»

«Ja, legg 'n der.» Så ler han litt: «Du vild' visst gjern ha havt som ei lita «opplevels» du? Det var derfor du spurd no, veit du det?»

Han snudde seg og gjekk. Han kjente siste orda sine, kor dei gjorde veg gjennom henne. Vondskapen var no basen da. Og musikken ho gav meg, den kjem ho no til å tru på likevel; ho var ikkje kvinnfolk utan det. Og slik vart det vi skiltes, sa vi.

IV.

[97] Dagen etter fekk Ola bud frå Åsel, at han måtte komma til Håberg. Det var det same med eit bud frå Åsel som når ho såg på ein, at da fekk ein gi seg, og komma.

Han hadde ligge på senga med klæane på heile natta og vore vaken. Så hadde han sovna frå det utpå morgonparten. – Meiner eg ikkje han ligg *rund* på senga!

sa gammalmoster, ho kom inn og skulde vekke han. – Ja, eg vart så trøytt av å ligge vaken. Men eg har komme etter ein ting i natt. – Kva for slag da? – At sjøldauen er ein tung daue, når ein ikkje bli jaga ut i han. – Du er same slauren du både i åtferda og i snakke, du skulde skjemmast! – Det er det eg ligg her og gjer. Eg meinte det var såpass av juvikingen att i meg, at eg kunde ta mitt og gå når eg lysta. Men ikkje det eingong er eg til. Kanskje så bar det i fliren med meg, i sjølve høgtidsstunda, – at eg såg meg sjøl som ein annan fåne, med taue i handa? – Fåne ja, – men no ti du still med deg! – Ja, men heile verda er ei bøtte full med all slag kravl og armodsdóm, – har du ikkje set søsterne mine? Og meg og alle dei andre? Ja, ikkje *ho* da, det meiner eg ikkje, men – – eg får munnen full av vatn! Klokkardauen bli meg for seig. Men du gjer ikkje å vera rædd for meg; det måtte berast i veg både fort og blindt, skulde det bli noko av det; og så pass kan ingenting gå innpå ^[98] meg – eg som mest ikkje er til! Og så *etterpå* da? Eg har så godt som prøvd det. For *da* var han der, det kjenner eg på meg, om eg aldri kan tru på han. Sei så eg ikkje er bonde.

Det small i døra, og Ola var åleine. Han smilte og såg bort på senga. – Og så alt det eg låg og skreiv til henne i natt! sa han. «Ikkje trivs det hår på meg, og ikkje skjegg, eg er som eit eggskal både utvendig og innvendig, og så enda ha deg gåande her og sjå meg! Eg har set mor mi her eit par nætter med eg sat blankt vaken i senga; og meg sjøl har eg set gong for gong – trur du noko menneske i heile kristenheita har gjort det? Som berre det no, at eg ligg her og skriv til deg.»

Han bråsnudde seg og gjekk ut.

Blått og blankt vêt; rim, og lange solstrålar.

Gamla heldt auga med han der han gjekk. – Han der ser meg pikagjor ut som han har fått ein pinnsyl i hjarte han, riksa ho, – og kor vart det av han, tru? Ho var etter han bortom fjøsveggen, ho trødde varsamt som høna i nysnøen: Der stod han ja. Såg ut som han stod og svor på eitkvart storveges; måtte vel bli enten egg hell ungar ho snart. «Å næggu, *du* hengji dæg ikkj, som snakka om taugje.»

Han fekk sjå henne, ho gjekk og lest plukke kvist. Slik fór kråka når ho visste om ein hønereir, kom det for han. – Skal eg ikkje ha frukost ^[99] i dag? spurte han. Ho snøste berre, ho vart både harm og glad.

Utover dagen sat han og spella og song eitkvart, og vart meir og meir ferdig til å pakke i hop kjale sitt og reise sin veg. Han vilde ta vegen sørover att. Det var ikkje likare der heller, han visste det ifrå før. Men der var ansles. Der var meir liv; det *måtte* det vera.

Så fekk han bude ifrå Åsel, og tok på seg og gjekk.

Åsel var ikkje mange merkerne, det såg han straks. Likevel skulde han ha mat først, ho gjekk og bar fram, og stod attmed og nøydde i han. Verda skulde ha sin gang, om det stod aldri så gale til.

Endelig sat dei i øystrestua. Det var skumt i den stua: dagen hadde gått sin veg. Ein såg sola berre bortpå fjellryggene i sør, men der var det nok av henne.

Åsel sat og la eine handa oppå den andre fort vekk, såg på Ola og i golve skiftesvis. Det som *gjorde* Ola mest, var det, at slik kunde angsten og pina ta eit menneske som *var* noko, slik sundsliten i andletsdraga kunde aldri ein som han bli.

Det stod gale til borti Juvika, sa ho. Ho Kjerstina skulde vera så klein; skulde ligge for døden. Åsel venta ei stund, og Ola berre tagde, – Ho Kjersti Rønningen var her i går-eftas da eg kom heim. Det var ikkje for det vonde ho kom, det såg eg straks. Ho tilstod alt ho visste. [100] Ho kom derifrå; hadde ikkje bud med, ho vilde berre eg skulde vita det.

Andlete til Åsel bleikna utor i rædsla, no da det måtte seiast:

«Det e' 'n *Peder!*»

Ola nikka urlite, at det var vel så ja.

«Dem hi vøri forlova. Og ho e det *slik* med a – – det kom *fer tili!*»

Ola sat som han hadde sitte. Men no manna Åsel seg opp og såg på han. – Ja, noko må vi gjera, sa han. Det har ikkje komme utover byda da, trur du? – Nei, ho Kjersti trudde ikkje det. Og *ho* lova å tie med det. Åsel sat og vart underlig stivsynt no, auga rann så langt i veg, men munnen var bortglømt og livlaus som eit ar i andlete. No henta ho auga inn att. – Du må reise bortover du, Ola. Og høre korles det er. Så får han Peder gå den vegen det pekar; visst det er så gale. – Eg? Er du – – nei! Umulig, det er tusen ting i vegen for det; han stirde fortunla

på henne. Han vart sveitt før han kom seg til ro att. – Nei, er du *Åsel*, så reiser du sjøl. Kva meir du gjer, det veit du vel sjøl, når tida er der. – Ja ja. Berre du vilde vera med meg, Ola? – Eg kan no skysse deg.

Åsel tek seg over panna og auga: Det er så rart. Det kjem så for meg, at dei vil ikkje sjå opp på meg; eg får inga bukt med dem; det er ansles enn det har vore. Men, som sagt: bortover det må eg vel.

[101] «Æg må snakk med 'n far,» seier ho med seg sjøl, da dei går ut att. «Æg må ha eit *ord!*»

Ola sat inne hoss faren med ho gjorde seg ferdig. Så kjem ho òg dit. – Sterkare er ho ikkje, tenker Ola. Ho forteler faren korles det står til borti Juvika, beint fram og utan å blykte.

Anders sitt med andlete imot henne. Så blind synes Ola han aldri har set han. Det var mest likt til han snudde auga ut inn og stirde andre vegen. – Verda ho larkar og går, sa han da det hadde vore litt. Ho går sjøl, gamla. Ho kan undvera oss, og ho kan skikke bud på oss, det er som ein sjøl tek det. Ingen ein er det han trur han er. Det er uroa som driv verke, både i klokka og i verda.

«Ja men, ka ska æg *gjera*, far?»

«Sett dæg ned og vent, ban. Som du gjord før.»

«Ja, *sei* du det, far?»

Anders rista på hovude: Neida, neida, ho skulde ikkje høre på han. Hør aldri på den som bli attliggande. – Men han har fare åt som ein skarv, hører du! – Å ja da, det har han vel. Men eit skarvstykkje, *Åsel*, det er aldri det verste. Det kjem berre for meg ein ting. At til Juvika skulde han ikke ha fare etter gifte sitt.

Åsel fekk som eit mørkraudt hy over heile andlete, og munnen han slakna og han drog seg til att. Så tek ho tungt etter anda: – Det var det eg visste ja. At eg måtte få som eit varsel!

[102] Anders lo: «Vil dem mæg vel no, så får det syn sæg!» skulde du seie. Det sa eg ein gong. – Han er galen og ikkje rett, han! sukker ho og går ut. – Det skal du få meg til å tru, lo han. Skuggen er galen støtt han, når han vil vera menneske. Men uroa, som sagt, ho driv no verke; og eit skarvstykkje veltar ikkje lasse for ho

Åsel ikkje. Men her er for stilt i kring meg, eg bli forfæld snart: Finns her ikkje folk i bygda lenger? Sitt dei i kammerse sitt alle i hop? Det er einast denne gutladden til dyrlægen, han som skaut Fagergåsa. Er det såpass til musk i han, at han snur opp ned på nokon ting, trur du? Hm?

Ola visste ikkje stort om det nei. Han hadde ikkje fått noko vett på politikken og det der.

Anders tagde. Og Ola kraup i hop under det.

– – – Åsel sa mest ikkje orde med dei rodde over fjorden, og heller ikkje da ho gjekk ifrå han nedmed sjøen. Ho gjekk fort og stø på foten oppetter. Stø og blind som lagnaen, tenkte Ola, – eg kan vera trygg; *ho* slepper ikkje take i Andrea nei. Han såg etter henne, som ein ser etter eit nytt og frammandt menneske, og han levna til og kjente seg glad. Slik ei kald og glad undring kan ein få om morgonen somtid, ein godvêrsmorgon om hausten.

Åsel vart meir still i seg, des nærmare huse ho kom. Javisst, her var det god gammaldags ^[103] velstand, og slik ei høg stu-bru dei hadde fått seg. Og måla uthus, eg skal seie oss eg. – Og no får eg sjå da, og kjenne. Er dei strie, så er eg det; og er det for seint, får eg gi meg. Men som han far sa – –

Ho leita inn i kårstua og fann Marta sjøl. Marta stod bortmed kokeomnen og skulde ha over ei lita gryte eller kva det var; ho var eit høgvakse og breilett kvinnfolk. Ho stod litt og kunde liksom ikkje komma på kven Åsel var, og så stod ho enda litt, før ho tok handa som Åsel retta fram.

«Kor det står te her da?» spurte Åsel.

«Du val no sjå at om du får setti!» ho flytta fram ein stol.

Åsel vart staande. Den andre vart urolig da, snakka litt om vêre, flytta på eitt og anna og skulde rydde unna; men Åsel stod der og såg på henne, og så måtte ho rette på ryggen og sjå opp att, måtte sjå på Åsel så godt ho kunde.

«Det e dåli med a Kjerstina da?»

Marta sette hendene på hofta og prøvde å rette seg meir bein.

«Ja, det e det, Åsel. Det vart dåli med ho ja.»

No gjekk Åsel og sette seg. Ho var så logn; det såg ut som det verste var over.

Korles hadde dei tenkt det no da?

Å. Dei hadde ikkje tenkt så stort enda. Ein fekk vera glad ho kom ifrå det med live, ^[104] såla. Marta retta seg tvert bein, så Åsel fekk vondt over ryggen.

«Ja stakkars bonn!» sa Åsel. Men korles hadde dei tenkt det, som sagt?

Dei såg einannan inn i auga eit tak, og Marta klipte kringt og rådløst med sine, – det vart som ei skamm om ein gjorde seg hard no.

«Å, vi ha no helst villa, veit du – –»

Åsel nikka med seg sjøl: Eg hadde så, eg òg, men. Men dei hadde vel ikkje latt det komma utover bygda? – Var det likt! – Kunde eg få snakke med veikja sjøl? Marta raudna til nedunder auga litegrand; så sukka ho og reiste seg. Ho skulde høre etter. Ho kom att med auga i golve, blunka til og såg opp på Åsel eit par gonger, mest som ho bad for seg: «Du får vel komma da.»

Kjerstina var ikkje attkjennande. Ho var hvitfådd i andlete og blå i leppene som ein nåe, blode hadde gått av henne så der var mest ikkje liv att. Åsel sette seg stilt attmed senga. Ho tok handa til gjenta, og no slo ho opp auga og møttes med Åsel. Det tok Åsel slik før ho vardest det, at ho sat med ein tåre nedetter kvart kinne. Marta, som stod attmed døra og vakta på henne, tok alt etter tankane og vilde takke Vårherre, at no var visst det verste over, no hadde Åsel git seg. Men så hørte ho måle til Åsel: – Visste han Peder det var slik med deg, Kjerstina? Gjenta rista på hovude, og Åsel såg på Marta. Det vart så trongt i kammerse, ein kunde kvamne. ^[105] – Nei, det var det eg frykta for! sukka Åsel. Og no er det for seint! No er det for seint! ho vogga med hovude i takt med orda, ho såg ikkje veg fram. Kjerstina la hovude åt andre sida. Ho var for veik til alt anna. – Eg veit du vil ikkje han Peder noko vondt, Kjerstina. Eg veit det. Og ikkje du heller, Marta. De er bedre baa to enn han hadde fortent. Eg bed ikkje unna for *han*, likevel. Men han har narra ei anna ei borti farligheita; det er det som er så vondt. *Han* får vel staffa si.

Åsel reiste seg. Ho var ulik seg i andlete og åsyna, ein kunde frykte for ho stod ikkje. Men det lyste av henne. Romme vart fullt med stort, smilande alvor.

«Vårherre får lønn dokk, han. Anna kann ikkj æg sei!» Ho tok handa til

Kjerstina; og gjenta måtte sjå fram att, og inn i auga til Åsel. «Du e likar hell – – hell æg kund ha vøri i din sta. Vi kann alder fulltakk dæg fer det her.»

Marta vart med Åsel utom døra. Ho glømte enda kjelen.

«Du veit, *vi* ska ikkj nemn ord om det. Når det står te slik,» sa ho.

«Når *ho* hi tilgit 'n, så e det ein hellig ting ja. Du hi rett ti det, Marta.»

Ho sa det same til Ola, da dei var i båten att. – Dei ser det, dei likså vel som du og eg, kva som er det rettaste. Og ho får du til Rønningen ^[106] og snakke med dem. Eg er ikkje meir godtil, for det første.

Ola såg det var sant som ho sa. Ho var utslitt. Ho var så langt ifrå han; det var så høgt opp til henne.

Dei drog en svartblank snøplog etter seg i kveldstilla over fjorden. Svarte, stille berge tok imot dem på andre sida. Ingen ting kan tie som berge kveldstider, når det står i sjøen og tek imot roaren. Fjellpyntar og bergaksler hadde sovna aust i himmelen.

Da båten var oppdregen, seier Åsel, og no er ho vaki i måle og nær attmed han: – Jaså ja, de vart du Ola som måtte syne meg den rette vegen. – Eg? – Ja. Utan deg hadde eg ikkje vorte vår det. Hadde ikkje hørt eitt ord av han far utan det nei. Og da var det liksom ein gav meg makta òg. Eg er eit nytt menneske, å kjenne til. Som i gamle dagar.

Og så var det ho som hadde gjort han til eit nytt menneske, syntes han.

V.

Det vart seinkvelden før Ola kom til Rønningen.

Farbror Petter var heime no, han hadde forderva eine foten sin i fjor og vart ikkje god meir, fór berre og krak med eit par stavar. Kjersti dreiv romme, med litt hesthjelp fra Håberg. Sonen hennar hadde fare til Amerika, men så ^[107] hadde ho tatt til seg ein veikj-unge frå plassane; ho heitte Anetta, og hadde gått for presten i fjor. – Petter var ikkje farlig karen lenger, det var mest berre gapen og trøyheita att i han. Gong og annan stava han seg til Håberg og snakka med

Anders. Det fanns ikkje vondt imillom dem meir, det var knapt at han stakk etter broren; dei brukte elles å late att kammersdøra når dei sat to-eina og snakka. – Når Ola kom, vart han gjerne glad. «Vi e no skyldfolk, vi to,» pla han seie, og han lo til, for han la mykje i dei orda.

Han sa det i kveld òg. Ola var vidunders lett og glad, og dautrøytt attåt, han slepte seg tvert ned borti benken og vart sittande og snakke i hytt og vêt, – herregud, no var han da gutungen att!

Kjersti var borte og baka for folk, og Petter fór og halta stua rundt og skulde finne eitkvart til traktment. – For du ser meg ut som du har fortent det, sa han. Du ser ut som du har gjort slekta vår ei stor tenest – du kom ikkje heimant no? Jaså, det har vorte bergingsmann tå deg. Petter leita, og endelig fann han ei flaske med brennvin; den hadde han gjømt unna, den tida synda sat i han, sa han. – No får vi skynde oss og få henne tom til Kjersti kjem heim, for henne har det vorte folk tå! Petter såg undersamt på Ola: Ho, som hadde meg til far, he? Ja, så pass ser vi og veit vi! Du og eg, Ola, med oss er det eit anna mål. Men Vårherre hadde vel ^[108] ei meining med oss òg. Det trur no eg, for da bli ikkje verda så krunglut å sjå til for meg.

Slik hadde ikkje brennvine bite på Ola før. Han drakk seg full i ein to tre. Aldri hadde det heller smaka slik å bli det før. Gjentungen, ho Anetta, gjekk og la seg. Ho stana på dørstokken som snarast, og såg på Ola, med ei lita grop millom brunene. Ho såg hjartans forundra ut, opna munnen og skulde til å seie eitkvart, men så vart det berre eit lite godnatt. Ola såg det gjennom halvsømnem, og ikkje lang stunda etter seig han i hop i benken og sov.

Kjersti tok eit teppen og breidde over han, da ho kom heim. Ho pakkar teppene vel omkring han, og stryk han over håre: – Du er ein gudsengel. Som han bror din var. Og same tullvallen som han var. Så!

Kjersti gjekk og la seg, men ikkje Petter. Slik ei helg hadde han ikkje råda til å sova bort. Og jamenn var ikkje Ola så snild han vakna, da det leid utpå litt; han såg opp og grein imot lyse og Petter. – Kor har det vorte tå meg? sa han. – Trudde vel mest du hadde komme i paradise du! lo Petter. Gi deg tida og vent, ban. Nei, flaska ho er tom. Heile verda er tom. Det veit vi da, du og eg ja.

Petter snakka, opp etter alle veggene, men Ola kunde ikkje bli stø på kor pass full han var. Ei stund sat han og banka i bordkanten med pekefingen og gjorde som han blistra attåt. Så ser han på snei opp på Ola: – Du trur ikkje [109] på Vårherre heller, du, veit eg? Nei, og det gjorde ikkje eg heller i din alder; eg var fri mann ja. Men spør meg no! Ein ser berre med den litle tingen: at eg brennte opp kirka, og no skyldar dei på meg at eg har stole sau oppi fjelle her. He? Eg som har ho Kjersti gåande her og vakte på meg? Javel, så gjer dei henne til tjuv òg, da først går det opp i opp. Da først svi det. Slik regjerer Vårherre, og da må han vera til. Å, eg veit om *mangt*, gut, som kunde ha vore trøyheit, eg er full av liv og spell enno. Men så hemnar han seg på henne og på veikjungen, – så veit han det bit på meg. Meg vører han ikkje, han veit eg bli han for glatt; slik som det var med han Jakob vi las om på skolen. Petter tørhostar litt: Du skvatt så, da eg nemnte kirka, Ola? Visste du ikkje det var eg da? Visste ikkje *du* det. Nei nei. Det vart no mitt verk, san. Storverke mitt. Kor bli det tå ditt, meiner du?

Petter løfta flaskka imot lyse fleire gonger. Men ho var tom. Ola hadde vakna litt om senn. Auga hans flakka att og fram over Petter. Petter blunka og stakk med eine auga: Eg kunde gjera som eg vilde, ja, du skjønner vel det? Når eg ikkje trudde på Vårherre, måtte eg vel nytte friheita og finne på eitkvart; eg kjem så godt i hug korles det var. Heile tida syntes eg at eg var småguten og fri kar, liksom når ho mor var borte ifrå garen, å, det var leven gut, å vera frimann! Eg merka det etterpå, at han *var* der. [110] Men det var bra, var det, at dei andre trudde på han, der eg fór. Elles hadde dei vel slått i hel meg.

Petter sat og såg på Ola, som halvsov med opne auga og vakna til alt i eitt. – Har du lagt merke til ein ting, Ola? At Vakkermannen nådde i han far din òg. Måtte ta og stoppe han midt i renne, kar, enda så vel forlikte dei to var. Da trudde ikkje Anders på han lenger, ha ha ha! Men da måtte eg til; da skjønta eg vi hadde han over oss. For den eine har ikkje rett til å rå og rike over den andre, forbanna om han det har! Men gjerne for meg, for resten! For da har småmannen retten til å vera den han er, han òg: til å vera vond! Men eg held ikkje med Vårherre heller, for det om eg trur på han, – han har ikkje nokon rett til å gjera som han vil, han har ikkje rett til å gjera den eine liten og den andre stor; eg seier nei! Eg seier nei, til eg får kjeften full av mold! Men gjerne for meg. Så har han gitt meg retten til å

skape meg rang imot han. Når det berre ikkje hemna seg så beiskelig på dei andre, på ho Kjersti og veikjungen – han gjer visst slave av meg lel.

Petter stavra seg kram til kammersdøra og kika inn:

«Søv a, ho Anetta? Ho kom fer mæ så krimfull og puskt her i kveld, e a ikkj fresk tru?»

«Ti still no far, og ikkj vekk a!» bad Kjersti.

Petter kom og sette seg att, men rista først på flaska.

[111] «Ja no veit du kem som brennt opp kjerka,, Ola!» Petter lo og bad han *tenke* litt på det når han kom for seg sjøl. Å, men sjå, eg tok til ifrå gale enden, sukka han. Berre gap og skøy og fakter. Sei meg, Ola: Her må ho vei komma *ein* eingong som det er litegrand egg for? Ein som tek til for svarte ålvore? Kva vil Vårherre med denne folkfjøllden sin verda rundt? Han skulde akte seg. Det skulde ha vore pengar verdt, gut, om dei slo seg range for han alle i hop, og sette elden på! Ikkje berre som eit lite pek, nei ikkje på Petter-vise, men i eitrande develskap. Tok kvar-sitt hus og kvar-sin helligdom – bli dei aldri såpass ville nokon gong, tru? Men sjå, det er ikkje med dem som med meg; dei er fødd slavar. Og bra er no det. For han Anders og for Håberg. Og for ho Kjersti og veikjungen med, når ein skal komma i hug det. Vårherre er ein slug ein mann. Han let dei hjelpa seg å styre, med visdom. Så han Petter han er ikkje farlig nei; enda han er fjølgmennt i verda.

«Osså e her no ikkje så få tå mitt slag heller,» sa Ola.

Petter sat litt og tenkte på sitt. Så løfta han eine augebruna: Du, seier du? Berre skrapkaka du som eg, ban. Eller rettare sagt: Du er som du skulde ha vore sonen min. Eg tenker ofte på deg. Men eg er rædd deg, å kalle. Eg har set munnen din, somtid. Det er ein småmanns-munn. Du kunde suge blod. Du smiler [112] kvitt som ein sjøklein ein etter folk, etter søsterne dine til og med; og med kvart så ler du innvortes som Svarten sjøl. Du er eit kvinnfolk til kar! Og eg trur eg veit korles det smakar å gå og kjenne på det – sei meg: har du aldri tenkt på å gjera åt med deg?

Ola flatna til i andlete, så Petter såg kor det kraup oppetter vangane på han, og no var eine andletshelvtu stiv og kald. Han kunde ikkje få auga ifrå Petter, han

hadde vorte vår han: munnen hans gliste tannlaus og med blåbleike lepper til han, eit hoggsår som hadde gått opp att; og auga dei blunka så blidt og tett innpå ein at det svei: – Ta rennsnara kring halsen ja, og rømme ifrå heile stelle, hm? Ifrå alt i hop som ein ikkje vart. Petter vart litt høgare i måle:

«Du val no dryg tart brølloppe e over. Det stunda te helg i Håbergslekta, ban. Du hi ikkj vøri borti Juvikja nyst?»

«E det a Åsel du undres på? Ho retta sæ visst bein no, og tek sæ veig sjøl.»

«Å ja da; eit par høn-føtt framgjenom live.»

Ola kom ikkje til å sova den natta, men han låg og hadde det tålig. Litt gift var ikkje det verste ein kom ut for. Han låg og såg for seg Åsel, slik ho gjekk til gars i Juvika, og slik ho sat og tagde heimover. – No skal vi sjå da! låg han og sa. Om eg hadde hovude inni rennsnara, så jamisel tok eg det ut att ei stund og bia.

[113] Han vart på Rønningan langt utover næste dagen. Først fekk han Kjersti til å lova det som til skulde. Sea bar det i arbeide med han. Der var så velsigna mangt å hjelpe til med. Han og Anetta var oppi skogen etter ved, lesste på handvogna og drog heim. Anetta var lang og tynn enno, men eit kvikt lite ting; Ola hadde ikkje komme til å anse på henne før. Best dei stod og bonna og sleit med ein strange, sette ho i og lo, til han eller til seg sjøl eller kva det kunde vera, og da Ola såg på henne, såg ho på han att, beint på han, men med våre skygge auga; ho lo enda, og rista det tjukke mørke håre utor panna, men så tagde ho like brått som ho hadde sett i. Det hadde vorte så stilt i skogen, – ho stod visst på sprange ifrå han. Ho òg hadde vorte vår kor toeina dei stod her. Ola tok i reipe og gjurde åt. Men reipe var gammalt og rauk tvert av, og der sat han i lynge. Anetta lo ikkje. Ho hadde vorte raudlett, og stod og såg på han. – Slik har eg gjort all min dag, sa han. Eg har sett meg millom steinen og tuva. Ein sitt stødig da, men ikkje høgt. Han skjemdest, da han hadde sagt det, han ønska ho vilde ta til og le. Men ho gjorde ikkje det. Dei var så for åleine i skogen.

Det gylte og skjein over dem, frå fjellpynt til annan; og raudt lauv og brunt lyng alle haugane frammed, og så einer og stein, einer og stein; det kvilte seg i godvêre og heldt helg. Ola spurte om det ikkje var sundagen i dag? Anetta [114] lo ikkje no heller; ho stod og beit borken av ein kvist, og rista berre på hovude. Så

kastar ho kjeppen og ser opp. Ho er så tirande smaløygd no og smiler så nær han, ho står ikkje det minste på sprang ifrå han.

Ola smilte, han med, og sukka:

«Å ja ja san. Det e travali å lava.»ⁿ⁸

VI.

Ola var på vegen dit både dagen etter og enda ein dag. Men så let han det vera. I staden måtte han til Håberg. Han vilde sjå Åsel, sjå korles ho no var, og kva ho tok seg til.

Da han er midt for dyrlægen, tek han av og går inn gjennom hagen der, som ein hest tek ein gammal veg. Men dyrlægen og Arthur dreiv på og trilla ut frau til hagen, og det skulde ha vore gjort for lenge sea, buskane stod og venta. Ola vart ståande og glåme på dem med ein tom liten flir, som ein desforutan, – det var så lenge sea *han* gjorde noko.

Da gjekk han heller inn. Andrea var i kjøkene, og no kom ho inn med eit stort kvitforklæ på. Ho òg var i arbeide, dei låg i det som dei hadde betaling for det, kor han snudde seg.

Han fekk sette seg, ho viste bort til ein sess. – Ja takk, det var just det han hadde komme hit for. Han vilde kvile på; skulde til Håberg. Har *du* vore der nyst? han såg opp i andlete på henne. – Nei, ho hadde ikkje det. – Og ^[115] ikkje har Åsel vore her heller? – Nei? – Nei nei. Eg sitt berre slik og røler og drøler, når eg er i godlage mitt.

Andrea hadde komme tett borttil han, handa hennar låg på stolryggen hans; ho såg fortenkt ut. – Skal vi aldri prøve å spella i lag no meir? Du synge og eg spella? Ho vart så fint raudlett da ho sa det, og Ola kjente han svara med eit vondt grin. – Jau da, jau da, vent no urlite. Men sei meg: har du fått noko Nordlands-brev? – Brev? Jau, for resten, eg har da det, vil du vita det. – Kva seier han da? – Dei har stengt sild i haugervis, seier han, og selt henne med prisen var god, og dei på Segelsund har rive sund nøtene og mist si. Dei har gjort det godt, seier han. – Javel, det er så det. Det er så det, san. – Skulde eg ikkje få brev

da? – Stå no ikkje og snakk tull åt meg. Men *seier* han ingen ting? Forteler han ikkje noko?

Andrea vakna og klårna til i auga, og Ola smiler: Slik kan *du* bli ståande og undrast ja, du som er med i live, med hjarte opp i halsen for eit halvdrege ord. – Kva skulde han fortele da? – Fortele? Pyh! hør etter meg! Ei forlova gjente skal ertast og argast, ein skal preinast med henne, som dei seier, – og ser du ikkje eg har blodsugar-munn? Og ho Åsel har ikkje vore her, seier du? Nei, du veit, ho kan vel ikkje fara her og rakle støtt heller. Det var eg som skulde dit eit erend, og lat meg ha meg i veg med det er dag og tid.

[116] Andrea kom etter ut i gangdøra, og Ola sa farvel. I staden for å svara seier ho, – ho er brenntør i måle:

«Det *er* noe, Ola, det er noe du vet?»

Han rista på hovude:

«Æ villa berre sjå kor pass det beit på dæ.»

Det fór som vind i lauv over andlete hennar, at ho både tvila og trudde. Så gav ho seg til freds med det, liksom barne. – Vent litt da! bad ho, – ho vilde bli med til Håberg ho òg.

Ikkje lenge etter gjekk dei bortetter vegen.

Det var vestavind, og grått i vêre. Små regn-elingar kom snerande kring dem, kappsprang med vinden over moane og småbjørka, så innbitande haustkaldt og likesælt den eine stunda, og så hjartans grovt og godt straks etter. Imillom synte det seg blå himmel ute i nordvesten, og same strie åsyna der òg, ein måtte kremte seg opp og skyte akslene i vêre, slik friskt folk gjer det.

Slik var Åsel òg i dag. Ola sat elles ikkje lenge inne, han gjekk åt Kammerse til faren. Han kunde gå dit så trygt heretter, han vart ikkje spurt om verre ting enn han kunde stå for det.

Straks Andrea vart toeina med Åsel i stua, gjekk ho beint borttil henne og tok båe hendene hennar:

«Du skal svare mig på det, værmor, om der var noe mellem Peder og henne i Juvika?»

[117] Åselⁿ⁹ fargast av eit lite grand i kinna, men auga stod støe imot Andrea sine.

«E det nokon som sei det da?»

«Nei, men. Det kommer bare for mig – – det var bare noe som jeg – – – og jeg orket ikke ta ham da!»

«Du kann vara trygg, ban. Ingen ting nei. Æ va der sjøl her ein dan.»

«Var du?»

«Berreste eit erend. Men du kann vara oradd.ⁿ¹⁰ Så får dem lyg med dem vil.»

«Gudskjelov!» sa Andrea.

Anders sette seg og reiste seg fleire vendingar i dag. Somtid såg det ut som han lya. No snur han seg dit Ola sitt: – Kva du meiner dei har for seg inni stua no? – Dei smått snakkar og smått lyg, ventelig. – Hm! Anders rettar på ryggen: Det bers meg så for ja. At Åsel òg skulde bli nøydd til å ta den vegen! Ja ja, ho kjennner det best sjøl, – han svelte ikkje som dyrt kjøper. Men det skulde ha vore fanken så konsti du, å prøvd å leva utan å lyge, he? Fanken så konsti: å sjå kor det *gjekk!* Ta til ifrå andre enden liksom. – Å, det står til liv med henne no, sa Ola, og så reiste han seg og gjekk, han vilde sjå kor det vart av kvinnfolka.

Åsel hadde tatt med seg Andrea og gjekk og viste henne huse rundt.

Åsel hadde aldri visst ho hadde så mykje å syne fram, og aldri tykt det var slik mon i å [118] gjera det. Kvar kista og kvart åklæe frå gammalt vart til dyr stas, det ruvde så det måtte vinne over kven det var; dette var frå dei åra, og det her frå den gongen. Og ho, som hadde gruva så for å syne det fram til Andrea. Slik kan ein gå og rekne gale; når ein skal *rekne* seg fram. Andrea sa ikkje stort, og Åsel spurte heller ikkje. Mangt var der, som Andrea hadde lite vett på, ho tilstod det med seg sjøl, og mange ting var så vakre og rare at dei skulde ha vore hennar no straks. Men framfor Åsel var det så umulig å seie nokon ting.

«Og no gjer vi storbryllopp!» sa Åsel,ⁿ¹¹ ho sette hendene i sida. – Like vel ja, la ho til. For eg har tenkt på det litt velare. Eg fekk som eit varsel her. Og så er

det det, at Gjartru ho har ikkje meir vett enn at ho riv ned for heile slekta, ho veit ikkje vegen sin; ho må styrast.

Ola kom så han hørte det, og no tok han i med. – Du skal gjera litt ålvor tå det, den her gongen, sa han. Lat ikkje bysvingen vinne over oss. Håberg er for gammal til det.

Åsel såg på han, mest forfæld: Seier *du* det? – Gu gjer eg så ja. Eg vil sjå folk som trur på eitt eller anna. Eg vil sjå nokon som det er litegrand liv i! Håberg har sovna, synes eg, og korles går det i bygda *da*? Og du Åsel, du veit den rette vegen, du ser for oss alle saman, – jau, du gjer det, no i den her tida. Eg kunde mest takke deg! Han gjorde seg lågare i måle, det song så djupt og ifrå hjarte, ingen kunde [119] kjenne att han: Eg har ikkje havt så stor trua på han Peder, eg skal stå til det. Eg trudde det var gjort med oss. Men eg ser det no, at der er drekt i han. At der er ei meining i allting. Inga sak å leva, når ein kjenner her vil skje eitkvart, – du får syne dem Håberg denne gongen, Åsel.

Han snakka lenge, med dei gjekk frå rom til rom. Åsel fekk ein ank for bringa, reint som ho måtte tvile just når han trudde sterkast. Men det *måtte* vera sant det han sa, og meir til, for korles skulde det elles bli? – No, når eg har tatt meg vegen min framgjenom det, sa ho, best ho gjekk. No, når eg endelig er viss ein gong! Så rettar ho seg opp og ser på Andrea: Dyrt, dyrt! smiler ho fram for seg. – Ja? seier Andrea og ser frå den eine tingen til den andre; dette her måtte vera dyrt.

«Det gjekk så rart te,» sa Åsel, da dei stod og skulde gå ned troppa. «Æg vart ikkje var 'n Peder førn straks før han fór. Det va slik *gjøt* ti 'om – det va så merkeli. Æg kjent att meg – kjent att 'n far, vil æg sei. Å ja ja san; det kjem sæg, berre vi sett oss ned og venta, som 'n far sa. Vi hi no det vi ska styr ette på Håberg.»

Marjane, veslegjenta, hadde komme og gått med dem. Ho var grann av seg, og kvithærd; ho sa mest ikkje orde. Andrea tok handa hennar, men ho rykte henne kvasst åt seg, og ho såg no bitande kvitt opp:

[120] «Han Peder vil ikkj ha dæ, han jaga dæ på skogjen når 'n kjem heim!»

Andrea lo høgt og lukkelig, og dei andre lo med; men dei kom ikkje i praten meir.

Åsel gjekk åt kammerse til faren, da frammandfolke hadde gått. – Eg er snart som småveikjane, eg kryp åt kammerse når det bli mørkt, sa ho. Men det var no der ho hørte til, kor som var.

Andrea tok Ola så hardt i handa da dei skiltes.

«Du skal ha takk for i dag, Ola! Det var så vakkert det du sa om Håberg.»

«Ja ikkj sant? Kund æ ikkj få ligg i lagmed dæ i natt da?»

Ho vart så skræmt, ho vart både stiv og mållaus; og så fór ho opp gjennom hagen og inn. Han hørte ho læste døra, og da lo han.

DET STUNDAR TIL HELG

I.

[121] Nysnøen kom med nordavindsstormen, ein trevekes tid føre jul, og han kasta han i blauta. Da vart han ikkje liggjande, sa folk, det vart ikkje juleføre, og det var skrót, for her var mangslags trøytheit i emning til jul. Det spøkte for to bryllopp, og det kunde ein vel unne både dem på Håberg og på Segelsund, at dei fekk skikkelig føre, same kva ein tykte og sa om dem. Ein kunde ikkje fortænke Åsel i at ho vilde ha det som det hadde vore, for det vart no det vissaste å gå etter for nokon kvar, – og det var utrulig kor tida hadde bite på henne. Ho er gammal, ho som temmer, sa dei, og bygda har fått bukt med dem som stinnare er. – Og ikkje kunde ein laste Gjartru heller, for det om ho kava og vilde fram i verda, om ho vilde ha det lite grand *på vise*, – vi skal vel ikkje ligge reint still? Og så kjem ho no ikkje lenger enn Vårherre vil. – Og bryllopp var no bryllopp da, som før i tida, dei kunde seie kva dei vilde, det var jamenn godt [122] det fanns einkvan som hadde mote til å gå laus, slik tida no var, for ho var både grå og svart.

Berre no bruka vann seg heim i rett tid, sa dei. Det same sa dei både på Håberg og Segelsund.

Dei gjorde det. Da han gav seg med snølokke, sette landvinden til, og han stod

med seg veka ut, ståande vind heile leia sørover og ein kostar til bør. I landvinden fór dei nordover, og i landvinden kom dei att, det var som eit lite tegn å seie. – Da dei nådde Namdalsfjordane, auka han på til smått rokk, og da dei var utfor Håberglande og skulde krysse inn vågen, måtte dei i staden reva alt som revast kunde og sleppe seg beinast til Juvikvågen. Dei kom dit i kveldinga og hadde ein våtvoren sjau med å fortøye seg til natta.

Peder hadde meint han skulde ligge ombord, men Kal var stri på han skulde bli med i land. Dei var enda fullhyrandes mannskap ombord til å passe fartye og båtane; og Peder lystra gjerne Kal i slike ting, det vart meir som smågutfakter å legge opp i mot han. Ansles var det når det var silda om å gjera. Og i kveld var Kal så underlig, der han stod framfor Peder, det hadde vorte reine skamma å seie nei. For Peder *torde* gå i land i Juvika; han *torde* meir enn det.

På heile turen hadde ikkje Kal nemnt søstra, og ikkje heller lest han høre det notkarane fór og sleiva i om Peder og Andrea.

[123] Kal og Peder var venner og vel forlikte; men den eine visste aldri kva som budde i den andre, slik. Peder sa det med seg sjølv no òg: Eg er like slug på *han*; og det same kan det vera.

Folk hadde set dei kom, og der var stelt storveges i stand i Juvika. Men Kjerstina hadde gått og lagt seg att, straks det vart fortalt dei var på vågen. Ho var så veik enno, det var alt med seg at ho gjekk, og no vart ho mjo i knea, og svimren, ho vann ikkje meir.

Mora hadde tatt det så tålig heile tida, og serlig sea Åsel var der; dei syntes sjå det, både ho og gjenta, kva som vart det likaste for dem alle i hop, og det fekk dei gå etter. – For så smått folk er vi ikkje, sa Marta, at vi skal sette vondt imot vondt; den tingen han hemnar seg berre.

Men no i kveld, da ho såg kor hardt det gjekk innpå gjenta att, vart ho sittande på ein stol og rugge. Gong for gong beit ho seg hardt i leppa, og anka seg så smått. Kjerstina låg og lya, det såg ho på auga hennar. No hørte dei måle til karane utom døra; først Kal sitt, det var både høgt og breit, som eit anna skippermål her ifrå garen; så kom Peder sitt, lågt og likesælt, det var halvvore som frå ein innestengt ein.

Marta gjekk inn og baud dem velkommen heim, da ho skjønna dei hadde vore til bords. Ho vart staande bortmed omnen, med hendene under forklæe. Da ser Kal opp på henne, og så rundt i stua flytt for flytt. Det vart drypande stilt inne med han gjorde det. Einast Peder merka det ikkje. Han merka ikkje at dei såg på han heller, først Kal og så dei andre, knapt han hørte at Kal spurte kor Kjerstina var.

«Ho Kjerstina ja,» sa Marta, og dei andre såg stilt ned. «Ho e dåli ho. Ho e uti kammerse.»

Kal sitt ei stund og held i pipa; så gir han seg til å tende på henne. Det ser ut som han har vorte mindre raudbrun i andlete etterkvart. Auga løftar seg opp til mora somtid, stanar litt der, og så sig dei ned att. – Jaså ja, seier han da det har vore litt, han reiser seg og går ut. Han tek vegen gjennom kjøkene og til kårstua, småblistrande, Marta etter med eit lite tak over panna.

Peder sitt og røyker og snakkar med sjølseg-folke. Han er reint pratsam no, mest ikkje atkjennande, og forteler om turen og kva dei spør om. Dei hadde ikkje gjort det kleint nei; dei hadde rapa i vakkert med sild; og storveges til pris ja. Og fort hadde det gått, i ein røyk å kalle. Segelsund-bruke, å ja da, det vart da litt på dem òg, enda dei var uheldig og reiv sund nøtene. Nordland var eit stort og vidt land ja, kirkesogn for kirkesogn og fjord for fjord der, san, og utrulig med folk.

No kom Kal att. Han stod i døra, såg ein ^[125] gong i golve og ein gong opp på Peder. Han kremtar til og akslar seg:

«Du må komma ut i kammerse urliti, Peder. Her e ei som vil snakk med dæ.»

Alle saman ser på Peder, men han bli berre forundra, og så reiser han seg og bli med, ut gjennom gangen og inn i andre stua.

Da dei er bortmed kammersdøra, held han på og vil skumpa Kal unna og gå inn åleine, men så ser han Marta sitt der, og tenker seg om.

Det står eit lite talglys på borde og blyktar, og borti senga ligg Kjerstina, i kvit natt-trøye og kvit alt med seg, berre håre hennar har levande lett. Andlete snur ho halvt imot veggen.

Peder sette hendene i lomma og stod midt på golve.

«E a ligganes da?» seier han.

«Sjer så ut ja;» Marta reiser seg, ser litt rådløst i kring seg, så løftar ho auga oppetter han: «Ha ikkj oløkka vøri, så ha du havt dæ ein arving i emninga no, Peder.»

Ho går ut, og ho får med seg Kal, som står midt i døra; han snur seg og let døra att. No hikstar ho til eit par gonger, så armodslig uvant, og måle hennar held ikkje lenger:

«Ha a Åsel vøri i min klea no, – da – da – undrest æ på!»

Det kom inn i kammerse som eit skrik utant fjorden.

Peder kremtar høgt eit par gonger. Så [126] stig han bortåt senga: «Go kveld, Kjerstina!» Han seier det med høgt og lyst mål.

«Go kveld;» det var så vidt det hørtas.

«Jaså. Det står te slik ja. Men du kund no ha varskudd mæ lel.»

Inge svar. Berre tomme kvite andlete. Han står og ser bort i veggen ei stund. Så tek han i henne og snur andlete fram.

«Nei, nei!» bad ho.

«Ja men kofor sa du det ikkj med mæ da?»

Ho ser rolig på han, opp og ned over han med flakrande auga.

«Det var ingen mon ti det.»

Så snur ho seg ifrå han på nytt. Han stod der enno eit tak, men kom ikkje på meir å seie, og så gjekk han.

Dei lest som dei ikkje visste kor han hadde vore, da han kom inn i stua att, og ikkje var det noko å merke på han heller. Han såg på klokka, og lya etter vêre. Stormen mól tungt her i Juvika, han gjekk som ei gygrekvern oppi berge; lange rier var det liksom stua gav seg unna berre duren. Fjorden han hørtas som eit fossande kok av villskap uti mørkre. Det var storvêr, og det såg ut som Peder likte det. Han såg lognt på Kal: Det vart visst rettast ein av dem hadde seg ombord lel? For det var skadevêr å kalle. Kal gjorde berre med eine aksla, og det kunde dei sjå rakte Peder. – Som du vil, Kal! sa han tørt og tøyde på seg; her er godt

holdbotn i Juvika! – no smilte han enda [1127] med seg sjøl. Han ser på Kal att, han er isande still i andlete og spissar til munnen som han vil blistre. – Nei, du kan godt få gå ombord visst du vil; Kal ser ned for seg og bit i hop dei store kjakane. – Å nei, eg slår meg for her, det var noko eg skulde ha – –

Den eine etter den andre såg som snarast bort på han. Men han sa ikkje meir.

Morgonen etter hadde han spakna med vøre. Stormen hadde blåse opp regne og hadde slitt ut seg attmed det arbeide; heile himmelen var gråblå og seig av regnsky, og fjorden gjekk i svimringa og søya med daubåre kring lande.

Det var snart gjort å skippa pøre sitt i Håberg-båtane, og så gav dei seg på rake over fjorden.

«Du får ha takk for lagje da, te så leng,» sa Peder til Kal. Dei var ombord i jakta, og Peder gjekk over rekka og i båten.

«Ja sjøl takk. Og godt brøllopp! – æ e ventanes dit æ ò.»

Peder sag kvasst på han.

«Sei du det, du. Du held mæ fer ein slik ein ja, høyr æ.»

Kal togg og sputta bortetter dekke.

«Du kund no vent te du fekk sjå» murra Peder, og så steig han ned i båten og tok rorpinnen.

Dei fekk ein attpåstøyt av vinden da dei skulde krysse inn vågen, og kvar hadde nok med sitt. Da stod Peder og sa: No skal du få [128] sjå, mor! No skal du få sjå. At eg er mann for å ta på meg børa mi. Og mann for å bera henne fram òg ja. De skal få sjå det de ikkje har set før, karar – fir av i klyveren!

II.

Same dagen som bruke kom heim til Juvikvågen, steig det i land ein storframmand kar på Segelsund. Han kom med dampen, som fór der ein gong i veka. Folk tok det tålig fort, at det måtte vera Jens Håberg som kom heim ifrå Amerika, for det hadde vore fortalt lenge at han var ventandes. Ein stor og morsk kar var det, skjegglaus som ein ungdom, berre med storkars-bartar under nasen,

men ingen ungdom for det nei. Han hadde ein tullupp på som dei ikkje hadde set maken til: fotsid, og med skinnkrage som han kunde brette høgt opp over øyra, og så ei høg, høg skinnhuve, det var ein langfarande kar i eitt og alt, og han Jens måtte det vera.

Til Amerika hadde det fare mange i det siste, men få var attkomne og ingen hit før. Slik var det vel dei såg ut, folk derifrå, og du store verden for kister og koffertar han hadde med seg! Folk heldt seg litt unna han, det fall av seg sjøl; men gå heim kom dei heller ikkje på, for det første. Han pekte til ein mann at han skulde ta og sette pargasen hans der, borttil bryggeveggen. Straks var dei der alle mann og hogg i. Så er det endelig ein likeglad ein som stemner beint på han, og spør om det ikkje [129] er så at det er han Jens Håberg dette her? Frammandkaren såg både fort og kvasst på han. Jau, det var da det, – og var her ikkje hestskysst å få utover lande til Håberg? – Du får vera velkommen heim da. Velkommen seier eg! Hest jau, det skal her bli ei råd for. Du kjenner vel ikkje att meg nei? – Nei. – Det er han Petter Brudalen det her, eg var enda med og skyssa hit til Segelsund, den gongen du hadde kjøpt her, ja, du hugser da vel det?

Jens lo ein liten kaldvoren stubb, og tok han i handa: – Kjem alltid i hug den flyttinga mi hit ja, du kan vera stø på det! – og no spørst det, san, om eg ikkje kan komma til å flytte hit enda ein gong. – Ja, no er det ho Gjartru som regjerer her, du veit vel om det? – Nei. Veit ingen ting om det. Heh! Det var da som –! han bles forarga, og dermed snudde han seg rundt og gjekk oppover, beint ifrå dem og til gars. Heile hopen vart ståande att; nådde ikkje i han med eit ord meir.

Gjartru var alt hoss dyrlægen, i brylloppsgaren, som det heldt på og heitte no, der var så mangt ho måtte ordne med. Jens banka hardt på døra, og kom så drivande inn, beint imot Mina. Ho vart stinn kring munnen og i auga, for slik skulde dei ikkje komma stupande inn her i garen, og mest frykta ho for han var ein storhandlar frå sjølve kjøpstaden som kom og vilde sjå bøkene, her hadde nyst vore ein tå det slage. Ho venta så kaldt ho kunde. Ho visste ikkje [130] rettare enn at ho var både Håberging og frå Segelsund.

Han heftast elles ikkje med å fortele kven han var, og no syntes ho ho visste det før han hadde sagt to ord. Han spurte om det *var* Gjartru dette, og Mina lo slik som ikkje ho skulde gjera. Så tok han det, kven ho var, og ikkje lenge etter var

dei i kjøringa vestover. Han var ikkje den som kunde bie, han var langt ovan-om det, merka ho, og no skulde ho jamenn få føter under hesten; vi skal ikkje ha *bondeskys*! sa ho og slo på.

Gjartru vart så *med seg*, da dei kom, at ho glømte det ho stod med i handa. Han kom fossande som uvêre over henne, uroa allting både ikring henne og i henne, og så lo han beint ned over henne liksom ho var berre gjentungen enda. Ein kunde sjå kor ho kom seg og kom seg fort vekk, med ho såg på han og snakka med han, ho var snart yngre enn Mina, berre ungdommen alt med seg, og måle det kunde einast Jens kjenne att:

«Det va det æ sa, æ, Mina, at her var meir godt i vente, æ har kjent det på mæ i lang tid, – æ visst da vel det va slik du såg ut når du kom!»

Men Gjartru sette hendene i sida og stod stø og still. Dyrslægen syntes ho voks både i høgda og breidda, – no snudde ho seg til han: Lat ^[131] oss så gjera det eg nemnte her ein dagen, vi gjer det, tek ut denne panelingsvegen og får til ei skikkelig stue, ein *sal*, for elles er det umulig. Vi skal ha bryllopp her, som du kanskje veit, – ho snur seg til Jens att –, og det var ikkje meininga vår det skulde bli berre skamma, kva seier du om det? Jens nikka berre; han var litt stivøygda av seg, såg ho, det var vel denne lange reisa. Og så er ho over dyrslægen att: Det var ganglofte da, som sagt, det må innreiast til kammers, til det andre brurepare, – *vi* betaler, som sagt, men lat oss få det i stand skikkelig. Dyrslægen kunde gjerne dra på den mannvonde truten sin, ho såg han gav seg. – For det er det med dette brylloppe, seier ho til Jens, at ein kan ikkje sleppe take i bygda heller, når ein har det, og skal ha det.

Jens såg på klokka; han hadde gull-ur. – No får eg sjå til Håberg da. – Til Håberg? Var det likt, nei no kjører vi heim til oss, hesten er vel ikkje spretta ifrå? Du gjer meg ikkje det, Jens, at du ikkje bli med heim i kveld, til Segelsund? så skal eg skysse deg til Håberg i morgo den dag, – for det er så rart for meg, at du skulde komma heim no, til brylloppe. For du forstår meg, det veit eg.

Jens lea på eine aksla, som i gamle dagar, og gav seg. – Men hels til Håberg da, at eg har komme og er ventandes dit, sa han til Andrea og dyrslægen. Og så bar det austover med dem.

[132] Førre hadde alt stormen gnage vekk, så dei kjørte med kjerra, og dei humpa på berr-tælen så det svara i berga der dei fór. Stormen stod beint i syna på dem, og han var mannbitsk, sand og grus stod i ein røyk imot dem somtid, og ein stad hadde enda ei gran-telle blåse ned tvert over vegen for dem. Jens murra og smått banna, men Gjartru påstod det var berre godlåta til vêre, dette her, og i morgo var det stilla og solskine att; ein kunde høre det på songen oppi fjellbruna; han var berre kåt.

Ho fortalte om seg og sitt. Ho hadde ikkje sett det så vel for seg før no i det siste, sa ho, kva dei sikta etter og vilde nå i. Det har gått så rart med meg, det er som ein frammand ein har løfta meg opp! Bygda, ser du, det gror ingen ting i henne meir, det står stilt, det er berre armoda og småmannen kor du snur deg; det var ansles i hans far sine dagar. Her har ikkje vore nokon som har rørt nokon ting, men no skal dei få han Arnesen; det er han som må legge ryggen til no. Han er den einaste her som har vore utom døra. Vi er dei einaste som veit korles det skal *vera*. Du skal *tru* ho er gammaldags no, bygda her!

Bygda? sa Jens og såg ut i vêre, opp etter lia, der granene la seg unna vinden og let han klå seg.

Bygda ja, det var just det, tok Gjartru i. Det er slutt med den tida, at ein berre kan tenke på seg sjøl, det veit *du* som kjem ifrå eit [133] anna land. Og det er det eg kjem i hug: at der vi går føre, der kjem dei andre etter! Det er det som er tingen sjøl. Det sa han far så ofte, minns du vel?

Jens sa ikkje noko større; han berre harkla og kremta; han måtte vera krimfull, trudde ho.

Men det var ho Åsel som la seg på tvert for dem. Gjartru fekk ein annan tone da ho kom inn på det. Ho Åsel ja, det har gått ein annan veg med henne. Du kjenner ikkje att henne, Jens. Det er berre småmannen der, – han Kristen vil eg ikkje snakke om. Ho ser ikkje handa framfor seg; ho *vil* ingenstads. Ho ligg og brer liksom høna på det ho får under seg. Det er Håberg og Håberg all dagen det – vi er vel ifrå Håberg fleire enn henne? Ikkje sant?

«Du har ingen gutt-unge da?» Jens løfta i brunene og spurte tørt og truverdige.

Nei, desverre, det hadde ho ikkje, og det var vondt nok, men for det måtte ein vel både opp og fram? «Og no har æ vunni mæ så langt da!» sa ho, og i det same svinga dei fram på Segelsund-gjorde.

«Vann mig så langt som hit en gang også!» sette Jens i og lo. «Var her virkelig, men jeg var *snar!*» Han flirte så det skar imot vinden. «Den gangen var jeg for resten heldig som ein tjuv.»

«Ja, no e du vel bra rik?»

[134] «Å, well, jeg har da gjort en del penger. Solgte en totre av eiendommene mine før jeg gikk hitover. Har gjort en del penger ja, det kan man der over. Kom hit og tenkte å ta Segelsund, jeg har jo det som skal til; men jeg kom for sent. Men hvordan er det med 'n Ola? Går 'n frem, eller –?»

«Å han, stakkar! Det har jo aldri vært stort om han, veit du. Bareste musikken det, og går der som ein annan bond-kall; han *vil* ingenstads han heller. Men invendi, hell ka æ ska kall det, der e'n tå eit finar slag; han veit koles det skuld ha vøri. *Han* har aldri a Åsel fått noko tak på lel, æ e glad for det.»

Jens såg seg rundt, da han steig utor kjerra på Segelstad-tune, såg eingong på husa og eingong utover jordene og sjøen, og så lo han med seg sjøl:

«En konge på et ness! Ja ja ja, san.»

III.

Det vart ikkje så Åsel fekk noko bud om Jens den dagen, og dagen etter var det notbåtane som kom først. – Jaså, har dei vore om Juvika? sa ho; ho vart ståande halvsnudd imot Kristen, som fortalte det. – Det var vêre, sa han. – herre gud, *det* veit eg vel. At det var vêre som styrte dem dit. Men lel så – –

Hon såg det straks at det var eitkvart i vegen med Peder. Så attlæst og vekk hadde [135] han ikkje komme til gars før. – Du er trøytt, meiner eg? Nattvakande kanskje? Var det ikkje eit huskje vêr i natt? Det fiklast for henne med ho gjekk og bar på borde åt han, ho måtte gå to gonger i same erende. Kristen spurte han òg, om det ikkje var eit bask å berge båtane på Juvikvågen i natt, og Åsel stana i døra og venta på svare. Peder retta på seg, og no såg han beint på mora:

«Æ låg no oppi garn, æ fer minn del.»

Han gav seg til med maten att, og Åsel gjekk ut etter kaffe.

Når dei hadde fått seg mat, skulde karane nedåt sjøen og skippa opp, og Åsel var på berre live for å få tak i Peder først. – Eg har aldri set han så utsliten, sukka ho uti kjøkene. Endelig tok Kristen huva og gjekk; han hadde henne liggande attmed seg på borde gjerne. Peder vart gåande og leite etter si. Smågjentene var inne, og ei av tausene. Da går Åsel åt døra til øystrestua, ho snur seg i døra og ser på Peder, og så går ho føre.

Og Peder kom. Han kom stigande inn som eit frammandmenneske. Andlete likna mest på eit som var utskore av tre.

Jaså, han var innom i Juvika? – Ja, han var da det. – Ja ja, Peder; eg har vore der eg òg. Og det som er for seint, det er for seint – eg har snakka med dem. Det er som eit lite vidunder, og som eit tegn, synes eg, at det ikkje har komme utover bygda: her er ingen ^[136] som veit det. Og veikja ho har meir vett stakar, enn nokon skulde vente, – det er over no det der, du får be Vårherre tilgi deg, og det veit eg han gjer, for det har *ho* gjort, det sa ho til meg! Så det er over no det der ja.

Åsel snakka fort og ulikt seg og kunde liksom ikkje stanse. Peder løfta på hovude eit par gonger, og meir og meir forundra. Han fekk ei grop millom brunene oppetter. – Og no har vi tenkt det slik, sa Åsel, at vi held dubbeltbryllopp, hoss dyrlægen, no i jula, eg har snakka både med han og ho Andrea om det, det var enda ho som vilde det; vi får bryte med skikken, lat oss vera så pass; det er liksom på ei ny grein no, veit du, ho Andrea er inga bondeveikje, – og så må vi halde styr på dem på Segelsund, så det ikkje går over stag. He?

Ho såg på han og venta. Han såg ut gjennom glase, la litt på hovude av og til, drog i eine munnvika.

«Ka du sei om det Peder? He?»

«Ingen ting. Fer det vart ikkj noko bryllopp, sa vi.»

«E du gælin du?»

Han retta seg meir og meir bein; han vart attgager liksom eitkvart braut han den vegen. Han slo flathanda tungt i vindaugsfatinga:

«No ska det syn sæ da, om vi e vaksi-folk hell ikkj. Og det kann du hels dem med, all samma. Æ e ikkj den som kasta frå sæ børa si ikkj; om a e aldri så tung.»

[137] Dermed gjekk han. Men Åsel kom etter. – Du får no tenke deg om, Peder! sa ho da dei var utom døra. – Takk, det har eg gjort. Det gjorde eg i natt. Åsel hadde heitna til i kinna, og auga vart farlig levande og tett over han: – Eg trudde jamisel du var mindre – e – – at du var hardare i egga enn slik ja.

Han snudde seg til henne, han var reint flat over andlete; men så kom han seg fort att, og smilte og snudde seg vekk:

«Du får i korsinamn hald mæ fer det du vil. Æ ska gå ålein imot bygda, va meiningja, ska bara børa både fer mæ sjøl og slekta ja.»

Åsel vart mjo for dei orda. Andlete losna drag for drag. Ho såg lenge på han.

«Ja, e det *slik* – – da får Vårherre vara med dæg. I alt du gjer. *Da* får det stå te ja. Verst vi hi tinga lysing te syndan komman', som du skreiv om.»

I det same kom Marjane springande og halvt kviskra og halvt ropte, at det *kom* ei oppover vegen her, sjå etter, Peder, om du skulde kjenne henne, for eg kan ikkje få til kven det er! Gjentungen var stinn av skøy i auga, men dei såg ho snakka sant, og no kom Marta, som var dauvstumm, og prøvde fortele det same.

Åsel tok etter anda ein totre gonger.

«Du får vent da, Peder. Du kann likså snart sei det med ein gong da!»

Ho tok med seg ungane inn.

Men Peder stod berre til døra var att, så slengte han på seg og gjekk. – Her står eg [138] ikkje som ein annan påle og ventar! han drog hånlig på andlete. Nøtene må vel opp med sjøen er oppe? og ho får da tidsnok veta det. Dei skal få det tidsnok, heile bygda.

Andrea kom småflirande: No kunde dei visst fortele einannan nytt, ettersom det såg ut for. Åsel såg på henne, ho gådde ikkje meininga. – Vi såg båtane, sa

Andrea. – Ja, dei er da heimkomne – du råkete ikkje han Peder da, uti garen her? – Nei? – Han var vel alt på gonga nedåt sjøen da. Han var vel alt på gonga ja. Dei skulde skippa opp på floa. – Kan da ikkje tru han rømte garen for meg? lo Andrea. Men du spør ikkje meg om nytt? – Kjem *du* òg med nytt? – Eg kan helse frå han Jens, mr. Jens Håberg frå Amerika, nei, Jens Andersen, omforladels! Og så fortalte ho det som var å fortele.

«Ka du forteli no?» Åsel spurte oppatt eit par vendingar. – Jaså, ho tok han med seg heim ja. Det gjorde vel ho Gjartru ja. No gav Åsel seg til å legge den eine handa oppå den andre, på det vante vise sitt. Andrea fraus mest for dei hendene og for auga hennar, dei var så lysblå og kalle.

«Ja ja,» sa Åsel hardt. «Det kann hend det kjem ut på eitt herette.»

Ho reiste seg og gjekk åt kjøkene, men snudde seg i døra og spurte om Andrea drakk ein kopp kaffe? For ein fekk *spøre* slike, før ein sette fram. Andrea sa ja takk.

[139] Før ho hadde kaffeen ferdig, kom Gjartru og Jens kjørande. Åsel såg rolig utgjennom glase, og så gjekk ho åt kammerse og fortalte Anders at Jens hadde komme. – Trur du ikkje eg hørte det? Hørte de nemnte det ja, – eg har lange øyra eg, må du tru, som ikkje umakar meg med å sjå. Kallen kom stabbande inn i stua, og sette seg med ei av gjentungane på kvart knee. Andrea sa farvel og gjekk, ho vilde heller komma att i morgo. – Eg har ikkje så lite å gjera no for tida, smålo ho; og Åsel sukka. Ho lya etter måle hennar og fotlage. Så ung kan ein vera, somtid. Så lettføtt kan ein legge i veg, når ein ikkje veit kor det ber henn. – Og er du så pass til kar, Peder, at du gir henne ifrå deg, da – da går det vel ein dag om senn. «Men det e *gæli!*» sukka ho, og så skyndte ho seg ut og tok imot frammandfolke.

Anders levna til og vart som eit nytt menneske, no da han hadde Jens for seg. Han fekk aldri høre nok om Amerika og den lange reisa dit. Han lo med heile det blinde andlete: Det kjem liv i meg, gut, når du forteler, eg bli som ormen i solskine. Det skal bli bryllopp her i lande, det er alt vi har å ståke med, – sei meg: dei fór vel med og gifta seg der òg, folke?

Da karane kom opp ifrå sjøen om kvelden, hadde Ola òg komme til Håberg,

og Jens og han reiv kjeften på einannan så det var ein lyst. Når Jens ikkje vilde ut med meir om Amerika og hendingane sine, sa berre Ola det var løgn [140] alt i hop, han hadde vel *lese*? Så skaut Jens pannehuda opp og kom med det som enno verre var. Stua var i ein surr av folk og snakk, og Peder sat midt i det liksom ingenting stod på. Han svara ikkje orde og forandrast ikkje eit lite drag, da Jens gratulerte han. Mora såg han ikkje.

Først dagen etter nådde ho i han så vidt ho fekk seie ein totre ord med han.

«Du *gjer* no vel ikkj a Gjartru den glea, Peder? At du sett alt i hop over styr fer oss? Fer da – – da veit æg ikkj meir!»

Det hørtes som ho skulde vera klemt flat over bringa, og knustra og sundgått innvendig; han vart ståande og sjå tomt på henne. Så aksla han seg, og bles hånlig framfor seg, og gjekk:

«Vi e no vel ikkj småbonn heller!»

Åsel måtte stø seg til eitkvart og tenke seg om, gong for gong: Det var da vel så at det var fredagen i dag? Og i morgo var det laurdagen ja, og da kom presten hitover kanskje; og sundagen var første lysingsdagen. Om kvelden måtte ho fortelle Kristen korles det stod til. Det skilde han ikkje, kom det for henne, for han var ein frammand ein her i garen, det var ho og ingen annan som bar det. Men det var det at det letta så å seie det med han Kristen, han var ein vegg å stø seg til, om han inga hjelp kunde gjera. Kristen sa ikkje stort no heller, han var så velsigna til å tie still. Forloving og [141] slikt la han seg aldri frami, hørte det berre så vidt og tenkte på andre ting, og han skjønna seg ikkje farlig mykje på det der heller. Det var ikkje så snaut for medel i Juvika, etter hans rekning, og hoss dyrlægen var det berre som ventande. Men, som ho Åsel sa, ein kunde ikkje fara berre etter det. – Han får reie seg utor det som best han kan, sa han. Og det var Åsel enig i. Slik fekk dei seie det ja. – Men er det ikkje rart at presten bur på andre sida fjorden? sa ho. – Rart det? – Ja. At vi ikkje la to pinnar i kors for å beie dem, den gongen dei kjøpte den nye prestegaren der? – He! Det var da du sjøl som fann ut at det var rettast slik, minns du ikkje det? – Det gjer eg vel. Det er det eg gjer. Det står og ser på meg no, synes eg. At det var det rettaste ja, og det beste for oss. For hadde presten budd på den her sida fjorden no, da er eg

rædd han Peder hadde vore der alt og sagt av lysinga. Enno er det lenge til i morgokveld, til presten kjem hit. He? Det er lenge tart, ikkje sant?

Jau, sa Kristen, men no sov han alt, og Åsel snudde seg i senga. Ho anka seg høgt:

«Da – da veit æg ikkj meir! For ho heldt æg på og såg så grei ein veig framgjenom det.»

IV.

Laurdagen kom, og da Åsel såg han i auga, kjente ho seg sterkare enn det som var i vente, same kva det var. Det var slik ein dag som [142] ho ønska seg han. Vêre var så stilt og lint, regnskodda hang berre som eit tynnt blågrått tørkle kring fjellakslene, og bjørskogen brunte det på og blåna det på heile vegen innerter, og utomkring oddane gjekk duren så grov og god. Han har ikkje vore her så ofte, denne dagen, tenkte ho, men han har gjernast havt med seg eitkvart godt når han var ute og fór; om ikkje anna, så har det vorte ein annan let på somme ting.

Peder såg ho ikkje stort til, han var nedmed sjøen og hengte opp not.

Jens gjekk ut og inn i dørene, og med kvart sat han inne hoss faren.

Anders vart ikkje trøytt av å spørre om Amerika; *der* måtte det vera liv, og kva var det helst dei dreiv med? Var dei ikkje naske til å stela der, når dei kom i lag så mange heimlausingar? Og hadde Jens vorte nøydd til å bruke handfeng nokon gong? Nå jasanya, dei skaut? Da var dei kalde å gå i lag med. Men ein mann var vel ein mann, og eit ord eit ord, hm? Det var godt å høre. For her, han visste ikkje korles det var vore her lenger; dei kjekla og beitest om kvar ein spon snart, og skreiv og grasserte, men aldri at dei brasa opp for *ålvor* lel; og det var eit kleint merke. Men korles var det å komma heim da? det vart vel litt langsamt? Og kva han vilde seie: Hadde han fått noko greie på denne dyrlæge-ungen, han Arthur, som vilde til med politikk og jordbruksskole og [143] det der? Ikkje det no. Han undrast om det var mann i bygda som det hadde uroa. Dei fór vel og fikta med eitkvart slikt i utlande òg?

Jens murra berre. Han kjente så lite til slikt. Det var meir på storvise med

allting der. Og her i lande vart det tull og tosk, same kva dei fann på; her var ikkje rom; her var ikkje luft.

«Ja sei du det.» Anders sukka. Andlete hans grodde til og vart gammalt att. Jens slong av ut.

Utpå ettermiddagen fekk han for seg at han måtte til Segelsund, for det hadde komme den tidna at Arnesen var heimkommen. – Og eg lova ho Gjartru å sjå dit når han kom, sa han. Det stemnar til storkar med *dem*, la han til. Åsel smilte berre. Jens snudde seg til Peder: Slå deg med du òg, gut, sitt ikkje heime her og mosagro! Peder stod litt liksom han hadde fått ein støyt. Som all snarast såg han over golve og på mora. – Eg kan no bli med eit stykke på veg, sa han.

Åsel fekk så vidt kviskra til han, før dei fór. – Du må no snakke med ho Andrea, før du gjer noko anna. Du gjer det, Peder!

Ho såg kor han avletast, og det fór mange små elingar under den fine andletshuda. Svara gjorde han ikkje.

Da dei kom til Segelsund, var både Andrea og Arthur der, og straks etter kom Ola òg. Arnesen hadde sendt jakta til Kristiansund med ^[144]silda, men bruke hadde nyst komme, så der var fullt liv i garen. Dei var tørste.

Jens og Arnesen vart som gammalt kjente, straks dei hadde fått seg ein pons, og dei hadde mangt å snakke om.

Peder drakk med, enda han var lite huga på sterkt. Så såg han seg rundt på dei andre som sat der, og det drog hardt og hånlig i andlete på han. Så såg han på klokka att. Ola sat som han vakta på han. Peder stegla under auga hans, dei var så små og grå og allvitande. – Kva det er *du* sit og ser etter? Ola var like rolig: Og du da? Du ser på klokka i eitt vekk. – Eg skal til presten, vil du vita det!

No såg han på Andrea, og ho på han. Men auga hans var underlig glasne og frammande for henne. Ho gjekk og sette seg attmed han, fekk enda smake av glase hans og fann i handa hans under borde. Ho fingra med dei store harde trælane. Slik sat det andre pare òg, bortmed eit anna bord. – Vart han ikkje full, så fort som han drakk?

«Eitt glas te no, så går æ!» han såg mest fiendsk på henne.

Gjekk han? Ja, da vart ho med, så mykje han visste det. Og i morgo da, Peder?

«I morrå, Andrea, da bli det ein annan dag Ein stor-dag.»

Men brennvine beit ikkje på han, og det hadde han vore ute for før. Han såg seg rundt i stua på ting for ting. – Så fint kunde det ha ^[145] vorte på Håberg òg, sa han til Andrea. – *Der* er vel fint nok, meinte ho. Han såg og såg: Omnen han rekk ifrå loft til golv, og på golve eit teppen å gå på, slikt eit som anna folk har på borde i høgaste høgtida, og speielen ifrå kongens slott – slik skulde det ha vore trøyheit å rigge ut Håbergstual Da hadde ho stegla, gamla. «Æ sei det ifrå mæ!» sa han, best det var, og dei såg opp alle saman. Han såg på klokka att, og nikka til Ola: no var presten kommen!

I det same kom Gjartru med mugga att og fyllte glase hans. Andrea bad han drikke litt mindre fort. – Det vilde eg gjerne ha føyd deg i, sa han, det hadde ikkje vore det minste grand for mykje. Men eg har større ting for meg enn det i kveld – du skal alltid få høre det.

Dei var elles vel påbrasa alle i hop, og Jens fortalte store ting ifrå Amerika. Han hadde vore med og grave gull enda, han hadde vore med i *mangt!* – Han! bles Peder. Han? Nei vent no urlite, å skyte en fiendsmann er vel ingen konst? Men no går eg. Det blir anna, det! Han reiste seg, og såg på Andrea:

«Kom!»

Ho reiste seg og kom, både rædd og lukkelig. Ola såg ho var like vis på kor det bar. Han for sin part visste heller ikkje meir, enn at no hadde Peder eitkvart gale for seg; han syntes sjå han var sveitt. – Det er mest som det held på og kjem liv i gutslåpen, sa han til Gjartru.

^[146] Da Peder gjekk over golve, kjente han at stua svangla kring han. Hovude var like klårt og greit, og han visste på ein prikk kva han skulde og vilde; det var verda som hadde vorte svimren. Andlete til Andrea var bleikt så det skjein av det, og bra var det, visst ho kjente her var eitkvart i vente. Han bia i gangen, med ho tok på seg kåpa, det ranns enda for han at han skulde ha hjelpt henne med det, men han vørte det ikkje, det kunde vera ugjort. No var dei utpå troppa, og kveldlufta ho var kald og god, og himmelen synte fram stjernene. Men der heldt

det nokon på og sloss nedmed krambuveggen, og ein heil karflokk omkring dem og fekk dem ikkje åtskilt. – Kniven! ropa dei, og Andrea hogg i Peder over armen. Peder spring nedover og beint på slåssarane, ser kniven i farten og får tak i handa som held han, – der fór kniven, og der låg der *ein*, men no er det i eitt kok med nevar omkring han, og Peder slæst stilt og kaldt, med støyt for bringa og dask oppunder haka, til dei står i ein tvilrådig ring omkring han. Han ser seg i kring og ler: Var her ikkje meir å gjera?

Da sanglar det kring øyra på han, eit heilt regnvêr med kvasstennt ringling, og eldstjerner sveiva for syna. Det var ein som hadde lagt til med ei tomflaske over nakken på, så han gjekk framlanges og vart liggande. Han var alt oppe da Andrea kom og fekk tak i han, og så leidde ho han inn. Ho fekk med seg ei av [147] tausene med lys, og fekk han med seg opp troppa utan større bry og inn på eit av lofta. Han blødde nokolite, men såre var ikkje stort. Ho batt over det så godt ho kunde, og med ho heldt på med det, sovna han. Han mumla noko om presten og ei tung bær, men det var ikkje botn å få i det, og no sov han trygt og godt, var det likt til.

Andrea gjekk ned og snakka med Gjartru om det, kviskra det berre til henne borti ei krå. Men det var snart utover heile stua. – Full, full! lo Jens, og dei andre lo med.

«Full?» Andrea snudde seg ifrå dem, mest på gråten: «Di skulde ha *set!*»

Ho gjekk på lofte til han att, der var ingen annan stads verande. Ho hørte dei storflirte etter henne.

Det vart langt på natt før dei stomla seg til sengs. Mina var oppe hoss Andrea som snarast, ho fortalte at dei to skulde ligge i lag på lofte attmed, og lo og sa elles både mykje og mangt som ikkje Andrea fekk tak i; ho måtte visst ha smaka flittig på glase hans Arthur. Andrea sat og venta på henne ei dryg stund, men da ho aldri kom, gjekk ho og la seg.

Ho hadde sove, det var visst lenge, og svartaste natta var det, da spratt ho opp og sat i senga og lya: ho hørte eit skrik. Og Mina var her ikkje. Det måtte vera Peder ho hadde hørt, og ho spring opp og famlar seg dit.

[148] Han sit i senga. Han òg har hørt det skreik, og han spør kor han er. – Det

er da berre eg, seier Andrea, og eg trudde det var du som ropa. Det er berre eg, Peder! Korles er det med deg?

Ho la handa på panna hans, og han legg seg attover i senga att og sukker. Andrea kom i hug, at slik skreik det visst på Segelsund nattens tid, frå gammalt av. Og kor har det vorte av Mina? seier ho med seg sjøl. I det same fer det eit grøss gjennom henne, at Peder ligg blå vaken. Ho vil reise seg og gå sin veg att, men da tek han armen i kring henne og dreg henne opp i senga til seg.

Tidlig om morgonen vakna Andrea ved at ei av tausene kom med kaffe på senga til dem. Andrea hørte det tok i døra og vilde ha sprunge sin veg, men ho var så forfæld ho kom ingenstad. Peder tok det rolig som han tok allting; det var mest som han var mo åleine. Gjenta drog ikkje på smilen eingong. Forlova folk låg i lag dei, slik var no det; dei gjorde det visst om dei var utrulig fine. – Eg kjem ifrå det andre pare, sa ho, – og no sett eg stelle her.

Dei drakk kaffe. – Vi har ikkje anna å gjera no, sa Peder. For seint er for seint.

Og etter preka lyste presten for Peder Folden og Andrea Veem og for dei andre to. Åsel sat og hørte på det, og lea ikkje på andlete. Men ho smilte den litle fine smilen sin, da Gjartru kom og fortalte korles det hadde gått hoss ^[149] dem laurdagskvelden. Og da dei gjekk heim, sa ho med Kristen, at hadde Gjartru *rekna*, denne gongen, så hadde ho rekna gale. Det bli gale støtt når ein skal rekne seg fram. Ho gjekk ikkje fåfengt med mugga, lo ho; ho skal ha takk for skjenken. Og så seier ho med seg sjøl, men underlig høgt og tynnt:

«Men *ei natt* va det no da, som æg kjem te å minnst. Ho va lang!»

V.

Eit par dagar etter rusta dei seg og fór til byen og kjøpte til bryllopps. Peder sa ingen ting, han kom berre og vart med. Dei slo seg i lag på Håberg og Segelsund, og tok ein av notbåtane til Håberg-bruke, ein dei kalla Kvikk; så kunde kvinnfolka vera urædd på ferda. – Dei skulde ha tatt dampen, sa Gjartru, men det var det at han gjekk berre ein gong i veka. – Dampen? sa Åsel; og så

snudde ho seg til sitt.

Ho sa det same da dei hadde komme seg i roinga: Dampen? Lat oss ikkje snu opp ned på verda heller!

Og slikt godvêr dei hadde. Sjøen var som glasruta, og lufta så mild som sommars dag, karane sat i undertrøy-ermene og rodde, og kvinnfolka i midtromme kunde ta av seg både sjal og kåpe; sola kom enda opp og synte seg for dem, og lande det smilte att som tidligaste haustdagen.

[150] Det var både Kristen og Åsel frå Håberg, og Peder, og frå Segelsund alle 3, og så var det Arthur og Andrea og ein totre skysskarar.

Godvêre heldt seg med dei var i byen, og der vart dei på tredje døgne. Segelsund-folke vart aldri ferdig, enda dei hadde skrive heilt til Bergen etter mesteparten av stasen. Kasse etter kasse kom dei med og stuva ombord. – Ein kan reint få froste i seg, sa Åsel. For det *vi* har kjøpt, det bli visst jamgodt med ingenting å møte opp med. Ho sa nei gong for gong, at no fekk dei ta til vettes, no var det slutt, men så bar det i veg att. Det var ikkje ho lenger som tok ut varene, det var dei som tok henne, og kor bar det her av? Ho kjøpte seg silkeskyse med skinnkantar på og sløyfer og stell, som ho var ei anna storkarsmadam, kysa var kjøpt før ho sansa seg, forlate henne synda. – Ikkje for det, sa ho, dei hadde bryte skikken før, dei på Håberg; og pengane fekk det vera som det kunde med; men kor bar det av, som sagt? «Men sjå, æg villa ikkj du skuld skjemmast tå mæg hell» sa ho med Andrea, og Andrea såg lyst og godt på henne, – ho kunde gjera ein så godt all igjennom. – Kor det *bar* henn? småflirte Kristen. Det fekk ho neimenn ikkje spørre *han* om. Men, dei rusta no ikkje til bryllopps kvar dag.

Peder såg dei mindre til. Han hadde komme i lag med kjenningar frå noturane sine, der var både notbasar og skiprar og anna stort, og lettliva folk alt i hop, eine natta kom han ikkje [151] heim til lossmente eingong, og da dei råkete på han dagen etter, var han skjenkt og påbrasa, så der var mest ikkje ålvors ord å få av han. Men ein ting fór han i veg og gjorde i det same vase like vel: han kjøpte seg ytterfrakke ferdig, kom med han på seg midt i gata, og slik ein frakke! Blåaste og finaste dyffelen ein kunde leite seg ut, og med fløielskrage og silkesfôr, det var som ein møtte øvrigheita. – Det var ein som selde meg han! meir greie fekk dei

ikkje på det. – Så vart det likast dei fekk brurgomsklæane gjort her i byen òg da, dømte Åsel, og slik vart det; dei måtte enda by skreddaren ein halvदार i overpengar for å få den til jul, og Peder kakka i borde og baud dalaren rundt, visst dei var skikkeleg gjort. – For same korles det står og går med brylloppe, om det bli hell ikkje, sa han, – skikkeleg klæa skal eg ha! Han såg mangdubbelt både på mora og dei andre.

Åsel kjente kor det sokk igjennom henne. Men ikkje lenge etter såg ho Peder og Andrea, dei gjekk seg ein tur oppgjenom gata to-eina, og ho vart så glad ho kunde ha gråte.

Endelig ein gong trudde Gjartru det kunde hyre, og hadde dei glømt noko, så gjekk det an å få det utover med dampen. Hadde vi det berre vel og vakkert heim, alt i hop! – Det styrer Vårherre med, smilte Åsel.

Dei la ifrå land i byen straks over middagen. Det var spak-gråen berre, men ståande vind, og karane sette segl og let han sige i veg ^[152] sjøl, for det hadde ikkje vore så tørt om i byen at dei var mota på nokon ror. Kristen stod og styrte. Uti Trongsunde fekk dei motvind, og så gav dei seg til å baute, kvinnfolka kunde få sjå kor fint dei beit på vinden desse nymotens båtane. Javisst, fram gjekk det, og kaldt var det ikkje, men ein seigvoren heimkomst såg det ut for lel. – Berre han Sotmeisk vilde blåse eit aug'grand, sa Peder. – Ønsk ikkje rokke! åtvvara Kristen, og kvinnfolka sanna med, men Arnesen heldt med Peder, at storm var det einaste dei vilde ha, slike baatar, og med eller imot, det var like godt.

Det vart kvelden, men så hadde dei månen, og for kulden ein liten bydramm å ta på seg når det trongs. Endelig var dei da ut sunde og hadde store fine fjorden for seg. Og no fekk dei vind, ein heil nordavinds hamping, med snøkvister attåt. – No får du ta over styringa, Arnesen, så Kristen, – du som er skipper. – Det gjer han Peder, han får vera styrmann, lo Arnesen, dei kunde høre han var så tålig bra på hiven. Peder gjekk att. Det første vart å ta klyveren, for sjøen var nask her i sundkjeften, og drivse stod i ein frøs over kvinnfolka. Varane breidde dei over så godt dei kunde, dei hadde enda rusta seg både med presenning og segl, men halde ut slik væte gjekk ikkje i lengda. – Du får segle vakkert, formana Kristen. – Nå, det er no som det fyk i meg det! murra Peder. Eg var tilfreds det – – –

[153] Det var ein lystig skyss, og Andrea og Mina sat og smålo og såg på kor sjøen skomma seg og snerde frammed le-sida. – Han er rettelig folkful, sa Mina. Men det bar ikkje heimover, han viste dem meir og meir av, og verst var det at snøkaven tok bort lande for dem. Dei gjorde baut i god tid for sudvest-lande, og da tida nærma seg, heldt dei utkik alle mann etter austlande. Men dei fann det ikkje, og så gjekk dei over att. Dei snakka om å ta inn eit rev, men Peder lest ikkje som han hørte. Gjartru tok til å bera seg for varene, og bad dei snu, og dei var einig i det nokon kvar, at dette her gjekk ikkje.

Andrea hadde sitte og set på Peder, og best det var ropa ho at ho var *rædd!* Dei hysjta på henne, og Peder kaldflirte høgt. Men så tagde han brått, og bar røre i le. Båten rennte til vinds og låg og tverstanga imot båra. – Ta vekk snøkove, så eg får sjå litegrand, sa Peder. – Vi får smette oss inn sunde igjen, meinte Kristen. – Ja, sei meg kor sunde er du, så, svara Peder.

Ja ja, her kunde dei ikkje bli liggande, det var greit nok. Stormen ylte i riggen så han skræmte kvinnfolka, og segla vilde han slå sund, sjøen rauk no, og båra gjøydde all fjorden bortetter. Her var stygt. – Vi gir han segle ein tønning enno, sa Arnesen, eg trur vi skal ha Grønset-lande som der! han peka bortover. – Kom hit og styr du da, sa Peder; han hørtes [154] trøytt ut. – Nei, nei Peder, styr du, styr likevel du! Andrea fór halvveges opp. Men Mina tok hende hardt over armen: Han far skal styre, hører du!

Arnesen kom attover, og båten fekk fulle segl.

Det var straks triveligare, når det berre bar i veg. Peder kom stomlande fram til Mina og Andrea, og dei heldt i han ei på kvar sida. Andrea heldt hardt i han.

– «Ja, no får vi sjå da,» sa han. «No ska det liksom avgjerast, det som ska avgjerast.»

Da får dei ein støytt så dei styp den eine over den andre. Kva som meir går for seg, er det ikkje mange som sansar. Karane bannar og firer av i skjøte og fall og riv ned segla, båten ligg hardt over, og sjøen hører dei skvalpar inn til le.

«Langholmskjere!» seier Kristen. «Ta det role,» mana han dem til. Karane mannar seg fram med kvar-si år og prøver sette båten av, men det går ikkje, han står høgt på bergskjere. Ja ja, det var no flø-sjøen, og her i nærheita var

Langholmen, så det stod ikkje på, trøsta dei seg.

«Det ikkj' havbåra på oss her, sa kjerringa;» Arnesen tok seg ei skrå.

«Det kann vera Guds goe vêre i morra for det her, guta, sa nordlendingjen, han kollsegelt på Vestfjorden.»

Det var Peder som studde oppunder. Dei kom med kvar sitt, alle karane.

[155] Dei såg etter om båten hadde fått stor skade. Det vart dei ikkje einige om, men dei måtte til både med pumpa og auskare, mest dei vann, for han var halv av sjø, og varene tok skade. Det synte seg snart, at det nytta ikkje å lense han, skaden var ikkje liten. Dei kunde vera glade dei ikkje fekk han av, mumla dei seg imillom, for her hadde dei da skjere, stod det om.

Og opp på skjere måtte dei, så lite og sleipt det var, og mesteparten av pøre med. Det var både eit ufyslig og eit vålig arbeid, for no høgrauk sjøen og stod over dem i ein sprut, og båten han hogg så ein ikkje burde komma halvnær han; og snøkvistre rispa som nåler i andlete. Og skjere var sørgelig lite, det såg ut som sjøen vilde gløype det i seg under dem. Dei sette eit dreggtaug frå båten og i ein storstein på andre sida skjere, så dei hadde å halde seg i. Da båten var tom, bar det til å saumfara han. Eine botnborde var spika frami halsen. Kristen synte karane det. Ingen sa noko for det første. Men Åsel kom bort til Kristen: «Du ska sei mæg sannheita!» Kristen så gjorde, men berre lågt. – Og sjøen flør seier du? – Nei, når sant skulde seiast, så gjorde han ikkje det; nordavinden kjem gjernast med fallsjøen. Men lang stunda var det ikkje før han bar om. Men da spaknar han, la han til.

«Å ja ja san!» sukka Åsel, da ho kom borttil Gjartru. – Er du rædd, Åsel? – Nei, var det likt. Eg er ikkje *rædd*, – eg har aldri vore [156] rædd på sjøen, veit du. Men det her er ansles det. Ein heilt annan ting ja. Ho snudde seg og sa det beint inn i andlete på søstra: Vi skulde aldri ha snudd ryggen åt Vårherre. Vi får prøve å halde oss til han *no da!* – Du skulde mest byne sjøl da, Åsel! – Ja; eg veit det du. Eg veit det.

Sjorokke vaska dem tvert inn på skinne, og allting gjekk rundt for dem, skjere dukka i sjøen og susa i veg imot vêre så det var nifst; så stod det att, og dei på det, og uvêrsnatta og ulukka var over dem utan ein draum.

«Æg bynni med det her!» sa Åsel, ho tok ein pakke og hiva på sjøen; det var kysa. «Her er meir!» ho kasta ei stor pappøskje i veg, det var stas og fjas alt i hop. «Du skuld ikkj forherde dæg du heller, Gjartru – å, vi hi synd både fer oss sjøl og fer heile slekta! Vi som *meir* skuld vetta.»

Gjartru gret så tårane fraus nedetter kinna, men ho tok seg på tak i tauge og retta seg bein.

«Vi skuld komma i haug kem vi e!» Åsel hivde enda ein ting.

«Det e det æ gjer, æ!» ropa Gjartru og beit i hop tennene imot stormen. «Du røri ikkj pakkan minn, da spring æ heller på sjøn sjøl!»

Karane var omkring båten så godt dei kunde, og ombord, skola han bein og heldt han frå kvassaste Knausane. Det var Kristen som låg hardast i det.

[157] Men så slepper Peder åra si og kjem handfares etter tauge.

«Vi kann gjern gi oss no!» seier kan.

Han seier det enda ein gong, men ingen hører det. Andrea henger seg i han, det var ei trøst å ta i han om ikkje anna; det fekk vera det same om Mina ikkje lest som Arthur var til, ho stod der som ei støtte på skjere.

«Vi kann gi oss no, høyri dokk!» han ropte det høgt.

«Nei men *Peder!*» svara Åsel. «Ikkj å sei det lel du,» legg ho til.

«Ti-still med dæ, det e mi skyld alt i hop!»

«Neida, neida, Peder!»

«Så e det di skyld da, det var du som narra mæ borti det!»

«Ja, velsegne dæg, det e mi skyld, men ti-still no.» Ho hørtes rolig som berge.

Dei andre hadde kvar nok med seg, dei hørte knapt eit ord av det, utan Andrea.

«Ikkje fer *di*,» sa Åsel, og fór med handa over andlete, – «e det så liti manns-skap ti dæg, så. ... Men det e ikkj sant – ikkj å høyr på 'n du, Andrea!»

Sjøen flødde no, han åt opp skjere kring dem fort vekk; og stormen var for sterk til at dei kunde merke om han spakna litt eller ikkje. Han var som eit raut i

øyra på dem, tok både sans og samling. No hadde Arnesen vorte rasande. Han svor så det blådde ikring han, at dette skulde Håberg-folke få betale, for det var ^[158] deira skyld alt saman, fara i veg med båt i slikt erend og det straks føre jul! han skulde hålade gi dem! Kristen svara ikkje, og ingen annan, men Gjartru stemte i med, at der såg ein – når ho Åsel fekk viljane sine fram. Da hørte dei Mina, ho sette i med det blanke kalde måle sitt:

«Nei men ti-still og skjemm dokk da, vi e da vel ikkj så simpelt folk heller!»

Ho sa enda meir, men det hørtes berre som ho hosta imot vêre. No tok sjøen ein totre pakkar, og meir hadde han reist med, hadde ikkje ho vore; ho heldt seg i tauge med eine handa og langa opp ting for ting med den andre, let snøen piske seg i andlete med han lysta. Dei glåmte tomt på henne og undrast. – Nei, pass deg! ropa ho til Arthur, han vilde hjelpe henne, – unna vegen her!

Peder tok mora over armen, mest som han vilde riste henne:

«Kann ikkj *du* sei det da! Sei a Andrea det, så e det nok.»

Stormen tok vêre ifrå dem, vilde på sjøen med dem. Åselⁿ¹² snudde seg til Andrea, ho måtte rope inn i andlete på henne:

«Du veit – – borti Juvikja – –»

«Vet det før jeg!» Ho tok i Åsel på andre sida og heldt, i ytterste nød. «Gjør ingen ting det!»

Det var ikkje lenge etter, så song Mina ut, at no flaut båten! Kristen hadde vorte vår det ^[159] i same stunda. No var det om å halde han så han ikkje fór. – Eg meiner han har spakna med vêre òg? sa Åsel. Og det var sant nok, det var ikkje same tyngda i han lenger. Men kva hjelpte det? – Gjekk det slett ikkje an å dytte i hule da? ropa Åsel til Kristen. – Så mykje vi kan ro oss oppunder Langholmen? Ingen svara; ingen kan svara kvinnfolka i uvêre på sjøen; dei hørte berre Arnesen som raspa og svor.

«Peder da!» ho tok i han og ruska.

Og Peder fór i veg etter tauge, svinga seg inn over framskotten og stod i båten. Dei ser han riv og slit, i sekker og segl, og Kristen inn og hjelper han. Dei andre stod halvt ihelfrosne og såg på. Andrea hørte Åsel kviskra og mumla, så

brennande heitt; ho bad til Vårherre. Ho både tagg og takka. No ropa Peder at verste lekken er stoppa, dei kan sjå han har vore nedi alt oppunder akslene; han tek ein stamp og auser med, og skysskarane hiver seg på pumpa med nytt liv. Så ber det til å skipa inn, og det går for seg i villskap no, dei hivar inn pargas og kvinnfolk i ein raus, kappar festa og kastar seg i årane. Og i veg bar det. Det var på høgan tid, for no var skjere borte.

Karane ror seg varme så det ryk av dem, og no først ber det i frysinga for ålvor med kvinnfolka. Men Åsel får dem til å slå armane, hardare og hardare, dei skal banke liv i seg, det er ikkje snakk om anna, og dei så gjer. Ro ^[160] kan dei ikkje, i dette vêre, og ikkje var det rom heller.

Båten vilde ikkje fram, det vart ein halvtimes sprengror før dei fekk livda av Langholmen. Der fann dei ei logn vik, det var som dei kom innom døra, og så bar det i land og opp i skogen, det var tørved om å gjera, og så livsalig godt å springe seg i ølen på trygg jord. Kristen kom sist, med kaffekjelen, og Mina hjalp han med å få opp varme. Tendstikkene hadde han gjømt innom skinnvesten, – ho kunde ha tatt i kring halsen på han for det. Men passa dei båten?

Da dei hadde brent i seg kaffeen, hadde snøkaven slitna, og månen stod med ein fånut flir millom skyene. Fjorden gjekk i måneskine og båra, – dei måtte tenke på ein ovfisk med braglande sølvrisk. Heimlande, no timde dei det som ein blå røyk på andre sida fjorden. I aust hadde dei ville høgfjelle, med skoltane imot berr himmel, det kom susande fram i vêre så gråsvart og forherda at det kunde stemme blod. Men like vel: dei hadde det no *med* seg. Det hadde stått der og mula all sin dag, og sjøen han hadde ryke og skapt seg rang; slik var det det *var*.

Mina sette den litle nasen høgt imot månen: – No passar du pappa båten, med dei andre kjem i land og får seg kaffe! Og Arnesen gjekk ombord.

Dei gjorde om dyttinga og la til segls. Det var ståande vind, og dei vilde lende på Grønsetvika og komma seg i hus der.

^[161] Peder tok styringa, Arnesen spytta og vilde ikkje ta si hand i develskapen meir. Andrea kraup attover til Peder. – Unna vegen for ausinga! sa han. Ho klemte seg unda og nærmare innåt han.

«Same hvorles det er, Peder, du må gjøre som du synes; som du *må*. Jeg fikk

vel – stå det over.»

Han svara ikkje.

Peder var den siste som gjekk i land. Kvinnfolka hadde alt komme seg under tak. Men Mina møtte han utom døra, det var likt til ho hadde stått og venta på han. Andlete hennar var kvitt som nysnøen, men det var fast og sterkt, og så forunderlig skinande vakkert, det var som ein gave, kom det for han. Ho tok han i handa:

«Nu skal du vise da, Peder, at du er den æ har holdt dæ for. At du ikkj ødelegger for oss all samem. Du får tenke på mor di om ikkj anna – du gjør det, det veit æ, ikkj sant?»

«Gruv ikkj fer det, ban!» han spyttå skråa langt ut i vête. «Æ ska tenk på dokk all i hop. Enten det så bli slik hell slik ja.»

BRYLLOPPE

I.

^[162]Stormen hadde sopa vekk føre for lenge sea, og vollane og myra var berr; og enno var han stormen, det låg ein jamn klagande søy over berga og kring husa og eit jag utgjenom fjordane og til havs. Men det var jula for det, og no sundagen miiiom jul og nyår skulde brylloppe gå i gang. I dag, laurdagen, var han fjordfarande vêt, så presten kunde komma over og alle som komma skulde. Og utover dagen kom det ikkje få båtar, men ingen frå Juvika.

Det hadde vore ei fjortendags uro i mest annankvar gar, før dei visste kven som vart bedt og ikkje. Dei visste berre så mykje, at etter Gjartru sitt hjarte skulde her ikkje bedast i hop nokon fjøld, det skulde bli beiskelig få, som i eit anna storkarsbryllopp, og at Åsel vilde ha det på gammalvise: alle som hørte til slekta, og alle som grannar og gode kjendingar var. Derfor heldt dei med henne alle som ein, at Håberg-folke visste korles det skulde vera i bygda; og dei sa det, mest kven det så var, at såpass fekk ein halde opp sitt eige hovud ja.

[163] Striden millom søsterne hadde vore still men ram, og enden vart at dei bad som dei sjøl lysta. Da visste Åsel ho hadde vunne; og ho tykte det trongs. Frå Håberg kom det bedarmann, som gammalskikken var, og det var ikkje mange dørene han glømte. Frå Segelsund kom det skriftlig! Gjartru skreiv på eit papir, på eit lite fint firkanta eit, og der stod det fine ting. Men dei var ikkje mange som kom ut for det. Des meir kjentes det for dei få det råkete; skikken kunde vel vera bra for det om han ikkje var ifrå Håberg? Dyrlægen la seg ikkje bortti det, han var frammand i bygda som han hadde vore, og det var slugast å gi han fred. – Heile brylloppe var noko for *seg*. Gammalt folk snøste med seg sjøl, at rettno måtte det lide til kvelds på Håberg, når dei reiste bort i annsmanns gar og gjorde bryllopp. Ungdommen kjente heller ikkje att seg, men var dei bedt så var dei like glad med den ting; ein ny slått er ein slått det òg, og denne her var det tone i.

I kveld var det berre langferdingane som skulde dit, òg så dei aller nærmaste i slekta. Men enda vart det mange, og Gjartru raudna i kinna. – Eg trur du når bedt rubb og stubb, sa ho til Åsel. Åsel ser på henne, ho står just i spiskammerse og legg opp utor ei sendingskorg. – Rubb og stubb? Er det ikkje folk da? Og bra folk? Om dei ikkje har hengt på seg – ja, korles er det du *ser* ut, trur du? Og så ein ting til: Inga drykkje her i kveld!

[164] Gjartru stod der i raud kjole med svarte perleband på, og ein høg kvit kruse-krage kring halsen, og same slage kring handleane; håre var sett storveges til vêrs. Oppi bryste hadde ho ei gullnål så stor at Åsel hadde aldri set maken, så stor at det vart ikkje gull å sjå til. Gjartru var raudare enn kjolen no. Men ho slo opp ein lått, det var som ein dans av kåte ungar:

«Du Åsel ò! E *du* ifrå Håberg da? Hell e du ikkj fresk?»

Åsel tagde litt. Ho vilde vinne over dette. Så bøyde ho seg over korga att, og sukka:

«Det her går aldri vel. Æg kjenni det på mæg. Og no, da det gjekk så merkeli godt!»

«Det her, Åsel, det e den føste godvêrs-dan vår det!» Gjartru lo enda. «Men no må du jamenn ut og ta imot frammondfolk igjen, dem e dinn og ikkj minn, det høyre æ på gonglagje.»

«Hus-på det te ein dag seinar, at æg hi varskudd dæg, Gjartru!»

«Ja da, ja da! Du ska ha takk, Åsel. For alt i hop!» No var ho bleik så det bladde i leppene og smått bevra. Så ser ho med smale auga på Åsel: «Sei mæ, ser du retteli godt? Du held på og bli så lik 'n far i ausyna?»

Da svortna det for Åsel. Kan eg no tie still, så er det bra, tenkte ho. Men ho fann ikkje mål å snakke med. Ho stana framfor Ola, da ho gjekk gjennom stua; men heller ikkje han kunde ho snakke med om det her.

[165] Hadde ho set den eine brura? spurte han. Han fór her og såg etter ho Andrea. – Nei, henne hadde ikkje Åsel set; var det noko serlig han vilde henne? Ola svara ikkje, han var alt på vegen ut. Han skulde ha set henne, det var det han hadde komme hit for i kveld, og så kanskje han tok huva si og gjekk sin veg. Men Andrea var ingenstads å sjå. Ho var vel oppå lofta ein staden. Uti andre stua fann han Peder, han sat og prata med nokre ungdommar frå Lines. Er han så ædru enda! stakk det han. Da har ho alt fått tak på han. Han gjekk og sette seg attmed han. – Hald fram som du stemner! sa han til han. Han sa det ein gong til. Og gjer ikkje det som dumt er, Peder, kva anna gale du gjer! For seint er for seint!

Peder reiste seg og gjekk, liksom orda hadde brennt han. – Eg har aldri vore nokon hund på deg, mumla han. Men så tversnudde han og kom att. Stua låg i ein surr av prat, for folk hadde alt vorte husvarme, og Peder kjenner det jagar på seg som både spell og sveipesmell. – Du trur det, du, hører eg, at eg er temd no; at eg ikkje tør. Eg skal fortele deg eitt, eg: at eg stryk min veg. Giftar meg i morgo ja, det kan du lite på, men dermed så er det Amerika. I lag med han morbror Jens. Ja! Du blir så langlet, morbror Ola, kom det uventandes? Kva anna gale trudde du eg fann på da? Ja, for resten, det hang i eit hår, – det [166] gjer det enno! At eg ikkje stig fram og seier eit par ord. Og lyser av heile stasen, he? Men no reiser eg, tek henne med meg og reiser, og så tier du til så lenge, ikkje sant? – Vi bli i lag vestover da, hører eg, smilte Ola. Men han hadde fått ein annan hamlet smått om senn; og auga fekk han ikkje ifrå Peder.

«Du gjer ho vel ikkj det?» sa han; han hørtes trong i halsen. «Du gjer ikkj det, Peder?» Men da hadde Peder svinga seg rundt på hælen, og Ola stod att. – Han er da ikkje riv-raspande galen, veit eg? Så bles han med seg sjølv: Står eg her og

blåelskar Håberg-garen! Da må eg ha gjort det lenge! Ja, han hadde det, og kor vart det av Andrea? Han gjorde seg ein sving opp troppa og såg oppå ganglofte. Fullt av folk som kom og gjekk, nykommarane var opp og pynta seg, men ho var der ikkje. Han gjekk seg på Åsel att. – «Finn du a ikkj?» spurte ho. – Nei, og det var ikkje henne han såg etter heller, han gjekk berre og såg på gjestene og bryllopsklædningane. – Du ser ut som du er reint lett om hjarte, meiner eg, sa ho. – Eg er det. Eg er glad! For her er det liv, her vil det *skje* eitkvart, ikkje sant? – Huff, seier du det? – Ja? Her er da folk som trur eitkvart og vil eitkvart, du merker da det? Og her er det godt å vera. Og enno er det da ikkje slutt med Håberg? – Håberg? – Håberg ja. Men hør no ikkje etter meg. Men det er sant, Åsel, at det er den einaste tingen eg trur [167] på. Trur på – da hører du eg lever. Nei da, eg er ikkje full enno, det er sjølv meg som snakkar. Eg har ønska det til no, at einkvan av oss slo seg laus og vart vill, at han gjorde eit eller anna, han Peder eller kven det no var, eg ønska det enda her i sta. Men ikkje no, og ikkje *slik* – –

Det kom to kjerringar skubbande, og Åsel måtte ned troppa; men ho smilte undersam opp til Ola, – for dette *meinte* han, og kva var det for slag han meinte?

Peder stod utom nova og let vinden blåse på seg. Han hadde det no som så ofte, at han vart heit og sveitt best han sat inne. Da han snur seg, ser han Mina i døra, og ho han, og så kjem ho ut på trammen imot han, kjem skinande over alt andlete, enda det er så bleikt ein kunde sjå igjennom det, ho er storøygd som barne, så det gjer seg mest sjøl at ho tek han i handa. Ho tek handa hans tvihendt: Står du ute du da? Aleine? – Ja, eg må vel ha luft? Eg er ikkje noko kvinnfolk nei, eg kan ikkje dra anda i ståke der inne, det er fritt. – Du Peder òg! Så rar som du er – det kjem for meg at det var deg – – at det heller skulde ha vore vi to!

Han fekk ein brennsnar raud-dåm oppetter kinna. Men ho lo det vekk: Du skjønner da vel spøk, eg er så full av gap i kveld, men du såg så rar ut, som du var ferdig til å fara din [168] veg, som ein utor eventyre. – Ja, vår deg, så eg ikkje fer, du!

Ho ser stort på han, og så slemper ho handa hans, bit seg i leppa og går ifrå

han. Det var Arthur ho skulde ha tak i. Ho måtte heilt borti eldkuskammerse før ho fann opp han, – der hadde han gjømt seg med noko putl, ein lampekrok skulde det bli, – dei stod så fast for det, inne, sa han. – Du ser meg ut så mussilåt? sa ho. – Kva for slag? – Så spak liksom; ein skulde tru du var reint tukta. Enn om vi reiste ifrå heile stasen, kva seier du om det? Til Amerika?

Han ser rolig på henne, litt tungt – med slike auga ser hunden på ein somtid, kom det for henne; og så breit og godt kunde einast han Arthur smile. Ho løftar fingeren op mot dei tjukke svarte brunene hans, skriv dem liksom i lufta: Der er du så vakker. Den som er uskyldig, han ser slik ut. Arthur tek etter henne, men ho vrid seg ifrå han: Vera rolig da! Kom i hug kva kveld det er. Men du Arthur du: Kan du ikkje gå på han Peder sjøl da? Om å få kjøpe Engane av han, som vi snakka om, det vart *gar* det som sa seks. For eg vil ikkje, eg får det ikkje til, hører du! Eg vil at *du* skal gjera det. Og eg trur ikkje han er umulig, han kan vera så rar. *Han* kan finne på både det og det, visst han vil! – Det var da berre som ein tanke. Du veit han gjer ikkje det. Og ein dyr *gar* vart det no da. Men eg ^[169] meinte eg kunde få han til å skrive på for meg, om eg kjøpte Lines eller ein annan ein. – Skrive på ja. Slike sluge ting bryd eg meg mindre om.

Ho stod litt og såg framfor seg, og så gjekk ho. Arthur stod og såg etter henne, og tok rådvill etter anda. For slik kunde ho komma tett innått ein, og så var ein like tomhendt, som barne når det grip etter solskine.

Da ho kom inn, såg ho straks at faren var full. Han var så gloande raud, og ikkje alt for blid. Så fekk dei akte seg for han, det hadde dei godt av. Og værfaren, og han Jens, som var kjømeister, var utpå same kanten; men dei var like stødig. Ho kom bort til Jens, la handa på aksla hans: Du maa passe på, onkel, så ingen går i golve i kveld, eg vil ikkje vita tå det. – Skal bli, jåltree mitt! han slo i hop hælane og bukka seg som ein tremann. – Onkel du ... kviskra dei som hørte det. Jaså, det var ikkje morbror lenger her i huse, da flaug dei bra høgt. Men høvde henne gjorde det, snakk ikkje synda. – Men jamenn gustar her kaldt frå veggene, sa ei. Liksom her skulde gå to som ikkje vil sjå einannan, sa den andre.

Åsel og Gjartru gjorde heller ikkje det. Dei hadde det så berrt og kaldt for seg, at her nytta det ikkje å fire; det var striden sjøl som rådde, og han stod imillom godt og vondt. Åsel hadde Kjersti Rønningan å snakke med, for ho skulde vera

matmor. Gjartru hadde ^[170]Jens. Og båe to hadde Andrea i bakhanda, ho måtte vel forstå kva det stod om; men henne var det ikkje å få tak på i kveld.

Ho synte seg ikkje før dei skulde til kveldsborde. Da kom ho som ein god engel, for korles skulde dei sitte, og kven skulde rå? Ho avgjorde det som ein kvardagsting: den her, og den der, og her skulde ho sitte, i lag med far, og ha Peder midt imot seg; ansles kunde ikkje det vera.

Anders var her ikkje? spurde dei. – Nei, ikkje i kveld, sa Åsel; han kjem i morgo. Det ser gjerne litt rart ut for han, det her; han tenker visst eitt, vil eg tru. Men han seier ikkje noko. For resten var no aldri han så rædd om dei gjorde store auga, folk; når det berre ikkje peka borti tullskapen.

Gjartru skar hardt nedgjenom smøre, og såg på Andrea. Andrea smilte framfor seg.

Ola kunde knapt sitte i mak. Han skulde ha snakka med Peder att. Han skulde ha visst kor mykje som var skryt og kor mykje som sat att av trugsmåle hans. Han skulde det for Åsel si skyld, – ho og garen, det kom ut på eitt, merka han. For kva var det så dei festa for? Kor peka det så henn? Han hørte vinden kor han søya over haugane, kor han langdrog tonen over Håberg-reinane og kring husa der; liksom han ikkje visste kva han song for. Slik vart han gåande, kan hende, og tute for ^[171]berg og ingen ting; og han far sat i kammersse og var blind.

Han ålboga seg fram til Peder, straks før dei skulde til å fara kvar åt seg. Han smilte til han, som ein devel inngjenom gluggen: Har du virkelig ikkje fått garen enda da, Peder? – Skil deg ikkje! Peder bles det over hovude på han. – Ikkje meg nei. Og kanskje så er ho Andrea likeglad òg.

Så, no drog det etter seg, det var han stø på.

Det gjorde det. Då dei var heimkomne, sa Peder beint ut, at skulde han gifte seg, så vilde han ha garen. Eg vil eiga han, den dagen eg giftar meg; sea kan det gå som det lystar.

Dei hadde så tenkt, både Kristen og Åsel, og så var det sagt og avgjort. – Over brylloppe går vi åt kårstua, sa Åsel. Og kåre blir vi alltid einig om. Vi skal ikkje flå dykk, la ho til. – Og prisen han sett du, sjøl deg, sa Kristen.

Javel. Peder stod litt. Det var ikkje lang stunda, berre med han vilde snu seg, men han syntes han fór vidt og nådde djupt. Han fekk gjera det imot Andrea som han skulde ha gjort mot ei anna ei; han kunde gjerne grava seg ned i slite her og late andre fara ut i verda og bli folk, bli det han skulde ha vorte; det var ikkje så reint liten ein ting det, for den som skjønna det og kjente han, – og det var så mykje som ingen ja! Ja vel, så gjorde dei ikkje komma [172] og seie han var ei sål og ei fånytte for slekta si. Ja vel, han hadde ingen å seie det med, og det trong han ikkje heller. – Eg er ikkje tå det folkslage! sa han, og dermed gjekk han og la seg. – For resten kunde det hende så mangt enno!

Det same så Åsel, då ho hadde lagt seg, det fór som dørtrekken gjennom henne: Det kan hende så mangt enno. Han kjem for meg så rar, somtid. – Kven? spurte Kristen. – Han Peder. Men, han må no vel hjelpe oss, han som har hjelpt oss hittil.

II.

Andrea stod fram i svart silkeskjole, men Mina i ein lysraud ein, og slik ein engel hadde ikkje synt seg der i kirka før. Arnesen var i full mundering, og Gjartru var ikkje mindre å sjå til, det var kapper og band heile kjolen, og ei kåpe som ho måtte kunne flyge med. Det eine med det andre tok folk, så dei kunde ha gått fram og takka i handa. Heile kirkelyden å kalle rausa fram og ofra. – Og heretter fekk dei vel til å kalle Gjartru for madam. Slik er det i verda, sa dei, at den som vil fram, han kjem fram, vi er da mange nok som bli for stutt. Vart de vår ho Åsel i dag, kor lita og bortkommi ho sat der?

Middagen stod av seg i to stuer samstundes, og dei sat ved borde til svarte kvelden; – folk [173] hadde ikkje vore i bryllopp før, det skjønna dei no. Gamle Anders spurte gong for gong, om dei ikkje var mett snart? og lat meg ha fred! bad han, når dei kom med nye fat. Han hadde ikkje villa til bords først, i lag med anna folk, men så hadde han tenkt seg om: No har eg sitte i mørkre i 24 år, no får eg kanskje til å lea på meg att. På slutten, da duren stod til taks i bae stuene, reiste Arnesen seg og heldt tale. Sviande leit var det med det same, men trøyheit like vel, og dei stakk ikkje hovude under borde nokon ein. Arnesen kunde det, han,

ikkje farlig med det, han snakka så vakkert at han kom på gråten. Men da rettar Anders på seg, litt kvast:

«Få'n te å sett sæg, han e karra full!»

Arnesen kom seg ned att, og vart borte i låtten. Og no gjekk det mykje lettare med maten. Dei som eldre var, hadde tatt seg fram varsamt men støhendt, smakte på alt som bauds, og bar seg åt som elles når dei var borte, og jamvel no da dei hadde fått mote for seg, heldt dei seg i skikken. Ungdommen hadde vore meir brydd, for her skulde det gå fint for seg, og ingen vilde vera finn, dei flytta gaffelen frå hand til hand og såg seg opprådd, stakk borti stasen og skjegla etter grannen. Men eitt visste dei, og det var at med drikkinga var det grei sak, og no var dei som heime og vel så det, var så like glad med både fint og ufint, – her går! ropte dei, og eta og ta deg buk for, til helgammess med ^[174] både gaffelen og handa, slik skal du gjera! og lang hit skåla med det søte igjen!

Oppe ved høgbordsenden i storstua, der sjøseg-folke sat, likte dei seg mindre og mindre, men dei fekk berre passe kvar sitt. Kasten Landre frå Valvære var storgjesten i dag, og no heldt han tale; og *han* kom ikkje på gråten, han var som bekken full med trøyheit og gode ord, dei måtte godflire alle mann. Og no hendte det mangt før dei var ferdig, den eine hendinga rann ut i den andre fort vekk, vist og gale om einannan, og vart nedsøvd med lått og hikst og kom ikkje vidare. Bankmanns-madamen hadde sitte som ho var pinna fast, torde ikkje sjå opp ein gong. No vart ho så modig, ho spurte beint over borde til Gjartru, kva dei kalla dette her? og var det godt? – Det var *disær*, sa Gjartru, ho gjorde med eine aksla og vilde vera fri henne.

«Disær no! M-ja, men det e no vel saker å få vinna tå, det her?» undrast den andre.

Bankmannen sjøl heitte Heggerud, og det var eit rart namn der i bygda; dei kalla han mykje godt for Herregud. – Pass ditt du, tullhøna mi! åtvare han no.

«Herregud, Heggerud!» lo Anders; han lo så tårane trilla. «Æg e glad æg e blind, æg!» Og no reiste han seg: «No går æg fra bordi; æg e fer gammel te slik med-far».ⁿ¹³

Dei rausa frå borde heile skreia, enda Gjartru ropte at enno var der mange

ting att. Åsel såg [175] tynnt og hardt på henne. Gjartru rettar seg berre opp og går tett framom henne, bort til kjømeisteren: Det er så mykje du veit det, Jens, at her bli inga stordriking. Men straks etter er Åsel der, og ho er spritande raud: Bryllopp er bryllopp det, Jens, ikkje sant? Slik var det heile tida på Håberg; og når ein først har sett seg på den sleden, så får ein tåle farten. Ho sa det til Jens og ho sa det til faren og nokon kvar, at ungdom er ungdom, og jamenn kjem det for meg at vi held på og ynges opp att no. Folk reiser på seg enno ein gong, og heile bygda med, og det tykkjer eg er ikkje kleint; det gjer reint godt å sjå. Og folk veit no skikken sin; det er eg stø på. Så bli det vel tid til å tenke seg om, sea. Ho sa det så trygt utover alle som stod omkring:

«For vi skuld ha *ein dag* enno i slekta vår, va tankan minn; som ein syttende mai hell ka æg ska kall det. Vi trøng det.»

Før folk fekk sansa seg, var ungdommen på veg til Håberg og skulde danse. Dei fór, det var ikkje ansles med det. Gjartru heldt imot, det ho var godfor, ho sette folk til å rydde eine stua og bad spellmennene blåse opp litt fort, – dei hadde leigd seg ikkje mindre enn seks massingblåsarar frå eksisen, det hadde Arnesen stått for; men ungdommen hadde komme på sige, og no strauk dei både skokkvis og par om par. – Håberg dreg, mumla Anders, – dei har dansa for ofte der. – Ja, stua var er ikkje for fin, sa Åsel. – Nei, det veit eg, sa Gjartru, men sei [176] meg: kom her ingen frå Juvika til brylloppe? Åsel smilte, at det gjorde ikkje det nei. Og leit var no det, for oss baa to. – Ja, du Mina rikkar deg ikkje herifrå! Gjartru ropte som ho var i kvernhuse. – Ser du ikkje han Peder dreg av med meg da? Og Peder drog henne verkelig utgjenom døra, før ho fekk kneppe att kåpa, og no snudde han seg og ropte til musikken, at dei fekk ta og komma dei òg; – vi skal ha dansa ned Håberghusa i natt, lo han, vi sett kjellaren på take!

Utom døra gjorde Mina seg laus fra Peder og fekk i brurgommen sin: det var no ikkje bondebryllopp heller, sa ho, og kor hadde han gjort av si brur? Han klødde seg i nakken: Ho var her da nyst? Og henne vilde eg ikkje miste for mykje godt.

Andrea var borte og snakka til Ola. Ho smilte så fritt og kvardagslig, – ho gjorde det så godt ho kunde, såg han. – Ola, *du* skal spella åt oss, kan du ikkje

lova meg det. – Har ikkje spelle mitt her. – Du får i eit trekkspell, det likar eg best. Du gjer det, Ola. – Det gjer eg vel. Lat meg gjera det. – Og ikkje drikk deg full da, så er du snild. – Nei vel; eg skal vera gromgut. Så får du sjå-etter han Peder da. – Han? – Ja, eg seier berre det eg meiner, for du veit tilstande borti Juvika, og bli han full, kan det syde over for han. Han merka ho vart harm, og så blid att; ho såg litt på han; og så kom Peder og henta henne.

[177] Ola hadde det orde, at han spella like godt på kva instrument dei gav han, spella på alt han attåt kom, som dei sa, og i kveld fekk han låt i trekkspelle; det let *fint*. Først dansa Peder og Andrea, og så andre brurepare; så vart det eit tomrom, og så dansa det laust over heile golve.

Massingen dei kalla vart att i brylloppsgaren og spella der. Arnesen ropte og klappa i hendene for kvar slått, han hadde det ifrå eksisen, trudde dei, og Kasten Landre gjorde slikt slag; men *han* var der snart ikkje lenger. Han fór til Håberg, til ungdommen. No sette Anders på at han òg vilde avstad, han vilde heim! Til dei andre ungdommane, la han til. Det var beinveg over snøen, så det var ikkje lang stubben å gå. Gå? sa Åsel, nei vent no urlite, han skulde kjøre lel, og ein måtte i veg og skysse han. Åsel var ung og lukkelig som ingen hadde set henne. – Den gongen eg gjekk med på det her, var det for å halde styr på det, sa ho med Kjersti. For her var det lite om romme, her kunde det ikkje bli noko rådansing, tenkte eg. Men det går så rart, som etter ei høgre styring, synes eg sjå: No flyttar brylloppe til Håberg. Der har det aldri gått å veita. Og ser du ikkje han Peder, kor glad han er like vel? Han *er* det. – Ser det mest ja. Og eg er ikkje anna godtil, eg må unne deg det. – Det var det, sa Åsel, og måle hennar var underlig lågt og nær attmed Kjersti, – det var det, at det kom liksom [178] ein gav meg det. Så no trur eg det er over, – han *kan* no vel ikkje fara i veg og – – nei, herre gud, da hadde han gjort det før.

Den eine etter den andre av dei eldre stal seg beinvegen over til Håberg.

Lande låg utblåse og audt. Haugane svartna imot kveldraudnaen. Men vinden han var berre som ein bør å rekne for, eller som ein dans over berga, og kvar ei stjerne var ute og skjein.

Farbror Petter tenkte seg òg i veg med den vonde foten sin. Da tok Jens

brennvinskaggen på kjelken, sette Petter skrevs over han, og Jens og eitpar gælningar til spennte seg for og tråva i veg.

Anders sat i kammersdøra og smått vogga seg etter dansartakten. – Eg fekk ikkje noko botn i spelle hans Ola før, sa han. Men rettno er eg like gammal eg som han, eller han like ung som eg, rettare å seie.

Gjartru manna seg opp og sa at dei kunde gjerne sjå bortover alle saman, så fekk dei musikk der borte. Da dei kom dit, måtte andre stua ryddast, og så bar det til der òg. – Og no synes eg sjå ho Åsel får dans nok, snart, sa Gjartru. Ho ser meg ikkje så lite forfæld ut.

Men det var berre som snarast, så var ho like til fred's att. Det var som Anders sa, at heile slekta hadde slått seg vill. Ein fekk leva den stunda ein hadde fått til det bruke, det var vel det som var meininga med det.

[179] Utover natta vart det tungt for mange; der vart fullt på lofta og allstads. Dei kom med mat ifrå brylloppsgaren, men der var ikkje mange som gav han nokon ans.

Peder var ein med dei hardaste til å ture. – Du får ta meg slik eg er! sa han til Andrea. – Det er vel det eg gjer? lo ho. – Ho får ta meg som eg er, sa han til Ola òg. Men Ola passa på han, så han ikke rann reint full. – Det er bra du ikkje er som kælven, sa han berre; for du har andsvare for dem alle i hop. Og Ola var det som fekk han til å ta til vettes, da klokka vart ein tre–fire; han var enda fram og fann i Andrea til han, og så bar det til brylloppsgaren med dem, for der skulde båe brurepara ligge. Det andre pare hadde alt gått, og nokon kvar av dei som var eldre.

«Dem hi mykji å takk dæ fer,» hørte Ola at Peder sa.

«Mæ?» hørte han Andrea.

«Ja, dæ ja. Du hi frelst heile brølloppe. Men ti still no!»

Men enno gjekk dansen som ei kvern på Håberg, han gjekk med stormen, kunde ein tru; og mangt eit par sov oppå lofte, både i seng og flatseng. Det var ein liten fest midt i festen for dem som ikkje dansa, å gå med lys i handa frå loft til loft og sjå på dem som sov; farbror Petter hinka seg fram heile huse igjenom: Dei

låg så mangsles.

Ola gav frå seg spelle. Det var ikkje mål [180] i det lenger, sa han; det hikstar berre, eg skjønner ikkje kva det har fått i halsen sin? Men det stod ei lita veikje og såg på han, smal og fin i andlete, og still og allvitande i auga; *ho* såg ut som ho visste det. No smilte ho, enda ho rørte ikkje eit drag i andlete; og han og ho vart mo åleine i skogen. Det var Anetta frå Rønningan. – Ja ja, herre gud, du gjer ikkje å fortele meg at spelle er like godt, eg veit det mest, du.

Så gjekk dei. Han heldt i handa hennar berre, det var det dei kalla toskillingsleistand. Elles gjekk det folk i leistand både føre dem og etter dem. Men dei var åleine. Det var vinden og småskogen, og så dei nakne vollane; det susa så lint og einslig under morgonhimmelen. – Har du eit lommeørklæ, Anetta?

Ho stana og fann det fram, og heile tida stod ho og såg på han og undrast. Ho tørka sveitten av panna hans.

«Så,» sa ho.

Da dei kom fram til brylloppsgaren, slepte han henne. Han lettna, da ho lak vekk for han i fjølden. No var det lys på båe bruralofta, og det der var Andrea sitt. Han leita fram børsa til dyrlægen og ladde henne, så var han bortunder bure etter ein liten stega. Dei vilde hjelpe han, nokon som fór der og sveiv, men han trong ikkje hjelp. Der! no stod stegan godt, og her var børsa ja. Og der sløkte dei lyse. – Skyt da! skyt da! kviskra det attmed han, – [181] opp og skyt, din tosk! Han snudde børsa imot syndaren, mot ein etter ein, så dei rann vekk om nova. Så kleiv han opp, stod enda litt og fingra, og så skaut han. Han hørte eit rædd lite rop. – Javisst, dei skulde ha havt eit skott dei på andre lofte òg, det hadde vore skikken eingong, men han var så frøsen på fingrane, han var ikkje kar til å ladde meir. Og der hørte han for resten det small i veggen; dei hadde klinka sundt eit eller anna til ære for dem. – Ja ha, no var det gjort, Ola, no er du god kar att. Han prøvde om han kunde smile utan å rette ut tunga til seg sjøl.

Men gå og legge seg kunde han ikkje. Det var dagen snart, og hovude fullt av brennvín og uro. Han leita seg fram til Anetta oppå lofte. Ho låg attmed mor si. Ein full ein låg i same senga og raut, og elles var det reidd opp flatseng heile golve bortetter. Han sette seg attmed hu-gjerda. – Du søv ikkje, du? sa han. – Ikkje du

heller, meiner eg. – Nei, ikkje eg heller nei. – Han sat der lenge. Han duppa og smått sov stundomtil. – Her var da visst rom, undrast ho; ho flytta enda paa seg. Han strauk henne over andlete. Det kjentes gloande heitt oppetter vangane, og kaldt over panna. – Men kunde ho ikkje heller stå opp da? Og hjelpe han med å få til kaffe? – Kaffe? – Ja, morgoskaffe. Det er så stust å vera åleine, når all verda søv. – Du skal sova litegrand du òg. – Ja kanskje.

[182] Så la han seg attmed henne, og sov godtsom med det same. Så vaknar han med ein rykk og ser at det er morgonen. – No må du komma da, seier han. Vi to, vi skal koke kaffe, vi, og bera på senga åt folk. Gjenta fann fram kjoleskjørte sitt som ho hadde tatt av seg, og skone, og så kom ho. Kjersti berre anka seg i sømne.

Dei fekk opp varme i kjøkene og svinga over ein kjel. Men det var ikkje den rette, sa Ola, dei tok heller den her. Det var den Andrea kom inn med somtid; den tid ho var gjenta. Dei sat på fruvesteinen og venta med han koka opp. Gjenta fraus og var urven, men Ola var kvikk for dem baa, og så fann han fram frakken sin og hengte på henne.

Så var dei ferdig da, og no slo klokka halv åtte; det var på høgan tid. – No Anetta, no går vi, hm? – Ja, no går vi.

Dei stod utpå gongen attmed døra til Peder og Andrea. – Men er ikkje døra stengt tru? sa Anetta. Ola smilte og rista på hovude, kjente etter i lomma som snarast. Anetta såg på han enda ein gong, og orda kom liksom dei vart rykt utor henne:

«Ja men – – at du *vil* da?»

Han vart stinn ifrå munnvika og opp til øyra, det kvitna som etter sveipa.

Andrea vakna med eit lite rop og stirde på lyse og på dem.

«Gomorn!» helsa Ola. «Koles hi dokk sovi i natt da? Versågod, her kjem vi med kaffe, [183] dok val drikk 'n med 'n e varm, versågod no, gjer så!»

Han fekk det til som den likaste forgongskona; og endelig sat da brurfolke i senga og tok til med kaffe. Anetta baud fram brød til, men torde ikkje sjå opp.

Så gjekk dei lenger. Men døra til andre pare var stengt, og da snudde dei like snart og gjekk ned att med kaffe sin; dei fekk drikke han sjøl. Dei sat attmed

kjøkenbenken og drakk han, da ei av tausene i vertsskape kom ned og skulde tende opp. Ola kjente heile tidi at Anetta såg på han. Men når han såg opp, var ikkje auga hennar å finne.

III.

Dagen etter synt det seg at Håberg hadde vorte brylloppsgaren for ålvor. Det var alt med seg at forgongsfolke fekk gjestene bort til dyrlægegaren til middags, og så seig dei beinvegen over endane att.

Anders kom ikkje ifrå Håberg meir, og dei andre kallane heldt lag med han. Han var som omsnudd, kallen, sat og drakk og fortalte, såg reint syner attgjenom tida og viste dem fram for folk. – Ja! sa han best det var, – det var no den tida, og ho er dau no. Fortel meg så kva de har for dykk *no!* Og før dei vann å snu han, var han borti politikken: Kunde dei ikkje fortele han eitkvart utor bladom? Det gjekk vel for seg eitt og anna – kvifor gjorde dei seg ^[184] ikkje ein tur, dei som var til det? Dyrede, det skulde ha vore i mi tid! Men las dei ikkje blad da? Jaså, dei låg i krangel med sjølve kongen? Svensk eller ikkje, det la han seg ikkje borti, men dei skulde akte seg. Var han slik ei sålbot, at han ikkje gjorde laus krigsmakta si? Det skulde ha vore eg, eg seier ikkje meir!

Dei var einig med han, både gammal og eldre. Ein hadde no kongen og Vårherre over seg, og vel var det.

Ungdommen hørte ikkje på det, så nær som Arthur. Han våga seg endelig fram med det, at når kongen sette seg imot folke, når han skapte seg rang og styrte galen veg, så måtte folke seie ifrå, kven annan skulde dei lite på?

Dei var over han i eitt murr, som stormen over vika: Det var da vel folke som skulde lystre kongen, og ikkje han dem? Og folke han snakka om – var ikkje *dei* folk, kan hende? For det om dei var småfolk og ikkje sat og styrte lande for dagpengar? Han var ur-lite grande for grøn enda, det var det som var! Dei sa mangt, og det kom ifrå hjarte. – For det om dei ikkje selde garane sine? sa ein og såg i take.

Arthur gav seg ikkje, han merka ikkje styngane ein gong: Det var just det at

dei var folk, ja, og norsk folk, det var det han vilde dei skulde vita med seg sjøl. Men han fekk ikkje ord for seg, her stod dei *alle i hop* og hørte det var tull han fór med, kor vilde han henn?

[185] «Ja, vast no urlite!» sa Anders. «Lætt oss kjenn på det liti grand.» Han var borti glase sitt først. – Å vera ung er ingen last, sa han, og ser det slik ut for dem, at kongen og storfolke slår seg i hop med svensken og vil tukte oss, at det ber den gælne vegen ja, så, så! Anders yvde seg ut der han sat; årane streka seg blått i andlete paa han og knytte seg, bringa tok etter luft. «Nei, kara, æg kann ikkj gang' med dokk lenger. Lætt oss ikkj vara som sau'n. Gang fram, guta, og slå i bordi åt 'om, tak Namdals-klubba og snakk reint, – høyr alder ette gammelt folk, det e ei ny tid no!»

Det var dørgande stilt ei stund. Så tok dei til å murre så smått: Dei drakk no ikkje det som draup unna tekkja, [n14](#) og kongen, som sagt, han fekk ein akte seg for. Anders gjorde med hovude, vilde snu seg ifrå dem; – lat meg heller få eitkvart å drikke, sa han. «Men høyr mæg no her, Jens: Sleipa di vil æg ikkj ha meir tå!» – Sleipa? undrast dei. Kalla han *svensk banco* for sleipe? Han var da så søt og god, reint som manna å ta i munnen. – Manna har eg aldri havt i munnen, men lat meg få ein som er å lite på; sleipa ho høver dykk så godt der de står.

Ola stod og hørte på, men han vilde ikkje faren skulde vita det. Elles heldt han auga med Peder. Det blykta så rart i andlete på han, og med kvart var han reint vill å sjå til. Og Åsel [\[186\]](#) ho åtte ikkje tanke for det, ho var berre fornøgd at det gjekk som det gjorde. – Folk er no bra folk enno, sa ho. Enno står ikkje bygda på hue. No hånflirte Peder til politikken dei hadde for seg. Dei andre ungdommane hørte ikkje eit ord av det som vart sagt. Ja, dei snakka; den om det, og dei om det; men Håberggaren, det var ikkje ein som kom i hug han. Merka dei ikkje det grand da? undrast Ola, – kom det ikkje for dem som at eine veggen var ute? Kjem det ikkje for deg noko slikt heller? sa han med Anetta. – Du skulde heller ta deg ein dans, sa ho. – Eg er som ein sil, Anetta. I gjennom meg skal det, alle ting; og ingen ting sitt att. – Dans med meg da! Han tok omkring henne og vilde ut på golve, men kom ikkje fram for fjølden. Ikkje kunde han danse heller, noko som var. Ho var så grann å ta omkring; ein kunde gå ut og gjømme seg.

No kom Andrea over golve og bad han danse med seg. – Du skal det, Ola, bad ho. Ho hadde nykonnå-kjolen på og huva; ho kom med slik ein trygg ein smil. Ja ja; han måtte i veg. Han måtte humse og snu det beste han kunde, det var synd han ikkje hadde lært det skikkeleg med tid var til. Han såg for seg munnen hennar, kor sugande blid eller hatsk han var. Denne gleda skulde ho få, at han dansa som ein kjørøkse.

Så stod han ei lang øve og såg på ho dansa, med ein etter ein. Ho vart vakrare for kvar [187] gongen no dansa framom han, kvar rørsle var ein liten tone for seg; ho lydde han i kvar takten, vogga seg etter som han ønska det, sveiv etter som han drømte seg det. Det kom så uventa, som rikdommen til ein fattig ein. Like vel hadde han visst om det all sin dag.

Han glømte Peder. Og Peder glømte heile dansen. – Det *er* ingen ting det her! sa han med ein av kammeratane. Berre det same rundt og rundt. Lite grand meir var ein vel skapt til? Ja ikkje du nei, men eg. Han raga av ut, og inn i andre stua, gjekk frå rom til rom, med andlete høgt opp. Der var Mina ja, men kor hadde ho gjort av han Arthur? Bed han komma hit som snarast, sa han, og stod i gangen og venta. Folk som snakka til han, fekk ikkje svar, men så gale hadde hendt før. – Bli med opp på lofte mitt! orda kom tørt og stutt, og så gjekk han føre dem opp troppa. Innpå lofte tendte han eit talglys og sette i ei tomflaske. Små rykkingar fór oppetter andlete på han, slik dei hadde set små meiningar av hoss både Åsel og Anders. Han sette seg på senggavlen, og Arthur på ein stol med brura på fange.

«Det var berre det, at vil dokk kjøp Håberg her, sa ska dokk få det.»

Håberg? Var han galen? han meinte no vel ikkje det?

Å jau, han pla da elles meine det han sa.

«Men odelsgåren dinn da gut!» sa Mina. «Nei, du får bruk vett og forstand, Peder. Og [188] Arthur sa, at det halve, det kunde det vera rim i.

Peder tagde, og da Mina kom etter kva Arthur hadde sagt, snudde ho seg og såg kaldt på han: Det halve? Nei takk, enten heile Håberg hell så ingenting. Og elles så skal han vel ikkje byttast sund?

«Ja, ka dokk sei da?» Peder såg kvassvore opp. Han er bevrande bleik no, men med ein brennraud flekk på kvart kinne. – «Som det står her, og kår åt gamlingan og 'n morfar, 5000 kroner ette ny rekning: det æ sjøl skuld gi. Tenk på det da. Fer du, Mina, du forstår mæ kanskji.»

Han reiste seg og gjekk ned, og dei etter. Dei fekk ikkje tanke for seg. I gangen råker han på mora, og syng ut, tek ein høg og glad tone, så dei kunde høre det kven som lysta: «No hi æ seld garen, mor! Åt skikkeli folk for resten. Dem dér ska ha 'n!» Så seier han, og no er det skjjerande lågt og bort ifrå henne: «Så hi æ sona for *det*. Oppgjort og ferdi ja. Så hi æ sona for dokk all i hop, det kom fer mæ det va på tida no. Og så e det rom på Håberg fer skikkeli folk – der e draumen dinn, mor.»

Åsel klipper berre med auga, og let att ytterdøra, så ikkje vinden skal slukke ut lampa. Ho snur seg andre vegen. Der møter ho Ola, han står i døra til stua, og han er bleik som kalka veggen. Dei ser på einannan, så til sides, og på einannan att. Ola kunde ikkje seie noko, før [189] ho hadde gått. – Halvparten skryt og ubrukt makt, og halvparten nakne skjelvande kroppen, tåler ikkje vinden bles på han ein gong, eg kjenner til det der òg. Men det gjer ikkje du, sa han til Mina. Og tek du garen her, Mina, så ta han i gudsnamn, det – – det får du gjera.

Åsel sa til Andrea at ho trudde han Peder heldt på og vart drykkjen. Andrea raudna til, og Åsel angra ho hadde sagt det. – Du skal ikkje bry deg om han, sa ho, han er så rar slik, han er så ulik alle dei andre. – Ja? *Det* er han vel? Andrea vart borte i stimen, skulde sjå etter han.

Åsel såg Gjartru dansa, ho var på golve i einingen, dei var galne etter å danse med henne, ungarane. – Det er ikkje anna verdt! mumla ho med seg sjøl. Så løfta ho auga, for no var Ola der att, – dei visste bae to at dei var bleike. – «Det verst e no det lel, at 'n kan *sei* slikt!» sa ho. «Fer e 'n ikkj meir te kar – – så kann det vara det samma.»

Ho gjekk og vov att og fram i fjølden. Ho fekk slik ein brennande dansarlyst, ho vilde slå seg laus for ålvor, ho vilde vera så ulik seg sjøl som ho berre kunde. Ho dansa med ein etter den andre, til stua stod på hald for henne, kvifor skulde ho ikkje det? For allting retta vel på seg, både stua og det meir, det var aldri på

det verste når det såg verst ut. Og just med veggene gjekk på det lystigaste omkring henne, sa ho det med seg sjøl, til Ola eller kven det kunde [190] vera, at han Peder vart dem for dryg, dei fekk sette han i ein bås for seg sjøl.

Likevel var ho litt rædd for den stunda når vekene stana omkring henne. Kor vart det av Andrea? Ola lest ho ikkje som ho gådde meir.

Just ved denne tida sat Arnesen og dyrlægen og nokre til borti den andre garen og spella kort. Da kom det ein med ein seddel heimanfrå Segelsund. – Telegram, sa Arnesen, han la frå seg korta og sigaren. No skal vi sjå da, kva dei har å fortele. Vi har ikkje kirkefred eingong, vi forretningsfolk, smålo han over til Kasten Landre.

Han las over telegramme fleire gonger, og tok ikkje korta meir.

Jaså, silda hadde falle, der sør? Kasten Landre fekk små blide auga.

Arnesen hørte ikkje. Så reiste han seg, stod litt og jamvog; så slo han flathanda i borde så glasa hoppa, og såg villt frå den eine til den andre.

«10000 kroners tap, netto kontant!» Han sa det tre gonger; så tok han glase sitt og drakk. «Så, no slutta vi brølloppe, sa vi – han indeli fortære!»

«Neida, nu byner vi for blåe allvore – opp med hode, gutt!»

Arnesen ser stivt og glømsk på han, men levnar til og mjuknar bort litt om senn.

«Ja, *kann* du hjelp mæ nu, Landre, da er du en stor mann, – bare en urliten håndsrekning, [191] mener jeg, berre for en måned eller så, med jeg får områ mæ litigrand.»

«Vi får kjenne i morra, men her er korta, og ditt utspell!»

Dei prøvde å komma seg i gang att, dei friska kort og brygga nytt i glasa, men Arnesen hadde gått i stå, han var ubrukbar. Det bar til Håberg med dem. Arnesen hadde vore tyngst lasta av dem, men no var han ædru som landvinden; han gjekk og sa ikkje orde så lang vegen var.

På Håberg var det fullt liv. Massinghorna kunde ha fått ein kisteklædd ein til å danse, var det nokon som sa, og slik syntes dei visst alle. Åsel vart ståande og sjå på folk, på andleta deira: dei var så hjartans fornøgde, ho hadde ikkje set dem

før; kvar ein såg ut som han hadde ein stordag. Arnesen la ingen merke til, men no sette hunden i å gjøy ute, det hørtes som han beit i sjølve mørkre, og så fór han som eit ylande strek kring nova. No kom det frammandt folk inn i gangen, der vart stor oppstuss. Anders spurte urolig, vilde vita kven det var.

Det var Kal Jensa, Juvikløva, som kom. Full var han, og stygg i åsyna; han såg seg rundt i hopen, og dei seig unna.

«Kem det e tå dokk som *gjøyr*?» spurte han.

Det var da hunden det, hunden, det var slik ein tosk att! ropa dei.

[192] «Ja, e det nokon forskjel på dokk da?» Han skumpa dem til sides og kom inn i stua.

Dansen stana litt etter kvart, og folk kom seg bort til veggene.

«Jaså, her e brøllopp, *her*?» sa han og glinra imot lampa. «Kor dokk hi gjømt brurgommen?»

Det vart hoggande stilt. Folk hadde hørt sneven av dette med Peder og Kjerstina, og dei visste korles Kal kunde vera i brennvine.

«Brurgommen?» spurte han att.

«Her!» svara Peder og kom fram på golve.

Kal snudde seg og såg på han; opp over han og ned over han:

«Jaså, det er slik du sjer ut! Hm.»

Peder stod og såg på han. Han var rolig, men tynn og slakk imot den andre.

«Kann hels dæ ifrå a Kjerstina. Vi mått ta og bitt a fast i dag. Ho villa tyn sæ. He? Ka du sei om det? Svara du ikkj?»

Andrea tok eit steg fram imot Peder, men kom ikkje lenger. Ho vart ståande og stirre på han, glømte å blunke. Slik stod dei alle i hop.

Kal fekta så smått med armane. Dei var digre og spennte, han måtte kunne slå i hel ein hest.

«Æ va meint på å tukt småfinn med dæ, Peder.»

«Slå vekk!»

«Tek du imot a?»

«Nei. Berre slå du. Æ hi fortjent det.» Så snur han seg til dei andre: «Æ skuld for resten te å forkynn det, fer heile meniheita.»

[193] Andlete til Kal skifta, i både hamlet og skapna, dei hadde aldri set kar forandrast slik; no fanns der ikkje slåssarmot lenger, ikkje gneisten av sinne, det var berre hate som brann under huda; han stod og spydde over Peder, syntes dei, – hadde det enda vorte ein ende på det! No gjekk Kal borttil Peder, gav han ein kakk under haka, og lo med eine munnvika:

«Din tarm der du står!»

Anders hadde reist seg. Det tok litt tid før han fekk ord fram.

«E her ingen – finns det ikkj *ein* da som kann ta ifrå sæg? E det så svart!»

Så sette han seg; og Kal snudde seg og gjekk ut.

Det var fleire som såg på Peder enn etter Kal, syntes Åsel, ⁿ¹⁵ og ho visste ikkje korles det var, men det rann ein fysna gjennom henne, så ho snudde seg til den første den nærmaste, og orda kom av seg sjøl utor bringa:

«Han Peder vart 'n fer sterk lel!»

Men i gangen vart det oppstyr att. Kasten Landre hadde stilt seg i vegen for Kal, og hadde fått ein så han tumla attlenges imot troppa, så fór han opp og inn på han, og no bar det ut døra og ut i mørkre, og folk etter; dei hadde fått att mote sitt. Ei stund etter kom dei inn og kunde fortele at Juvikløva hadde *fått!* slik var det Kasten tok fiskarane når dei kom på bua hoss han og rasa i fylla, og der til så var her no fleir, om han fann på å komma att!

[194] Dermed lettna det i stua, og snart var dansen i full gang att. Andrea fekk Peder med seg ut i eit kammers, og der skjenkte ho han ein dram og fekk han til å sette seg; sjøl sat ho attmed han og heldt i handa hans. – Eg hadde fortent det, mumla han. Eg hadde fortent det. – Ja ja, men tenk ikkje meir på det no, så er du snild. – Eg skulde just til å rope det ut for heile menigheita, men eg vart for sein. – Ja ja ja, Peder!

Ikkje lenge etter gjekk dei opp på loftet og la seg.

Gjartru måtte ha tid før ho skjønna det Arnesen fortalte. Ruin? Og grå som oske var han. Ho dansa enno ein skjøt, men så tok uroa til å arbeide seg inn på henne, og ho måtte ha tak i han og få han til å fortele det enda ein gong. – Ja men, når du no får områ deg? sa ho. – Nei, sa han. Og da var der liksom ikkje meir. Ho gjekk beint ifrå han og inn i fjølden. Men der var det heller ikkje godt å vera, dei skumpa og tråkka liksom ho ikkje fanns der, ein skulde hit, to skulde dit, og glade var dei så det skjein av dem. – Har du *hørt* det? sa ho til Ola. – Både eg såg og eg hørte ja. – Å, *det!* bles ho, og ho var alt på og skulde gå ifrå han att. Men makta hadde sige av henne, ho kom ingen stan. Ho fortalte kor det stod til, med ein tør liten flir; så stod ho og såg i kring seg, meir og meir forundra. – Det er så rart, Ola. Eg synes som eg *ser* no. Stua og folke [195] og alle andleta, det går i ei skodd for meg, men eg ser det så brennande vel. Og attom det ser eg heile stelle, det står og flirer til meg – han Arnesen er ein tosk, har du ikkje set det, Ola? kvifor sa du meg det ikkje? Eg står ikkje her og ser på det, hører du, eg dansar, gjer eg, til eg styp, kor det vart tå dykk, de som vilde danse med meg?

Dei var ikkje langt unna, det var slik ein forkunn-smak i å halde omkring henne som var så fin, likare gjente var her ikkje. Men Ola såg ho fall litt tung for han som no tråva rundt med henne, – ho gav han seg for resten, og så seier ho det høgt og bernt til han:

«Heile stasen va berreste eit eventyr. Berre røyken att tå det – bot på bot og lapp på lapp, slik ser det ut. Det e rart å sjå, gut!»

Ungdommen trampa og hoia, og ein drykkjen ein kom snåvande og låg i vegen rett som det var. Spella kort gjorde dei på alle lofta, Åsel hadde git seg for lenge sea, – eg rår ikkje noko med den nye tida, sukka ho, men ho måtte mest le òg: det var likare des verre det vart, rettno.

Da kjem det inn to som er krita bleike, og står i døra og stammar. Kva var det dei hadde vorte for? hadde dei *set* noko? Den eine av dem gjekk sin veg, han vilde ingenting ut med. – Men slutt med stygg-sjauen, det rår eg dykk til! varskudde han. Den andre fekk det [196] endelig fram. Dei hadde set ein snøkvit skapna borti stallporten, ein rømling ifrå kirkegaren.

Dei mista låtten, nokon kvar. Var det sant?

«Likskjorta!» mumla han berre, han var nåmen i kjakane.

Lampa blakrar til og vil slokne, og kvinnfolka opnar munnen liksom dei skrik.

Jens rusar i veg ut og vil ta spøkeri, – han vart for sein her i sta da han Kal var her; fleir legg i veg etter. Dei fann ikkje noko. Kirkegaren var ikkje så nære. Og enno ein gong var folk på golve og dansa. Men dei var for trøytt no, dei fekk ikkje farten i seg, og så bar det til sengs med dem, så godt dei kunde, parvis eller i klumpar ettersom det helst høvde.

Ute var det dørgstill natt. Hus og fjell stod imot lufta og mørkna, og vintervegen gjekk og lyste tvert over himmelen. Anddråtten frå skjera var ikkje å høre, utan ein lya vel etter han.

Ola og Anetta gjekk til dyrlægegaren i natt som i gårnatt. Men i natt var dei to-saman ute og gjekk. Dei famla seg opp på eit loft og la seg.

IV.

Tredje bryllopsdagen tok folk til og vart slakke i auga. Mathugen var borte, og meir til; det tok tid før dei vann seg i farten att. Dei som eldre var og hadde vore med litt, tøyde berre på seg og gjekk og venta, for det var noko med det likaste i eit gjestebod; dei gjekk og fann på så mangt. Ungdommen, mange av [197] dem, var kaldhustren all igjenom. Det var visst nok for lenge sea, og korles skulde det bli når helga var over og svarte ørka sette inn? Kom ikkje slik ei høgtid til å hemne seg? Så langt heimafrå hadde dei aldri vore før.

Da var det einkvan som fortalte at det hadde komme ein prekar til bygds. Han las opp utor gudsorde og preka over det liksom presten sjøl, og dei som hadde hørt han, sa det var merkelige ting. No i dag klokka 11 skulde han til att, borti ein av grannegarane.

Dei rausa i veg fjølgmennt ifrå bryllopsgaren, det var da straks eit ombytte i kosten.

Han var ein stor og breivaksen kar, og sterk i andlete, så dei tagna og vart spake alle ⁿ¹⁶ i hop, når han såg den vegen. Stua var full av folk, og dei som ikkje hørte til brylloppe, hadde salmeboka med og song så det båra gjennom både hus

og mann. Stod han så opp og snakka, og same sudrage i det som i songen, same rare egga for det som det var for aug'syna hans. Presten i kirka, han sa visst det same han òg, men han hadde vore så langt unna ein, gjernast, der var lovlig å tenke på alt ein vilde. Her vart det anna slag. Kvinnfolka snykta og gret bortetter benkene, rad for rad, og vaksne karar kunde ein sjå bleikna utor, der dei sat; det vart tungt å puste.

Ein av brylloppsungdommen gav frå seg eit hæh! og enda eitt, for det her var det konstigaste han hadde vore borti, han måtte le høgt. Andre [198] prøvde å ta etter, dei vilde ut or denne klemma; ein av dem fann enda på å rikse med benken under seg så det vart ei ulåt i stua. Men dei vart så einslige med moroa, før dei vardest, og så hadde dei prekaren i strupen på seg att. Det *bar* til helvetes, dette her live, som ventande var, dei såg det, og det var nifst å sjå.

Gjartru hadde òg komme dit. Ho hadde ikkje smakt blund om natta, og no var det ein sterkare ein som drog henne denne vegen. Ho fekk ikkje auga ifrå prekaren, han batt henne og bar henne dit han vilde. – «Livet,» sa han, «livet er veien til døden. Som floden imot havet, så iler livet imot døden, kjære sjæl; det er tomhed på tomhed.» – «Ja, ja!» sukka ho høgt. Det skar gjennom bringa, tak for tak; men det var blodsmakande søtt. Gråten beit ho imot i det lengste. Syne tårer, det vart mest som å kle seg naken for folk, slik sat det i henne frå gammalt. Men da dei gav seg over rundt omkring henne, hang det i eit hår med henne òg. Talaren såg beint på henne, snakka berre til henne; han var så stor, og så god i auga, der var ein blåna med ting som verda ikkje visste om, – og herre gud kor smått, kor armodslig smått alt anna var! Små rykk med tankar fór gjennom henne, ting og annan dukka opp or mørkre i henne og vart borte att. Men live var ein veg til døden!

Mina! kviskra ho eit par gonger, ho skulde ha sprunge etter henne og fått henne hit, for [199] korles skulde det elles gå henne, no når allting ramla i hop og haug kring henne? Men mannen tala, og det var ikkje å komma nokon veg.

– – – Mina hadde anna for seg. Ho visste det alt i gårkveld, korles til stod. Ho hadde ikkje ligge nattvakande, men ho hadde ligge og tenkt seg om, til ho sovna, og da ho vakna, tok ho til att. Det var det, at her fekk det bli ei råd. Ho var i veg

og fann Ola først. Ho venta rolig, med han og dei andre snakka ifrå seg. Dyrlegen var der, og han var ho rædd,- han såg ut så allvitande; og morfar var ho heller ikkje trygg på. – Før i tida, sa dyrlegen, da var det anna slag; da levde folk som dei skal leva, ikkje sant Anders? – Nå, det veit eg no ikkje; det var no *den* tida det. Lat oss heller friske kort, karar, og få nytt spell. Det kan gå verre ja, men ikkje like-ens! Dyrlegen smilte rundt til dei andre: Det var just det der dei skulde ha. Hørte dei, eller hørte dei ikkje? Han snudde seg til Ola: Kva er det du står og surmuler for, gut? At ikkje tida tar og ber deg på hendene? Ja. Men ho vil ikkje. Det er så greit her i verda, at det eine kjem av det andre, hugs-på det! – Er det så greit? Da går det rundt for meg. Kor tok det til da? og kor slutta det, sei meg det?

Han gjekk ifrå dem, og kom tett framom Mina. Så ålvorsam hadde ho aldri set han før. Ho kom og vart med han ut, og heile tida syntes ho han visste kva ho vilde. Utpå stubrua stana [200] han. – Dersom han berre kunde snakke, sa han. – Kven da? – Han Arthur din. – Kan ikkje han snakke? – Nei. Han seier det berre som det er. Han ser ikkje anna enn det som er. Han er ikkje den som skal komma, vi må vente ein annan ein. Du veit: gauken? Gauken som gjel i Svartskogen. Sea kjem den rette.

«Du ska hjelp oss, morbror, du veit kor det står te!»

«Ja ja ja!» Han sukka ut i vøre: Eg skulde ha hjelpt alle i hop. Verda snur seg, og folk bli ikkje med. Finns ikkje verre ting til, enn å stå og vita at her må komma eitkvart nytt, og så ikkje vita kor det kjem ifrå!

No snudde han seg til henne og såg på henne så ho kvakk:

«Veit du kofor æ e så gla ti dæ, Mina, så stort eit toskhu som du e? For det at du trur her finns *ein* imillom all i hop som e bra.»

Ho såg storøygd på han. Og han mumla med seg sjøl: Eg får til å tru det, eg òg. Inga anna råd. Her må vel finnas eitkvart som er godt hoss folk, når det ikkje finns hoss meg.

«Vi ska ikkj vør å ta 'n Peder på orde da, synes du?» Mina hadde samla seg no.

«Å, det? Ja, det veit æ ikkj. Men va det ikkj så at det ha gått skjeis med 'n far

din? Da ska du ta Segelsund, få skjøte på gården, og det fort ò. Han far din bli det alltid ei rå for.»

Ikkje lenge etter hadde Mina funne faren. Ho bad han, han skulde ikkje ta det så tungt, ^[201] han Arthur og ho, dei skulde kjøpe Segelsund, større var da ikkje skylda enn at det måtte gå. – Og skinne kan dei ikkje ta av deg, trøsta ho. For slik er det i verda, veit du, at det eine kjem av det andre.

Arnesen vart eldande raud. Kva skuld dei kjøpe for? 10000 kroner stod Segelsund for i banken – visste dei at det halve kunde ha vore nok? Og at han skyldte det same rundt i kring seg, he?

Mina klipte rolig med auga og tagde. – Det var han Ola som la meg den råda, så ho. Da tenkte han vel som så, at han onkel Jens skrive på for oss, for gården. Resten ja, det veit eg ikkje, dei kan da vel ikkje ta skinne tå deg? Det er da visst ikkje noko fark i det her?

Arnesen murra berre. – Eg vil ha fred! Eg vil ha fred for dykk, seier eg! Det var da hemn til folkslag, dette her: Først ruinerer dei meg, og sea ét dei meg levandes opp med berre ap og påfunn! Kor ho er, ho mor di? For det er hennar skyld alt i hop, hører du det? Og du er verre enn henne – eg vil ha fred!

«Stakars far!» mumla ho, ho beit seg i leppa og gjekk.

Ho og Arthur gjekk seg ein lang tur. Det høvde så merkelig, at dei møtte Heggerud i vegen, bankmannen, han kom og skulde til brylloppsgaren att. Mina gjekk på han med ein gong, og gamlingen var snild som han pla vera.

^[202] Det skulde dei gjera ja, sa han, og ikkje dryge heller med å få skjøte, og kunde han hjelpe dem på noko vis, så skulde han sjå på det. – Sel vekk alt som ligg til; både utvær og plassar, gjekk han og mumla, ja ha; og fartye det tar *vi*; og bybanken han bli for sein, ja ha. Men aldri i verda får du han Jens til å skrive på! ropte han best han gjekk.

Dei fekk no prøve, meinte ho. – Han er den eg minst vilde snakke til, men for det så –

Ho gjekk og leita etter han, Håberg rundt, men han var ikkje der. Oppå loftet fann ho Peder, og han såg bleik og tynn ut. Han sat på senggavlen. Andrea hadde

dei møtt i troppa. – No skal eg fortele deg noko, sa ho. No bli du sittande på Håberg, og eg på Segelsund, kva seier du om det? Vi kjøper garen, vi får han Jens til å skrive på. Rømme til Amerika, sa du? Det gjer du ikkje nei; enda det var visst det lettaste. Da måtte det heller bli vi som fór da, han far har tapt alt i hop og meir til. Nei *du* rømmer ikkje, – men kor har han gjort av seg tru, han onkel Jens?

Peder såg tomt fram for seg. Auga i han var glasne, og augelokka stive som bork.

«Fagergåsa!» gjeispa han etter henne.

Ved denne tida kom folk ifrå møte, og det vart eitt røre og eitt snakk heile huse over. Forgongsfolke gjekk rundt og tagg folk med seg til dyrlægegaren, for der stod middagsmaten og [203] iventa, nysalta ur og brædd smør, skulde de ikkje *prøve*? Folkehopen seig i veg.

Gjartru og Arnesen var ikkje ved borde. Han hadde gått og lagt seg, vilde ikkje svara eingong når dei ropa til han, og ho var ingenstads å finne. Åsel var den ho hadde vore, og Kristen med. Dei åt så det var ein lyst, og anna såg dei ikkje ut til å ha for seg. Elles var det berre predikanten dei tenkte paa, borde rundt. Serlig var det ei hending som hadde bitt seg fast i dem. Ein gutladd som sat bakom predikanten, hadde stole seg til å henge ein papirdevel bakpå han; dei vart vår det da møte slutta, og dei måtte flire mange som nyst hadde gråte. Men i heimvegen gleid skarvungen på ein hálkekul og reila eine foten sin, så dei måtte dra han hit på ein kjelke.

Utpå ettermiddagen kom predikanten til Håberg, og Gjartru med han. Der skulde bli møte. Åsel fekk ikkje vita om det før det var for seint, ho hadde så mangt anna å stå i. Og gamle Anders sa, da ho endelig kom og vilde snu dem i døra, at dei skulde la mannen snakke, det kunde vera friskt å høre kva han fór i, ein skulde vel ha hørt ein slik ein òg.

Det vart eit sterkt møte. Folk omvendte seg i flokk og skokk, og Gjartru var med dem. Prekaren gjekk innpå dem hardare og hardare, der vart berre ei sanning til: Vil du bli frelst, så må det bli i dag, *i dag!*

[204] Anders sat med andlete opp imot lyden. Somtid var det berre rukker og

skjegg; somtid opna det seg stort og truskyldig som på barne, og auga vart mindre blåblinde, det var som dei såg. – Ja ja, sa han. Men des meir folk gav seg over, des tyngre var gudsorde over dem, og no var der nokre som gret høgt, – det der var ho Gjartru, hørte Anders. Han sitt og tar seg opp i skjegge, tak om tak. No bli prekaren låg i måle, det syng kvævande lint og frå hjarte:

«Den som *nu* lukker sitt hjerte for Herren, han lukker det måske for evig, og døden står her og venter. Døden! mine venner.»

Da står Anders beint op, høgt over dem og midt imot talaren, hovude hans er som kvitskya over jorda ein haustkveld. Han kremtar to gonger, langt oppi tonane, og held handa ut framfor seg:

«Nei nei *nei*, mann! No val du gi dæg. Kor det vart tå dæg, Åsel?» han snudde seg til sides.

«Ja her e æg, far, og no ska det – –»

«Ja, gjer det, få mann' te å gå. Ta spelle ditt og reis på ein annan marktna. Læt dauin vara det han e.»

Folk hadde snudd seg og gapa, og slik vart dei sittande. Det gusta ein kaldkjøl gjennom stua, liksom take vart løfta av. Talaren tok etter all si makt. Men da sa Åsel tørt og lognt:

«Søng ein song te sluttnings, det e så vakkert.»

[205] Predikanten tok sitt og gjekk med ein gong, og mange etter. Heile lyden sat og sakna songen.

Gjartru sat att i same draumen enno. Ho let dem reise seg og gå rundt i kring. Så bøyer ho seg framover, lett att auga og bed. Ho skulde ha takka Vårherre, og ho skulde ha bedt både for seg og sine, men ho kom ikkje over første tingen: Ho bad for Åsel, bad så ho skalv alt med seg, at Herren måtte rive henne som ein brand utor elden, han *måtte* det, for det vart ingen himmel for henne, kom ikkje Åsel òg dit! Ho mumla og kviskra, ho ansa ikkje om folk hørte det eller ikkje. Det var heller ingen andre enn Åsel som hørte det.

«Ja, no kan du be fer mæg lik leng som æg hi bedt fer dæg,» sa ho tett over henne.

Folk slong ut og inn i dørene. Nokre hadde vorte med emissæren, og nokre hadde tatt vegen beinast heim, her var ikkje likt seg lenger. Kristen Folden sjøl tok til og bad dem inn att: her skulde bli *pons*. Jens onna som ein råssdreng ein høyvêrsdag, og endelig bar det i drikkinga på ny leik. – Skal det virkelig berast i veg paa det der vise, sa Anders, han sat enno og kom i hug møte. – Ja, sa Ola, det spørs om ikkje folk får ei ri med krampe no. Krampe i trua. Eg kjenner det på meg, at det vil til. Sea blir det andre ting, får vi tru. – Får vi tru ja, sa Anders.

Arnesen kom inn med glasa i handa, glinnra urndt i stua liksom han knapt var vaken enno, [206] og der ser han Kristen og segler beint på han: – No skal vi sjaa da, Kristen Folden, om det ikkje bit *lov* på deg. Både for nøtene og for anna. *Eg* er ferdig, det er så, men no ber det i veg med deg òg. Du er ein skarv til kar, hører du eg seier det? Ein – ein –

Mina kom og tok han, og han skjangla med henne som ein sømnig unge.

Kristen småhumra berre, og hjelpte til og rydda stua til dans att. Det var vaksefolke sjøl som måtte til denne gongen; ungdommen hadde fått frost i kroppen og vart ståande handlause frammed veggene. Anders sette gjøt i dem. – I kveld vil eg til å leva, eg som de, gutar; det spørs jamenn om eg ikkje må på golve ein sving òg før eg sluttar.

Da dyrlægen kom inn og borttil han ein times tid seinare, var han kåt som ein ungdom og vel så det.

«Høyr her, du krøtterpinar, no ska æg fortel dæg noko!» lo han. «Han Kresten Folden, værson min, det e ein hedersmann. Han skjenkt ti eit døkti ølglas med armanjakk, og sa, at det der ska du ta ti dæg, sa'n; og æg tok det ti mæg. Og han Kresten Folden, han skjenkt ti enda eit døkti ølglas med armanjakk, og sa det samma; og æg tok det ti mæg. Men javisst ja, da vart æg *annan kall!*» Han sat litt og lya: «Der mein æg vi hi 'n Ola i spellingja – høyr på 'n, no slakta 'n gjeit igjen! Han skuld ha vøri [207] oppgjort tå nyan, heile stakkallen. Berre dans dokk, han e ikkj setanes!»

No kom Andrea leiande inn med Peder, og dei dansa i veg millom dei andre. Han hadde sove ein stubb og var god kar att. Han heldt i henne så trufast, – med godt samvet, som Kjersti Rønningan sa. *Ho* hadde just vore opp og sett til Petter,

han låg og var dau drykkjen.

V.

Mina var litegrand heit, men no skulde det skje. Ho måtte snakke til Jens, det vart ikkje annan utveg. Ho tok han midt i troppa, han kom ned frå lofte med mugga. Jens såg tynnt og tørt på henne; kjakane vart større og større. Han rista på hovude: – Skriv aldri namne mitt paa eit papir, ban. Aldri nei. – Nei nei, men så kan du låne oss da, veit eg? Lån oss 10000, med pant i Segelsund og allting. No smilte han, og Mina vart spritande raud.

«Det kan jeg aldri tru jeg gjør. Da kjenner jeg han Jens kleint. Du, gulle mitt, er *all right*; feiler ikke det. Men jeg er altså en – *en selfmade man*, skjønner du det? Har mine *principles*, altså. Og han far din, nå ja for resten, heile lande her er – her er ikke *bussines* for to cents. Der! no veit du det. Bli med over, hva? Tenk på det du.»

Mina hadde vorte meir og meir bratt, og eine munnvika drogst hardt opp.

[208] Da var Peder der. Han stod still og hørte på, full men stødig; han var lik til han vilde spytte på einkvan. Han kom opp og stod breiddmed Jens. – Eg hadde ein farbror ein gong, eg, han heitte Per, – heitte det same som eg, å kalle. Han gjekk god for ein eingong, har dei fortelt meg; heldt på og skulde kjøre heile Håberg her utfor bakken. Men så slapp han, var det ikkje så?

Jens vilde komma seg framom dem, han skulde ned med mugga, men Peder stod i vegen.

«Va det ikkj slik da? Ja ja, berre gå du. No e det min bør. Det ikkj han gjord, det gjer æ. He? Sa du noko? Kom hit, Mina, og Arthur med, så ska vi sjå, san,» – han gjekk føre dem opp.

Åsel hadde sett seg uti sengkammerse til øystre stua. Dit kom Gjartru og fann henne. – Du skal ikkje vera sint på meg Åsel, sa ho, eg er så glad, eg kan ikkje bera det åleine. Eg har som ei oppkomme med tru i bringa, eg er så rik som eg aldri drømte eg skulde bli. Eg trur enda det, at Herren hjelper oss både på det eine vise og det andre. Å, det er lukksalig å vera så knust som eg er no.

Åsel smiler for seg sjøl: Er det så lett vint å komma seg inn i gudsrike no da? Ja ja, eg har no så ofte bedt deg om å halde deg til *han*, men. Eg meinte ikkje det gjekk slik for seg. Det var ikkje det der eg bad til Vårherre om nei.

[209] Gjartru har enno nokre små hikstingar, dei kjem og kjem, og auga er på veg langt ute. – Det er denne slektstanken din, Åsel, berre ikkje han bli deg ein stein i vegen – og *kan* du ikkje få dem til å slutte med dansen og all styggmakta da? Du som var så rædd, her før?

Åsel bad henne snakke til dem sjøl. – Og no er du inni skodda att, ser eg. Tru, kallar du det. Eg kallar det draum eg. Og eg må seie eg kan ikkje konsten; eg er dømt til å sjå verda slik ho er; og enda bera opp hovude mitt. Men vil du ikkje ha ein smak vin? han er god, skal du kjenne!»

«Å, du veit ikkje, Åsel, kor rart det er, alt i hop! Som det ska vara sist i verdsens tid!»

«Det e no så det, men.» Åsel tok seg ein sup av flaska. – Men dei fekk halde bryllopp no, den her gongen, sa ho. For ho syntes òg det var rart, ho kunde ikkje anna seie. Borna mine bleike og veike, eg ser det mest, og kanskje ingen tå dem vil ha garen, dei riv han utor hendene på meg og hiver han; og det vi skulde ha gjort, det vart ugjort; og heile tida har eg gått og brunne med at eg skulde ha ofra eitkvart, det dyraste eg visste – det bli ingen ting. Slehta ja, eg måtte vel ha haldanes tak i eitkvart eg òg? Men det får komma, det som komma skal. Så får du halde på med ditt. Dette her er første gongen eg har kjent meg ung, likevel.

[210] «Ja, berre 'n Arnesen ga sæ over te Herren, så!»

«Å *du!*» mumla Åsel, ho snudde seg frå henne.

Da kjem Peder, og attom han Arthur og Mina. – Held du på og pratar no, mor? seier han. Inga sak for deg, san, som har meg å syte for. Så veit du da du har rett. Trur du eg rømmer ifrå det, du? Var ikkje mykje likt meg. Nei, men no har eg skrive på for han Arthur her, for 10000 kroner, det må da vel Håberg vera god for? Kva du seier om det, mor?

Han hørtes ædru i måle, det snurpa og garva som sterk bork, syntes Åsel; men enda var han liksom så langt unna, stod visst og tenkte på vidfarande ting.

Best det var, snudde han seg til henne og stakk:

«Hus-på det da, både du og han far, at det her står spikra fast. Visst ikkj – – så e det Amerika ja og farvel!»

Han svinga seg stivt rundt og gjekk att. Andrea fann han i gangen, og han tok stort og hardt i kring henne; ho vart både raud og forundra.

«No e vi fattifolk, Andrea, høyri du det? No hi æ rista tå mæ ei tung murru. Æ visst da vel æ skuld vara mann fer einkvart, æ ò. Lætt mæ no finn glase mitt!»

Først stod ho berre og såg etter han. Så arbeidde lukka seg fram i auga på henne, og [211] så over alt andlete, og da ho møtte Åsel, vilde ho helst ha gjømt seg bort. Men Åsel sa berre med ho smaka på sjokoladen dei hadde kokt:

«Du hi snakka med 'n Peder, veit æg? Og e du eni med 'n, kann allti æg vara det.»

Bryllopps-duren hadde komme opp i ful høgde att, kunde dei høre. Åsel lyar, og smiler: Så rart som det er. Som det skulde vera siste gongen vi hørte det der. No hører dei ein halvfull gutvås uti gangen:

«Klem på, guta, det e dom'-dan' som held på å tre i kraft!»

Og det svarar ein eldre ein:

«Dom'-dan' e overstått han.»

Folk hadde aldri tura likare. – Og når silda falle, så var det bra vi selde før, sa ein. – Så var det bra vi ikkje var storkarar og kjøpte, svara ein annan. Og enno var det bryllopp og godt år, og resten stod i ein blå røyk for dem, det var ingen som kom i hug synd lenger, meir enn i gamledagar. Ute, der var det svart og kaldt, og dit vilde dei nødig, att med døra, og skruv opp lampa, lat oss så massingen att!

Ola hadde helst sitte og spella til lyse morgonen, og han meinte slett ikkje på å pine folk. Han hadde spella seg varm, det var berre det. Han var just kommen dit, at han kunde tonen på alt som fór igjennom han, og det var mangt. Styggmannen lærte han slåttane, som gammalkarane sa; *det* var live, slik han hadde ønska seg det før. Men ein skulde kanskje tenke på [212] dem som måtte høre på. Han legg frå seg spelle.

Så er det at ytterdøra fer opp, og folk i gangen sett i eit skrik, eit illskrik og ei hås og mangdubbel dyrelåt: Der står ein dauing utpå stubrua! Ja, og der står han: kvite likskjorta, og daumanns-auga og daumannstenner, det lyser grønt av han, og no ler han: Hæ, hæ, hæ! Dei stimer unna og inn, både kvinnfolk og karar, og så bleike som fådd lin. Denne gongen står dansen i stein med ein gong.

Ola tek seg fram gjennom stimen, og ein to tre etter han. Dei ser syne vik unna, og svarte natta står som kjellaren attom, og der vart det borte.

Anders har hørt kva som står på, og no sett han ned gjentungane til Åsel, – dei fór støtt innåt han når noko stod på –, og så kjem han famlande fram.

«Gang unna!» ropar han. «Lætt mæg komma i kast med 'n. Lætt mæg sjå ut, æg som veit kor lande ligg!»

Dei gjer veg for han, Ola stanar og biar, og Anders ut; han var blåraud i andlete, såg Ola. Syne sågs ikkje meir, men Anders snåva utpå brua og datt framover, hovudstupes ned på marka, og vart liggande.

Fulle stakallar og nokon kvar elles rusar ut og ser i kring seg. Inge syn meir, finns ikkje, det der var tysing åt beiste! men korles er det med han Anders? Har han skamfert seg? Og [213] så denne fordervelig høge brua, som han hadde gjort sjøl eingong!

Dei tok i han og drog, løfta og sleit og skulde ha han inn, men tung var han som to, og fotfeste rapa for dem i eitt vekk; og ikkje var han så lik han studde på hand eller fot sjøl, han var godt garva i kveld. Dei sette båt med han opp troppa: «A hoi, å hi - håli-åp!» Så inn gangen, vast no urliti! og så inngjenom døra med han! – Slo du deg, Anders? Du datt, meiner eg? Men jamisel gjorde du åt for skrømte lel! Men Anders lo ikkje i kveld.

Da rettar han på seg, eit kjempetak, og så slaknar han alt med seg og er borte. Ola kjem bortåt, bed dei gå unna. Han står over han eit tak, tett nedåt han. Så ser han opp, og rundt på dei alle saman.

«Du sei no vel ikkj det?» kjem det frå den eine etter den andre. «Du sei no vel ikkj det!»

«Jau, det e slutt no ja. Med han.»

Marjane, minste gjentungen, har alt forstått. Ho har vorte stiv og skjeiv i andlete, står enno ei stund og ser på morfaren, og da Åsel og Gartru kjem, snur ho seg vekk og går åt kammerse hans. Dei to søsterne bli ståande som dei andre.

Andrea var på lofte hoss Peder, for han var sjuk og i senga; det fauk så på han, det han drakk i sta. Arnesen kom just opp, og da gjekk ho ned etter vatn. Ho kom ikkje att straks, og så var Arnesen ned etter vatne. Peder drakk ^[214] i villska. – Takk skal du ha! sa han. Du er ein gasta kar, så stor ein tosk som du er. – Du får kalle meg kva du vil, no heretter, Peder. For eg veit du har lova å hjelpe oss, – å hjelpe ungfolke, vil eg seie. Men eg, eg bli like uhjelpen for det, – kor vil du eg skal gjera av kroppen min? Eg er full ja, men eg ser for det. 10000, seier du, men du skal komma i hug det står 4000 fast i garen, frå før, veit du ikkje om dette legate? Da bli det berre 6000 for deg å stå der for, og no seller dei både rubb og stubb av eigedommen inni Vatsbygda, det bli mest ingenting att på deg, og desutan må du ha med deg ein mann, du bli for lett åleine. Ja. Men er du Peder til gagns, så skriv du på ein lapp for meg, eit tusen kroner eller slikt, så mykje eg kjem meg ifrå det og over til Amerika, det er berre hemn i det for meg her i lande, ei lita handshjelp, kva seier du om det?

Peder låg og såg i take. Han smilte litt eit par gonger, men han var ålvorsam imillom, og urolig, glytta åt døra i einingen. – Kor det vart tå a Andrea? seier han, kjem ho ikkje med vatne? – Her er da vatn? – *Du!*

I det same kjem Mina. Ho hadde havt ein ank i seg for at faren var etter Peder, hadde fare og leita etter han, men var like vis på kva som hadde hendt nede. – Du måtte da skjemmast! sa ho, og tok han med seg. Men Peder seier etter han:

^[215] «Det e ikkj umuli æ kund finn på å gjera det!»

Dei hadde lagt Anders på senga hans i kammerse, da dei to kom ned.

Og no var da brylloppe slutt. Det vart stilt inne som ute; – dér stod natta gråsvart miliom fjella, med små snøgrimer i bergandleta, og eitt og anna stjernrape stripa på himmelen, han var så utglødd og tom i leten.

Folk kara seg til sengs, litt om senn – og ædrue var dei alle saman.

Åsel og Gjartru var dei siste i kammerse hoss faren. – Eg visste da vel det måtte ende slik! sukka Gjartru. – Å neimisel, vi visste ingen ting. Som godt var no det.

Andrea sat på senggavlen attmed Peder, da ho fortalte korles det stod til. Han hadde lagt handa hennar på panna si, for han hadde så illt i hovude, og der måtte ho ligge. – Jaså, sa han berre. Ja, det var no ikkje større for tidlig, la han til. Ho kvakk litegrand unna dei orda, det hørtes så urimelig kaldt; men så manna ho seg opp og sa, at no var det *deira* tid, ikkje sant? Det svara han ikkje noko på.

ETTER BRYLLOPPE

[216] Vêre var stilt og vart stilt. Det hadde gått i stå. Dagen og natta same undrande stilla; eit lite vinddrag kunde vakne i skomskotte eller ut imot lysinga, det fingra med småskogen, gjekk og tuska frammed veggene; så glømte det seg og sette seg att. Og sjøen mælte ikkje orde meir. Folk undrast over dette godvêre; men dei sa ikkje noko. Sistpå låg det som ei tyngd over bygda. Han kunde gjerne ha blåse opp att; han kunde gjerne ha gitt lyd ifrå seg.

Nei, dei sa ikkje noko. Dei vart brydd når dei råktest, serlig dei som hadde vore med i brylloppe, og det var dei som var bygda no eit tak. Men dei gjekk og såg, mange av dem, og til slutt såg alle det. Einast Arnesen prøvde å seie det. Slik kunde dei på Håberg ha venta det, sa han. Når ein ropar på Gamlingen, så kjem han, og vil ikkje folk bruke vette, må Vårherre gjera det. Og no hadde dei spella ifrå seg, og vel var det. – Dei såg både på han og ifrå han. Han merka dei var einig med han.

[217] Men var Gjartru til stades og hørte det, bles ho det vekk og såg tørt framfor seg: *Du da, stakar!*

Emissæren garfór grenda, att og fram, og folk etter han både ørk og helg. Der var ikkje annan veg. Det var ikkje verande til på annan måte.

Men Åsel nekta hus. Folk trudde det ikkje i førstninga, og slett ikkje Gjartru, men ho var der både ein gong og to, og same svare: Her skulde vera gravøl på

Håberg. – Eg vil ha fred, så mykje du veit det. Salig, seier du? Jau, ban, eg skal bli salig, og salig til gagns. Men eg vil sjå han far vel i jorda før eg skaper meg galen. *Du får trøste deg på din måte!* Orda drogst utover bygda, og folk såg på einannan: At ho torde! At her enno fans nokon som torde da? Ho var forherda. Var det ikkje så at han Peder hadde vorte sjuk? hadde fått den sjukdommen som søstra hans døde i?

Åsel tenkte ikkje å gjera noko storveges til gjestbud, men eit som ho slapp å skjemmast tå.

Ola var der og hjelpte til. Det var ein lettna å vera der, for dei trong han verkeleg. Om kvelden gjorde han seg gjerne ein tur til Rønningen. Anetta var så hjartans skygg i auga, på sprange ifrå han støtt, inst inne; det auka for kvar gongen han var der, og derfor måtte han dit. Kva var det ho såg? For det såg han òg, som ein tjuvglad blunk i auga hennar når han kom, at ho visste ho hørte han til. Og så var det farbror Petter. Han var til sengs att, men han ^[218] låg og såg så blankt og urolig på ein, serlig når ein skulde gå ifrå han; Ola kom i hug det sea og måtte til han att.

Ein kvelden, dei andre hadde gått og lagt seg, kom han fram med det. – Enn at han Anders måtte i veg føre meg da! Er det ikkje rart at Vårherre skal vera så rettferdig til alle kantar da? No trur du det var eg som tok live av han bror min ja. Nei da. Eg var berre som eit lite skrømt eg, så kom han sjøl, – så gjorde Vakkermannen resten; slik har det vore all tida. Eg får seie som han sa, mannen: «Mest som ein gave!» sa han, han fanga gudsengelen i revgleksa. Men trur du han Anders og eg råkest no etter-sea? Det bli visst på ei von berre det; trur aldri dei slepper *han* inn i gudsrrike; og eg har no vore Lazarus all min dag. Og ser han meg, Ola, da spyttar han kanskje etter både meg og saligheita. Ja ja; slik vart endlyktelsa millom oss to. Du skal hente presten, Ola, når du ser det lid til kvelds med meg. Fortel han, at eg er ikkje so svart innvendig som folk skulde tru.

Petter tørka sveiten av skallen og såg fornøgd ut:

«Vi, Ola, vi e ikkj tå de verstan nei.»

Det var lys på lofte hoss Peder enda, da Ola kom til Håberg. Da sat vel Andrea oppe og vaka over han; det hadde vorte hennar arbeid sea ho flytta hit. For det

var sant som folk fortalte, at Peder hadde vorte klein. Han fekk det med både frost og heite. Andrea hadde trua han til sengs, [219] og der låg han. Han hosta blod. Om nættene var han så urolig, kunde mest ikkje vera i seng, og kom han opp, vilde han svimre utor og maatte støast åt senga straks. – Eg sveittar som ein husmann, lo han – kva er det her for slag? Han såg undren og vantruen på dem.

Doktoren hadde vore der, men han var gammal og vilde ikkje seie stort. Peder skulde ligge, og ta nokre dropar. Men det var ingen smak på dem, og Peder spytta dem ut og nekta å ta dem meir. Det feila han aldri det slag, stod han paa, berre litt krim etter byturen og bryllopps-sjauen, og han fortalte han hadde spytta blod før, fleire tak, han skulde snart vera god kar att. – Du skal ikkje vera så bleik, Andrea; du trur da ikkje eg er slik ein krypsyl til kar?

Men da det leid om nokre dagar, slakna han av. Han sa ikkje noko, snakka godtsom ikkje orde meir, han såg ut som han visste kva veg det bar.

Åsel såg det klårt nok. Just slik var det ho fekk det, ho Valborg som døde; det var denne tæringen, og han var det inga råd for. Han saug blode tå folk. Men, som sagt, faren skulde i jorda på folkvise for det.

Ola gjekk og hadde auga med henne. Andlete var like rolig, det var å likne med fjorden og med alt lande omkring, og auga like mjukblå og fjellblå, like omtenkte frå morgon til kveld: no gjer vi det, og så det.

[220] Han gjekk frå henne til møta. Det var like frammandt der, berre folk som trudde, beit seg fast og trudde, så ein vart sittande som ein tremarkmann millom dem. Oftest slarka han heim før det var slutt.

Andrea var nedi kjøkene, ein kvelden han kom derifrå, og da spurte ho om han verkelig fór og gjekk på møta. Han gjorde da det ja – Jaså, er det sant? sa ho. – Kvifor ikkje? – Ja, men kva skal du der? – Eg vil bli eit berg. Så kan trua ta og flytte meg. Eg skal vel ikkje gå her og vera ei myr all mi tid? Han hadde eitkvart å seie, men da merka han at ho hørte ikkje på han lenger. Han spurte om han ikkje kunde få sjå opp til Peder. Det fór ei flage med nød og angst over andlete hennar, og auga stana midt imot han: Det er knapt han vil sjå *meg*. Og ingen annan. Ola visste det elles. Ikkje mora ein gong vilde han sjå. Men åleine likte han heller ikkje å vera.

Dagen etter kjem Andrea ut til Ola utpå garen; ho kjem så underlig uviss men fort, og han står og ventar og held hesten; ho har håre i ugreie enno, men nykonnå-huva på, og kjolen – dette var ho Andrea like vel, og det så vakker ho aldri hadde vore før, ein kunde gå vekk ein staden og sette seg. No vart ho skjeiv i andlete:

«Reis etter bydoktoren, Ola, kan du ikke gjøra det! Kan du ikke få folk i vei da, Ola!»

[221] Han la opp taumane, spretta hesten ifrå og leidde han inn att, det fekk vera med kjøringa til handlaren til så lenge; så kom han ut att, og enda stod ho der.

«Du tror ikke det er noe hjelp i det, ser jeg?» ho hadde tårane i auga.

«Jau, det trur æ fullt og fast.»

Han var uti plassane og gjorde laus 3 mann, og skreiv ein brevlapp og skikka med dem.

Doktoren kom andre dagen, han gjekk Peder over gong for gong, og sa til slutt, at dette her var visst ikkje så farlig. «En sort lungebetændelse, som må ha sin tid,» sa han. Peder la seg attende med ein bleik liten hånflir. Men Andrea fór ned og fortalte det, først til Åsel og sea til Ola, ho fann han i snekkarstua:

«Det står til *liv*! Det står til liv, Ola! Og jeg da – – jeg som ikke var glad den dagen jeg gifta meg?» Ho såg i stor undring på han.

Slikt forteler ho meg, tenkte han. Så gammal er eg alt, i hennar auga; slik er det eg *er*.

Det var nysnø i alle liene, og hilderstilla alle sunnda utover; og der gjekk Andrea og var ung og lukkelig for første gongen; Ola stod lenge og såg seg rundt.

Han sa det med Åsel straks etter, ho kom over garen ifrå fjøse. – Ho skin som blanke dagen, sa han. – Ja, stakars henne, eg når set det – kan ikkje *du* snakke med henne? For meg skal du ingenting fortele om han Peder. [222] Vi har mista han. Det såg eg på doktoren òg. Men at ikkje han Kristen kunde ha vore heim ifrå banken i dag da? la ho til. – Ja men, her *må* vera berging enno? Ola var nåmen kring munnen som ein blåfrosen unge. Så vart han flageraud over andlete:

«Vårherre, kann du ikkj prøv å – –»

Han hadde alt snudd seg, og dei gjekk kvar sin veg.

Kristen kunde ha fått bytte bankdag med ein av dei andre, det var som Åsel sa; men han hadde så lite ro heime, han gjekk og illveltast for banken. – Jaså, tenkte han, da han såg Arnesen kom, og han tenkte det same da han kom fram med eit papir og leverte Heggerud. Arnesen vart litt dått med, da han møtte Kristen der, men han friska seg opp og gjekk på. Det var, om dei kunde skaffe han desse pengane litt fort? Så han slapp fara heilt åt bybanken. Heggerud såg over papire, og gav Kristen det. Det var ein blankett til ein vekselobligation i banken her, og Peder Håberg hadde sett namne sitt under; 2000 kr., stod der. – For snar hjelp er dubbel hjelp, slik er det i forretningslive, prata Arnesen.

Kristen sat og såg i papire, men skifta ikkje på eit drag. Heggerud gjekk ut som snarast. – Ja, ja, sa Kristen. Eg veit om at han Peder har lova dykk hjelp. Og det skal bli. Åsel er enda glad, ho, at han kom på det. Men var [223] ikkje det på pantobligation da? og mykje meir enn slik? Arnesen bles, at det var eit anna mål, det var for ungfolka, det. – Jaså, tenkte Kristen att. – Men det har stått *eit* tusen her først? Og med anna blekk, ser eg? – Det sette vi først ja, og så gjorde vi om det, ser du ikkje?

Kristen ser på Arnesen. Dei ser einannan inn i auga.

«Du vil no vel ikkj byn' å – å –»

«– å snyt mæ, sei! Jau, det kann du forlat dæ på! Det har du ærlig fortjent, og no ska du te hest!» Arnesen måtte enda le til Kristen, han såg ut liksom han hadde dotte i kaldvatne. «Slik er det i forretningsverdenen,» småklukka han, «at dine penger skal bli mine penger, hvad?»

«Den loven han e både gammel og god ja. Men han e berre for vaksefolk. Du kom ikkj i hau at gåren e min enno. Og at 'n Peder e i sengjen. Ja, ja. Du får vara velkommin åt gravøle, i morrå!»

Arnesen gjekk og la seg da han kom heim. Så skjønta dei korles det hadde gått i banken. Og bra var no det, sa Mina, for kva skulde han der i grunnen? Gjartru svara ikkje. Ho såg ikkje noko von på den kanten lenger. Ein draum er

ein draum, og Arnesen han fekk bale så godt han kunde; og møte *skulde* det vera i morgokveld, dei fekk halde gravøl på Håberg så mykje dei lysta. – Eg veit du lyder meg og går på møte, sa ho til Mina; eg er glad for det.»

[224] «Det henda ikkj!» sa Mina, ho reiste seg tvert og gjekk ut. Små elingar mørkna over andlete hennar, auga møttest med nysnøen og kveldstilla ute og gjekk over det i ung og glad hån: «Det henda ikkj nei! Lystre foreldra? Det var før i tia det.»

Kristen gjekk og snudde seg unna Åsel om kvelden, så lenge det kunde gå. Men før han vardest, kom han midt i vegen for henne likevel, og da var det ikkje anna å gjera enn å seie det som det var. – Han kom med eit papir, sa han. – Han Arnesen, da? – Ja. To tusen kroner. Prøvde eg å stela så pass, då vart eg opphengt. Han synte henne papire, han hadde stukke det i lomma: Er det ikkje vakkert kanskje?

Åsel såg berre namne til Peder; så vart ho ståande og stirre bort i vegg. Auga flaksa og gjekk frå det eine augefeste til det andre. Unggjente-hamleten sat i andlete enno, men han vart tynnare og tynnare, ein kunde vente at alderdommen og maktløysa braut fram, kvar stunda.

«Det e jamenn hardt det her,» sa ho. Her hi vi gått, all åra, og – – osså kjem han som skuld ha det, og hiva det ifrå sæg – det e *hardt!*»

«Han vart no for støtt den her gongjen da.»

«Det e 'n Peder æg snakka om.»

«Ja men loven – –»

«Det e 'n Peder æg snakka om. Det e han som e loven no.»

[225] Ho såg ikkje på Kristen, da ho tok papire og gjekk. Han stod att og hørte ikkje Håberg til.

Peder låg og såg i take, vart ikkje vår at mora kom inn; Andrea still på ein stol bortmed vindauge, ho såg opp med store auga, – det var så skygg ei lukke i dem. Åsel venta litt. For han *hadde* kjent henne i døra.

Auga hans fanga papire ho heldt i, straks han snudde seg, det fór enda gjennom Åsel, at smilen hans han var tynn som øksekjeften. Men no såg han 2-tale

som Arnesen hadde sett til, og det flaga heitt oppetter vangane. Berre ein blink; så gav han frå seg papire att og såg i take som før. – Lat det vera to da! han drog på smilen att. Hels han far med det. Det gjer godt; både for dem og oss. Han slo med flathanda på åklæe.

Åsel var så ulik seg som Andrea aldri hadde set henne, da ho snudde seg til henne:

«Dokk får ha takk da, baa to. Både frå dem og oss ja. Det e *gæli*, men det e visst rett lell.»

Ho tok hardt i armen på Andrea da dei stod i døra:

«At æg skuld lei dæg borti det her da, ban!»

Andrea tok og kyste henne på panna. Åsel vart blodraud og skyndte seg ned. Ho tok seg til panna fleire gonger, og mumla med seg sjøl: Rettno har eg komme så langt, at eg er der eg tok til med live. – Såg han svangla under bora si.

[226] Med alt dette stod paa, låg Anders lik bortpå låven. Dei hadde git han salmeboka i handa. Ho snudde opp ned, såg Ola; men hendene knepte trufast i kring henne. Elles låg han som faren og farfaren hadde ligge, med blåraude roser på kinna, og munnen gjømt under skjegge, som ei meining han vilde ha for seg sjøl. Ingen kunde seie han låg og smilte, som andre.

Da gravølsdagen kom, kom Mina med baa foreldra. – Dei vart no med da, sa ho.

Åsel stod nærmast kista, med dei såg like bortpå bure; ho stod med klæe i handa. Attom henne stod dei andre, ein fjøld med folk som tagde. Det var ingen som gret. Dei stod berre still. Det var liksom tida gjekk dem gjennom hjarte, tida som hadde vore og ikkje kom att meir. Det hørtes ein sukk frå Gjartru. Da la Åsel klæe over andlete til faren, og lokke vart lagt på.

Ola song ut faren. Han tok ein tone som ingen annan kunde, og song åleine. Før han las fadervåre, sa han nokre ord. Det var ikkje brukelig lenger, sea presten flytta over fjorden, og folk vart litt langlett med det same, visste ikkje korles dei skulde ta det. Men Åsel såg stort og lognt på han. – Her ligg den siste tå oss, sa han. Han hadde ingen hast, men no har han gått sin veg. Eg vil berre

seie dykk farvel og takk for lage ifrå han, både gammal og ung, for det veit eg han vilde. Han hadde levd si tid. Og han sat visst her og undrast om han kunde seie det same om oss. *Han* hadde visst ^[227] fått tak på tida som kjem, same korles ho bli; der bli tyngre for oss. Men det kan vi ta som ei helsing ifrå han: at tida ho snur seg, når vi snur oss; her bli ikkje svartår og knaptid lenger enn med vi ber det i oss.

Han hadde ikkje tenkt å seie noko, og no brann det som ein klump i bringa på han, at han skulde ha synt dem alt han såg, det var eit brandsvidd og bitande syn, det skulde ta dem som ei kald hand innpå kroppen. Men så let han det vera – her kom gjerne den tida at ein måtte seie alt som var, så kleint vart det å leva, kanskje, men enno låg faren her. I det same reiste Andrea seg og gjekk ut, ho skulde vel sjå på loftet; han såg ryggen hennar i døra, – slik var ryggen på ein godhjarta ein, og kan hende var ho den einaste som såg blånaen av ei ny tid framfor seg. Ola stivna til over brunene og nedetter vangane, liksom han stod og såg veggene vart borte i kring han. Og no var fadervåre lese.

Klokka song tynnt og tankelaust over Anders, ut i tomme lulta. «Og av skal du igjen oppstå,» sa presten. Dei som stod omkring syntes ikkje dei hadde hørt dei orda før. Dei kremta utan dei vilde det.

Nymånen stod alt på himmelen, da dei reiste seg frå middagsborde. – Har vi alt fått nytt da? så dei. Det kom mest like uventa på dem, som når presten las over grefta til Anders. Men litt etter kvart vart det til ei sanning for dem, ^[228] at nye og han Anders hadde vore godvenner utgjennom tida.

Peder kunde og sjå månen; han stod midt i vindauge og synte seg for han. – Kva er det *han* er ute og ser etter? sa han. Det er ikkje meg du vil noko. Det er dei andre du skal skine for; og lukka til for resten. Han snudde seg tvert og såg ned til fotenden av senga, der Andrea hadde sett seg. – Kva er det du sitt der og sipar for? For eg ser du gjer det. Det var skit eg vart klein, vil du seie? Og verst for deg ja, eg veit det, men. Er det du som skal i jorda, eller eg?

Han kasta seg attende, og låg lenge og såg i take og bles tungt. – Ein vassskvett! bad han. Andrea skyndte seg og slo vatn i glase og kom med. – Isj! skal eg ha lunka vatn da? Nei nei, bli ikkje kvit i andlete for det, eg meinte ikkje noko

med det. – Vent litt, eg skal vera snar! ho var alt i døra og for nedgjenom troppa. Da ho kom med nytt vatn, var han ikkje tørst lenger.

Ho stakk fingrane inn i håre hans. Ho beit seg i leppa og syntes ho beit i eit kaldt stykke ved.

«Du må ikke skjenne på mig, Peder – jeg – jeg –»

Han låg still ei lang stund. – Åh! her er så varmt, anka han seg med seg sjøl. Kjøtte kokar av beina på meg – finns her ikkje vind da?

Andrea var borttil glase og såg ut: Det er som eit lite drag no. Eg hører han aust i haugane, [229] ein liten sus. – Jauvisst! Trøst skal du ha, Peder. Men i morgo står eg opp. Berre eg kjem meg i arbeide er eg god kar att, eg har prøvd det før. He? Trur det ikkje, kanskje? – Du må vera tålmodig ei lita tid enno, Peder, så kjem du vel opp. Eg trur for oss baa, eg. Han kvitna i leppene: Tålmodig? Korles trudde du eg var da? Du har vel aldri vore gift med ein bonde før? Men bed heller han morbror Ola komma opp litegrann! Saa får du fred den stunda, trur du ikkje eg unner deg så pass? Han er ein luskælv, men. Så får du fred, som sagt.

«Nei nei nei!» bad ho. Men ho reiste seg og gjekk ned.

Ola kom og sette seg attmed senga. Peder såg hånlig på han. – De driv på de, karar, sa han. Men du kan vel sitte her ei lita stund for det. Så riv eg da ikkje øyra av kjerringa mi den stunda. Han kasta seg i senga, strauk sveitten av panna:

«Åh! Ho plaga ut mæ!»

«Du må da vel skjemmast, gut!»

Peder vart logande raud: Er det ikkje det eg gjer da, for svarten! Ho går her som ein gudsengel all dagen, og natta med; ovant himmelen ein staden. Og her ligg eg som eit anna kraum. Du skulde ha vore gift med henne du, så skulde du ha fått kjenne. Når du var ein varg til menneske og ein bonde, og låg her og måtte syne det, for slik ei som henne? Tvi! Eg er vel like bra eg som ho? No går det [230] hundane i vald med garen her; og da ho fekk meg, fekk ho ein sjukling. Som ofra når det var for seint. He? Og når eg lyser helvete over henne, så puskar ho berre og gret med seg sjøl. Du var slug du som tapte. Kan du ikkje svara?

Ola lest som han tenkte på andre ting, og det logna utrolig.

«Men sei mæ ein ting, Ola: Trur du ikkj æ bli fresk meir?»

«Va du ein kar, Peder, så spurd du ikkj slik. Og *da* vart du fresk ja.»

«Men *ho* trur det, veit du. Ho trur for oss beggji to. Liksom folk når dem trur her må komma ei likar ti' snart; det *må* det, sei dem, det såg for svart ut ellest.» Han var blank i auga av hån: han såg dem så tydelig for seg.

Så fekk han ei hosterid. Da han hadde ligge still eit tak, spurte han om ikkje Ola kunde bli der natto over. Og det lova han.

Andrea måtte snu i døra.

Nedunder ståka gjestebudsfolke i jamn dur.

Dagen etter, da Ola kom ned, fann han Åsel og Gjartru to-eina i øystre kammerse. Han sette seg attmed dem.

Gjennom sør-vindaugse såg dei vollane nedover og haugane midt i mot. Det var kvitt i kvitt av nysnø heile vegen, og over åsbruna såg dei alt det skimra i sola; ho var aldri borte her på Håberg. Kvite små fjerskyer kom imot elden, bia der eit andedrag eller to, og gjekk sin veg att. Ola kunde ikkje komma på kva det minte [231] han om. Så vart han vår at dei hadde sitte og snakka om eitkvart før han kom.

Åsel smilte enda, og der var ei høg ro over henne og rundt i kring. Slik hadde han set eit menneske sitte midt i ulukka ein gong før, det var så lenge lenge sea, og kven skulde det vera? No tok Åsel til og la eine handa skiftesvis over den andre: – Eg heldt meg til det gamle; for det vilde han far. Og du, Gartru, du krafsa og skulde fram, gjennom alt som var nytt; for det vilde han far. Og like langt kom vi. Utpå berre bakken baa to. – Eg takkar Gud for det eg! sa Gjartru. – Eg med. No ser vi da vegen vår framfor oss; åt kvar sin kant.

Ola visste ikkje om Gjartru bleikna no, eller om ho hadde sitte her så bleik heile tida. Ho ser oppetter Åsel; det skin i auga hennar:

«Sei mæ, Åsel, kjem det ikkj for dæ liti rart, at 'n Peder skuld få tering da?»

«Det gjer rett det ò du. Men: æg visst da vi vart *krevd* ein gong. At live sjøl kom hit.»

Åsel sat litt enda; så reiste ho seg. Ho smilte att, og auga gjekk frå Gjartru til

Ola og ut i lyse dagen: – Eg visste vi vart krevd ja; det er det eg har venta på; og kven annan skulde dei kreve? Ho tok med seg dagen, da ho gjekk ut; dei reiste seg og gjekk etter utan eit ord.

Ola gjorde seg ein sving heile huse; han var på leiting etter eitkvart. Her var nokre gravølsfolk att enno, men somme av dem heldt [232] på og vilde ta avskil. Uti kjøkengangen kom han over Anetta, og no visste han det var henne han hadde set etter. Ho stod just og tok på seg ytterklæane, skulde bort. – Finn eg deg lel da, veikja mi. Ja, for no er eg bra åleine, hadde eg ikkje deg no, så rømte eg bygda. Men kor skal du hen da?

Han vart vår ho stod på sprange, og denne gongen var det ålvore at ho var rædd han.

«På møte,» sa ho. Og da det var sagt, var ho ikkje rædd lenger. Ho såg han inn i åsyna som ein fiende. Så glatt auga hennar ut gjennom døra, og der, utpå vegen, stod det ein totre ungdommar og vente på henne. – Jaså, er dei omvendt dei der òg? tenkte Ola å spørre. Men han var for nåmen, han fekk det ikkje til. Anetta ho var seld. Ho hadde berga seg ifrå han. Det lyste av henne, at ho trudde.

«Du går ikkj ifrå mæ lel, Anetta, når æ bed dæ om du ska bli!»

Orda hadde komme og gått, som ein styng gjennom bringa, og no brann det raudt over kinna hennar. Det var berre som snarast, så såg han ryggen hennar i døra.

Dei trudde rundt omkring han, kvar ein og ein; dei vart salig kvar i si tru. Utomkring var dei andre, som ikkje trudde; dei levde i eit evig svartår, men var like lukkelig for det. – Dette er det tyngste eg har kjent nokon gong, sa han med seg sjøl. Om det var sorg eller glede visste han ikkje. Og no gjekk han. Heimom [233] ein urliten sving først, og så ut i verda. Ho skulde vera stor, hadde han hørt. Han tenkte på Jens og Amerika ein augeblink og slepte det att, slik ein gjer med ein vassdrukken stokk i stormen.

Og dette her var Håberg.

Men i det same kjem Mina, i nattstand og kåpe og i full fart. Andlete lyser ungt og friskt som tyttebær-moen i blanke haustmorgonen, og den vesle Håberg-

nasen styrer modig imot han. Auga kunde stane ein som var på veg åt skogen med taugløgka i handa. Arthur kjem tett etter henne.

«Ja onkel, no må du hjelp mæ, du ska bli med mæ te by'n i denne dag, te Toresen, du veit det er onkelen te pappa, og han e søkkanes rik, og bare æ kom der, så blei det ei rå. Hell så går det på sjøen med heile Segelsund og med framtia vår og alt i hop – for vi tar ikke imot det minste grand av dem her, det e umulig ting, vi ska berg oss sjøl, – skynd dæ da, så tar vi dampen! Pappa vil han ikke snakke med, veit du, men no ska 'n te hest – kan du ikkj skynd dæ da!»

«Men enn han Arthur da?»

«Pyh, *han!*»

Ola tok på seg frakken og fann i huva si. Mina snudde seg til Arthur og fór med handa nedetter armen hans:

«Jau, du veit, du ska da få bli med du ò, men.»

[234] Ola fortalte Åsel korles det stod til, ho kom just gjennom gangen. – Og så er da Håberg trygg, sa han.

Ho vart ståande og klippe med auga. Andlete såg meir og meir tomt ut. – Hm, hm! sa ho. Ja ja da, Mina, – no smilte ho til henne. Og eg som ikkje har vorte vår deg før. Har ikkje vorte vår folk i kring meg før no. Men du lever midt i bygda, du; der ein skal leva.

Mina hørte det ikkje, ho var alt på gonga austover. Arthur kunde komma etter med hesten.

Åsel snudde og gjekk inn. Kristen såg på hendene hennar, da ho fortalte om Mina. Ho hadde sett dem i sida, og det sa så mykje som at da var ho ikkje rolig der ho stod, ho var ikkje for glad.

«Men det va da opprikti meint?» sa ho. «Ja ja, men han Peder hi no gjort sitt lel. Kanskji æg vart *for* gla den gongjen.»

Dei vart einig om at dei skulde ikkje fortele Peder det.

Andrea sa same orda til Åsel, da ho hørte det: Han Peder har ho gjort sitt lel.

Åsel stod og såg ut for seg. Andrea vart ståande reint åleine, syntes ho.

«Slik ska du sjå han ja, ban. Som æg hi gjort no eit tak. Æg – får vel te å sjå 'n som 'n e.»

– – – – Dei kom heim frå byen med båtskyss om eit par dagar, og Toresen hadde lova hjelp. Mina og Arthur tok over på Segelsund. [235] Så hadde dei nok å ståke med for det første. Gjartru og Arnesen reiste til Amerika i lag med Jens. Det var ei heil skrei som vart med han, både ungdom og midalders folk. Det var det, at her i lande såg det ut for berre svartår og ingenting.

Det urimelige hendte seg, at Åsel bad til seg husmennene under Håberg og baud dei å få kjøpe romma sine. Ho stod med hendene i sida framfor dem og sa det, ho meinte det ærlig nok, kunde dei sjå. Men dei vilde ikkje klavebinde seg, ho skulde så visst ha takk. Ein fekk berge seg utor småmannslive og til eit likare land, den som kunde; eller så gi seg over til gudsfrykta og træle tida si ut. – Ja, når det kjennes slik, så er det slik, sa ho, og så sukka ho og gjekk ifrå dem.

«Og du da Ola?» sa ho, han kom og skulde sjå opp til Peder. «Det såg ut liksom du ò va farafferdi, nyst her?» Og så snudde ho seg frå han og såg ut gjennom gangdøra: Her fanns ikkje ein meir som vilde ta ei bør på seg, – som vilde ta bygda på nakken og gå med henne, korles skulde det bli til slut?

«Nei, æ vil døy klokkardauin her. Med æ venta på han som ska *komma*.»

«Som ska komma ja ... Vi fekk vel heller te å komma sjøl, mein æg.»

Det vart så rart med han stod der i troppa. Han såg allting for seg slik Åsel stod og såg det: Peder han låg på loftet og skulde døy, og [236] garen var som ein levande ting, som visste det men kunde ikkje skjønna det; og der attom låg bygda med hus og folk, – skugge og sol all vegen utetter –, og dei tok børa si og bar henne så godt dei kunde. Det rann så linnt eit lys over det, vart så himmels høgt og stort no når han såg det med hennar auga. Han sette seg stilt ned i troppa. Han hadde aldri før visst kva von var, at ho var så tung å bera.

Han sat oppe hoss Peder om nættene. Natta er så lang, vinterstida, for den som ikkje får sova, og da var Ola den einaste han vilde ha der. Om dagen slepte han ikkje Andrea frå seg.

Retten som det var, kunde han spørre: Søvd du, morbror? og så straks etter: Kva

er det du sitt og tenker på no? Først ei natta utpå vårparten, da han ikkje hadde lenge att, kom han fram med det som hadde plaga han: Har du aldri trudd det kunde ha vorte nokon *kar* tå meg? – Tå deg? – Nei, eg trur det ikkje sjøl heller nei. Her veks ikkje opp nokon høvding meir. Det trengs visst ikkje; dei får til å styre seg sjøl no, småfolka. Så låg han ei stund liksom han beit i ein smil. Fingrane famla og plukka på åklæe. – Men det ser eg no lel, morbror, at det var ikkje den der ugreia borti Juvika som slo meg over ende. Det går ikkje slik for seg, – det var inga sak da. Det bli ho mor som får bera på den tingen; ho er skapt til å bera, ho.

[237] Han vart som eit lite barn før han døde, og da var det mora som helst skulde vera hoss han. Ola vilde han ikkje sjå. – Han har Styggmannen med seg! kviskra han.

Åsel let att auga hans, og så tok ho Andrea og leidde henne bort.

Straks etter gravøle flytta Ola til Segelsund. Dei trong han der.

Noter:

[n1](#). *Forfatternote*: bøkklut ɔ: bågt, tvert.

[n2](#). så 40.] *rettet fra*: så. 40 (*trykkfeil*)

[n3](#). *Forfatternote*: vala ɔ: verda

[n4](#). ho] *rettet fra*: bo (*trykkfeil*)

[n5](#). Åsel] *rettet fra*: Asel (*trykkfeil*)

[n6](#). Åsel] *rettet fra*: Asel (*trykkfeil*)

[n7](#). *Forfatternote*: te Folls (til Folla): til sjøs.

[n8](#). *Forfatternote*: lava ɔ: leva

[n9](#). Åsel] *rettet fra*: Asel (*trykkfeil*)

[n10](#). *Forfatternote*: oradd ɔ: urædd

[n11](#). Åsel] *rettet fra*: Asel (*trykkfeil*)

[n12](#). Åsel] rettet fra: Asel (trykkfeil)

[n13](#). Forfatternote: medfar ɔ: medferd

[n14](#). Forfatternote: tekkja (toka) ɔ: take.

[n15](#). Åsel] rettet fra: Asel (trykkfeil)

[n16](#). alle] rettet fra: alle (trykkfeil)

Olav Duuns *Storbrylloppe* er lastet ned gratis fra bokselskap.no